

Ot. prp. nr. 16. (1959)

Om lov om grannegjerde.

Tilråding frå Justis- og politidepartementet 16. januar 1959 godkjend ved kongeleg resolusjon same dag.

(Målбoren av statsråd Jens Haugland.)

I. Oppnemning av Sivillovbokutvalet.

Etter tilråding frå Justisnemnda i Budsjett innst. S nr. 44 (1949) gjorde Stortingen 24. mai 1949 vedtak om å løyve kr. 50 000 til å arbeide ut ei sivillovbok. Til å førebu saka sette Riksstyret ned eit mindre utval («Planutvalet») der desse tre var med: Professor Knut Robberstad (formann), stortingsmann, sorenskriver Einar Stavang og ekspedisjonssjef Finn Hiorthøy. Utvallet la fram tilråding om plan for ei norsk sivillovbok den 23. oktober 1950. Med tilrådinga frå Planutvalet til grunnlag gjorde Justisdepartementet greie for sitt syn på retningslinene for dette tiltaket i St. meld. nr. 90 (1951) om plan for kodifikasjonsarbeidet med sikte på ei norsk lovbook.

Departementet peika i konklusjonane sine på at ein her burde gå noko varsamt fram, steg for steg, og at ein med kodifikasjonsarbeidet i første rekke skulle har for augo dei rettsområde som serleg trøng opprydding og samling. Dei lyte som nå hefter ved lovverket vårt, gjorde det etter departementet si mening påkravt å leggje opp arbeidet slik at resultata snøggast råd var kunne kome rettslivet til gode. Dei einskilde emne burde bli vedtekne som serskilde lover og setjast i kraft etter kvart. Planen om ei samla lovbook måtte vere eit fjernare mål å ta opp når lovverket var kome i betre skikk og tilhøva i det heile låg betre til rette for å fullføre slik ei oppgåve.

På denne bakgrunnen gjekk departementet ut frå at ein i første omgang burde gå i gang med kodifikasjon av tingsretten og panteretten, til liks med ei omarbeiding av odels- og åsetesretten. Føresetnaden var elles at rekje-

følgja mellom dei einskilde arbeidsoppgåvene som skulle takast opp og hovedlinene i arbeidet, måtte fastsettjast av departementet etter kvart som spørsmåla melde seg.

Om målforma sa departementet at ei kodifikasjonslov om tingsretten og om odels- og åsetesretten burde vere på nynorsk. Men ei panterettslov kunne like gjerne vere på bokmål som på nynorsk ut frå omsynet til bankane og omsetningslivet elles.

Justisnemnda i Stortinget drøfte meldinga i Innst. S nr. 237 (1952). Nemnda kløyvde seg i eit fleirtal og eit mindretal. Mindretala på fem nemndmenn sa seg samd i dei synsmåtan departementet hadde gjort gjeldande i meldinga. Det vart serskilt sagt at seinare Storting måtte stå heilt fritt i spørsmålet om målforma på lovvedtaka. Mindretala gjorde framlegg om at meldinga vart lagd ved møteboka. Fleirtalet — som også var på fem, mellom dei formannen — ville gå noko lenger og setje i gang arbeidet med sivillovboka i så stor mon som det var pengar og sakkunnige til det, og etter dei retningslinene Planutvalet hadde drege opp. Fleirtalet meinte også at dette lovarbeidet burde skrivast på nynorsk.

I Stortinget vart framlegget frå mindretallet vedteke (sjå Forhandlingar i Stortinget 1952 s. 2465—2478).

I kongeleg resolusjon 10. april 1953 vart så Sivillovbokutvalet skipa og desse vart oppnemnde: Professor Knut Robberstad, formann, sorenskrivar Ketil Skogen og høgsterettsdomar Karsten Gaarder. Utvallet fekk til arbeidsoppgåve å gjere framlegg til kodifikasjonslover for tingsretten og panteretten og framlegg til nye lovforesegner om odels- og åsetesretten. I tilrådinga til resolusjonen var elles nemnt at utvalet skulle samrå

Serskilde vedlegg: Rådsegn 1 frå Sivillovbokutvalet: Om grannegjerde og om ansvar for visse slag husdyr, førebels framlegg. Rådsegn 3 frå Sivillovbokutvalet: Om grannegjerde, endeleg framlegg.

Om lov om grannegjerde.

seg med departementet om arbeidsoppgåvene. Og i brev 1. juni 1953 godkjende Justisdepartementet at desse emne vart tekne opp aller først:

1. Eigedomsgrenser, gjerdehald, grannerett,
2. sameige,
3. avhending av fast eigedom, hevd, spesifikasjon og fruktrett.

Sorenskrivar Skogen har hatt det faste arbeidet sitt i Utvalet. Dessutan blei til sekretær i heildagspost tilsett cand. jur. Mons Nygård. Til å yte Utvalet sakkunnig hjelp i arbeidet med føreseggnene om gjerde mellom eigedomar og om granne-ansvar for dyr, vart oppnemnt underdirektør Aslak Lidtveit, Landbruksdepartementet.

II. Arbeidet med framlegg til lov om grannegjerde.

Etter at Utvalet hadde arbeidt noko mykje med spørsmåla om nye føresegner om gjerdehald og om ansvar for dyr, blei det kjent med at Landbruksdepartementet heldt på med dei same spørsmåla. Utvalet heldt det då rettast å lage førebels framlegg i dette emne, så dei løysingane Utvalet kom fram til, ikkje skulle vera ukjende i den samanhengen. Og den 24. mars 1955 la Utvalet fram ei førebels tilråding om grannegjerde og om ansvar for visse slag husdyr (Rådsegn 1). I tilrådinga var det to serskilde lovframlegg, eit framlegg om grannegjerde til å kome i staden for første kapitlet i jordlova frå 1860, og eit framlegg om ansvar for visse slag husdyr, til mellombels avløysing for ansvarsføreseggnene i andre og tredje kapitlet i lova.

Justisdepartementet sende tilrådinga til Kommunaldepartementet, Landbruksdepartementet og Finansdepartementet og til Den norske Sakførerforening til utsegn. Kommunaldepartementet la saka fram for Norges By forbund og Norges Herredsforbund og for Norges Huseierforbund. Alle desse har seinare gjeve utsegner i saka, og dei skal departementet kome nærare attende til nedanfor. På eige tiltak har dessutan Skogbruksforeningen av 1950 og Norges Bondelag kome med merknader til tilrådinga.

Som alt nemnt hadde Landbruksdepartementet arbeidt med dei same spørsmåla. I brev 4. april og 7. oktober 1957 peika departementet på at utkastet frå Sivillovbokutvalet ikkje tok nok omsyn til interessene åt jord- og skogbruksnæringa. Til nærmere rettleiding om korleis Landbruksdepartementet såg på saka, sende det over sitt eige stensilerte utkast til lov om ymse beitespørsmål og om

gjerdehald (september 1957). Landbruksdepartementet opplyste i brevet at det førebels ikkje hadde vore høve til å arbeide ut premissar til utkastet, men tilrådinga frå det førebuande Beiteutvalet i departementet (1952) låg ved, og dessutan gjekk departementet ut frå at tvilsål kunne klárast opp i samrådingar mellom Utvalet og departementet.

Sivillovbokutvalet og Landbruksdepartementet hadde seinare beinveges samrådingar om tilhøvet mellom framlegget frå Utvalet og beitelovutkastet. Dette førde til at Utvalet gjorde sume brigde og tillegg til gjerdelovsutkastet, så føreseggnene om gjerde mellom jordbruks- og skogbruksseigedomar mest mogleg skulle koma i samsvar med det som Landbruksdepartementet held for ynskjeleg. Landbruksdepartementet og Utvalet blei under samrådingane også samde om at reglane om ansvar for visse slag husdyr helst høyrer heime i beitelova. Utvalet helt då ikke oppe framlegget sitt om ei serlov om dette. Det er elles tanken at spørsmålet om ansvaret for dyr seinare skal løysast i heile si breidd i lovboka, sjå Rådsegn 1 s. 26, andre spalta nedst.

Dei merknadene som elles kom inn til Justisdepartementet om Rådsegn 1 vart sende til Utvalet, som gjerne ville sjå nærmare på dette tilfanget.

I mars 1958 la så Utvalet fram si endelige tilråding om grannegjerde — Rådsegn 3. Det er her teke omsyn til dei merknader og lovutkast som hadde kome inn.

Fra Landbruksdepartementet fekk Justisdepartementet i mai 1958 tilsendt utkast til prosjon om lov om ymse beitespørsmål, til lovteknisk gransking. Lovutkastet har m. a. føresegner om ansvar for visse slag husdyr. Det har såleis vore råd å arbeide parallelt med både lovutkasta og få samsvar mellom føreseggnene der dei svipar inn på kvarandre.

III. Hovudinhaldet i Rådsegn 1 og 3.

Rådsegn 1 tar til med eit stutt oversyn over dei rettsreglane som var før vi fekk lov om jords fredning i 1860 — eller gjerde lova som ho gjerne blir kalla. Utvalet peikar så på bakgrunnen for gjerdelova og gjer nærmere greie for hovudinhaldet.

Av den historiske samanhengen går det fram at gjerdelova er ei jordbrukslov. Tilføret til at lova kom i stand var dei vanskane som all beitinga førde med seg for jorddyrkingsa. Lova slo mellom anna fast det prinsippet at dyrehaldaren skulle vakta føet sitt, så det ikkje gjorde skade på annan manns grunn.

Den forma føreseggnene har fått, syner

Om lov om grannegjerde.

greitt at dei er laga med tanke på jordbruks tilhøve. Mange av dei er lite tenlege i andre tilhøve, serskilt der det ikkje finst jordbruk i vanleg meinings, men berre verksemd av ulike slag, forretningar, bustadhus osb. slik det er i byar og tette grender. Utvalet seier om dette mellom anna (Rådsegn 1 s. 7):

«For kjøpstad er det serskilt fastsett at lova gjeld «med hensyn til have, aker, eng og aapen mark, som findes inden sammes granser», men med dei brigde at det skal vera rettsleg skjøn i staden for lensmannsskjøn, og at dei gjeremål som elles er lagde til lensmannen, skal høyra under politiet (§ 42). I kjøpstad gjeld såleis lova ikkje alle slag eigedomar og alle slag gjerde, men berre det ein kan kalla jordbruksjerde — gjerde til freding mot beitedsade på jordveg. Gjerde kring industriføretak, forretningsbygg, reine bustadhus o.s.b. fell utanfor. For tufter til slik bruk fastset denne lova ingen gjerdetvang. Dei er korkje innmark eller utmark i den tyding desse orda har i gjerdelova.»

Lova gjeld elles ikkje berre gjerdehald. Ho har reglar om ansvar for beitedyr og innsett bufé, og dessutan er teke med ymse føresegner om sambeiting og anna.

Utvalet har denne utgreiinga om hovudinnehaldet i gjerdelova (Rådsegn 1 s. 6—7):

«I reglane om kvar det skal gjelda gjerdetvang, er det gjort skilje mellom innmark og utmark. Der det er innmark på båe sider av bytet, kan kvar av grannane krevja gjerde av den andre. Det same gjeld der det er innmark på eine sida og utmark på hi. Der det er utmark på båe sider, kan det krevjast at gjerde som er der frå før, vert halde ved like. Men gjerding frå nyo eller gjerding for anna fe enn det har vore gjerdet for før, kan derimot berre krevjast når det er prova at nyttta for båe eigedomane er større enn kostnaden. Twist om dette høyrer under skjøn (§§ 1 og 2).

For sume høve er gjort unnatak fra gjerdetvangel. Det gjeld såleis der naturtilhøva fører med seg at gjerding vert for vanskeleg eller altfor dyr i høve til nyttta, og der gjerde kom til å verha ei hindring for utnytting av eit naturgode, t. d. laksefiske. Heller ikkje gjeld gjerdetvang i teigbyte og for ålmennings (§ 3).

Gjerdetvang gjeld i regelen berre der serskilt skyldsette eigedomar grensar mot kvar andre. Brukar på jordstykke som ikkje er utsikt og skyldsett, har ingen sjølvstendig rett til å krevja gjerde og heller ingen lovsett skyldnad til gjerdehald (§ 5). Etter rettspraksis kan dette føra med seg at eit bruk ikkje har skyldnad til å halda gjerde mot eiga utmark der andre har beiterett (Norsk Retsidende 1903 side 117) og heller ikkje mot utmark i sameige med andre bruk (Rt. 1916 side 969).

Men regelen er ikkje heilt utan unnatak. Likt med serskilt skyldsett jord vert rekna jord som er sett bort på arvefeste (§ 5, 2. stykket). Når eigedomar er skilde av veg, skal dei med omsyn til gjerdetvang rekna for motstøyande så framt nokon av eigarane har lovleg høve til å setja grind over vegen. Er det ikkje høve til grindhald, er det heller

ingen gjerdetvang mellom eigedomane, og den som gjerder for heile sin eigedom mot vegen, har ingen skyldnad til å halda grind eller gjerde saman med grannen (§ 6). Dette gjeld ikkje når vegen ligg langs bytet, men heilt ut på den eine eigedomen (Rt. 1887 side 698).

Til lovleg oppfylling av gjerdeskyldnad krevst eit gjerde som er 1,10 m høgt. Det skal vera så tett og sterkt at det fredar mot hest, storfe og sau. Grøft er lovleg gjerde når det på eine kanten er 95 cm høg jordvoll eller like høgt gjerde av anna slag og grøfta er 95 cm djup og 1,60 m brei. Grind over ålmenn ferdsliveg skal vera såleis laga at ho lett kan latast opp og att. Om grind over offentleg veg er serskilde føresegner i veglova frå 21. juni 1912. Den som skal halda grind, hefter ikkje for at ho er att til kvar tid. På søknad frå kommunestyret kan Kongen (no Landbruksdepartementet, jfr. kgl. res. 8. november 1946) fastsetja at lovleg gjerde skal vera opptil 1,25 m høgt, eller at gjerde skal vera lovleg når det er tett og sterkt nok til å freda mot hest og storfe (§§ 13 og 15). Gjerde skal setjast i deildelina, men ikkje lengre inn på grannegrunn enn på eigen og ikkje lengre inn enn 47 cm. Når det er tvingande grunn til det, kan gjerdet setjast heilt ut på den eine eigedomen, men berre mot skadebot. Gjerdegrøft skal gravast på den gjerdeskyldige sin grunn og jordvollen leggjast i bytet. Elv, fjell og anna som stengjer for fe, vert rekna for lovleg gjerde (§ 14).

Gjerda skal vera i lovleg stand den tida på året då «Jorden er aaben (ufrossen) eller skikket for Beiting». Mellom utmarker er det nok at gjerda er i stand i tida frå 30. april til 14. oktober (§ 16).

Hovudregelen om deling av gjerdetvangel er at kvar av grannane skal ta sin halvpart av gjerdehaldet utan omsyn til skatteskylde på eigedomane. Dette gjeld alltid i innmark. Men ein utmarkeigar kan krevja sin gjerdepart nedsett når det halve er for tyngjande og han ikkje har kravt gjerdet sjølv. Twist om nedsetjing av gjerdepart høyrer under skjøn (§ 7).

Så langt det er råd, skal kvar eigedom få eit stykke å gjerda i samanheng.

Der det eine stykket er tyngre å halda gjerde på, skal det gjevast tilsvarende avstyting i lengda. Sameleis skal det takast omsyn til den auken i gjerdetvangela som grindhald på det eine stykke fører med seg når båe eigedomane er saman om å bruka grinda. Twist om gjerdedeling vert avgjord i skjøn (§§ 10 og 15). I samband med utskiljing av nye bruk, kan det krevjast omdeling av gjerdehaldet så kvar eigar får gjerda for eiga jord (§ 11).

Kring mark som ligg i sameige eller teigbyte, er skyldnaden og retten til gjerdehald mot grannane som om det var ein eigedom. Luteigarane avgjer segimellom med røysting om det skal krevjast gjerde, og kvar har røysterett etter parthøvet i sammarka. Står røystene likt gjeld deira meinings som vil ha gjerde. Eit mindretal kan likevel krevja gjerde av grannane mot å ta gjerdehaldet for heile sammarka på seg. Elles skal luteigarane segimellom dela gjerdetvangela etter parthøvet. Så lenge dei ikkje har gjort det, svarar dei utetter ein for alle og alle for ein (§ 8).

Brukar på serskilt skyldsett eigedom har eit visst sjølvstendig ansvar for gjerdehaldet. Han hefter solidarisk med eigaren for ved-

Om lov om grannegjerde.

likehaldet på grannegjerda. For gjerding frå nyo har derimot berre eigaren ansvar, men det eigaren såleis lyt leggja ut, kan han krevja att frå brukaren med ein fortandepart årleg + lovsett rente (4 pst.). Tvist om storleiken på utlegget, skal avgjeraast i skjøn (§ 19).

Der nokon har beiterett i annan manns skog, kan skogeigaren krevja at beiteretts-havaren heilt ut eller i nokon mon skal bera kostnaden med gjerdehaldet når det er han som har heile eller meste nyitta av det. Men det vert berre ei oppgjerd dei imellom. Ut-etter er skogeigaren like fullt ansvarleg åleine. Tvist om slikt krav hører under skjøn (§ 20).

Grannane kan verta samde om annan gjer-deskipnad mellom egedomane enn den som er fastsett i lova. Avtale om at gjerdetvangen skal falla bort, om meir gjerdehald eller om mindre gjerdehald enn det som kan krevjast etter lova, gjeld ikkje lengre enn 10 år om gongen. Avtale om deling av gjerdetyngsla på annan måte enn den som fylger av lova, står derimot ved lag utan tidgrense. Dette gjeld jamvel når skipnaden er eldre enn gjerde-lova, og anten grunnlaget er avtale, serlege rettshøve eller rettsavgjerd (§§ 7 og 17).

Skjøn etter gjerdelova skal vera lensmannsskjøn. Partane skal ha same varselsfrist som til forliksrådet. Om kostnadene med skjøn om gjerdetvang i utmark gjeld den serregelen at dei skal bytast mellom partane på rimeleg måte så framt kravet om skjøn er velgrunna. Elles gjeld skjønslova frå 1. juni 1917. Regelen om skjønskostnadene er der at dei skal betalaast av den som krev skjønet (skjøns-lova § 42, fyrste stykket).

Skjønsavgjerdene er ikkje tvangsprunnlag (skjønslova § 41). Den som vil ha grannen tvinga til å oppfylla gjerdeskylndaden sin, lyt først få domstolavgjerd (så etter orskurd av Asker nåmsrett, i Rettens Gang 1937 side 507). Berre når det gjeld å tvinga fram vøling av gammalt gjerde, er det gjeve høve til ein lettvinne framgangsmåte: Om ikkje den gjerdeskylldige tek til med vølingsarbeidet innan eit døger etter at han vitnefast er varsla av granne som kan lida skade av forsøminga, og sidan held fram med arbeidet utan avbrot, kan grannen få samtvike i skjøn til å setja gjerdet i stand og søkia kostnaden inn hjá den gjerdeskylldige med panting. Til slikt skjøn nemner lensmannen opp skjønsmenn sjølv, og det er ikkje høve til å krevja over-skjøn (§ 18).»

Ymse gjerdeføresegner kan ein óg finne utanom gjerdelova, t. d. i lov frå 14. juli 1893 om å bruke piggråd til gjerde, i veglova frå 21. juni 1912 kap. IV der det er føresegner om gjerde, grindhald og anna ved offentleg veg, og i bygningslova frå 22. februar 1924 om gjerde mot gate og mot grannetuft.

Av utgreininga i Rådsegn 1 bok IV (s. 8—11) går det fram at spørsmålet om å brigde gjerdelova ikkje er nytt. Alt i 1890 kom det oppmoding til Riksstyret om rettarbøter i lova. Det vart nemnt opp ein kommision, Den parlamentariske landbrukskommisjon, som i 1902 la fram tilråding med

framlegg om ny lov om «Vogtepligt, gjærde-hold og skade ved husdyr m. v.» Men dette framlegg fórde ikkje til noko.

I 1927 tok Norges Huseierforbund opp spørsmålet om gjerdetvang for byeige-domar. Eit lovframlegg blei arbeidd ut og sendt Justisdepartementet, men til lov i emnet fórde det ikkje.

I 1935 blei det sett ned ei nemnd — Beitekomitéen — til å greie ut dei spørsmåla som knytte seg til beitebruken, serleg beiting i skog og skogmark. Tiltrådinga kom i 1939. Nemnda drøfte der m. a. ymse ombøter i gjerde-lova. Nemnda meinte at heile lova trong omvøling, både i form og innhald, men det låg utafor den oppgåva nemnda hadde. Beitekomitéen tok difor opp berre sume framlegg til brigde som detasta med så gjerdereglane ikkje meir enn turvande skulle hindre at det blei slutt på den skadelege skogbeitinga.

Også Sæter- og Beiteutvalget til Selskapet for Norges Vel og Produksjons- og Rasjonaliseringsskomitéen for Jordbruket har i tilrådingar kome inn på gjerdespørsmål og peika på ynskjemål til ombøter i gjerde-lova.

Etter dette oversynet går Utvalet over til å grunngje sitt eige framlegg.

Utvalet tar utgangspunktet i at gjerde-lova er forma etter tilhøva i samfunnet slik dei var for 100 år sidan. Den gongen var jordbruk levevegen for storparten av folket i landet (64,1 pst. i 1865). Og over heile landet var det beitinga som heldt husdyrhaldet oppe. Sia har tilhøva skift mykje. Driftsmåtan i jordbruket er lagde om. Jorddyrkning og skogkul-tur har mange stader i stor mon trengt beite-bruken unna. Prosentvis har dessutan talet på folk med jordbruk til leveveg minka sterkt. Etter folketeljinga i 1946 var talet 24,83 pst. Mykje av det tilverkningsarbeidet som før vart gjort på gardane, har no vorte sjølstandige yrkesgreiner. Og Utvalet samlar synet sitt på stoda i dag såleis (Rådsegn 1 s. 11):

«Etter alle desse omskifte, er dei gamle gjerdeføresegne ikkje lenger tidhøvelege. Det synest vera semje om at ei omvøling er turvande. Gjerdespørsmåla er komne i ei anna stode enn før. Dette gjeld både når det spørst kor vid råme ei gjerdelov no bør ha og korleis reglane bør vera.»

Deretter drøfter Utvalet nærrare ymse huvudspørsmål.

Ramma for ei ny gjerdelov må vere vidare enn den vi fekk i 1860, meiner Utvalet. Ei jordbrukslov som dette var, kunne vere naturleg så lenge jordbruket var like einerådande som i 1860, og husdyrhaldet så utbreitt som då. Men ei gjerdelov berre for jordbruket og

Om lov om grannegjerde.

utan reglar for anna enn fégjerde, høver ikkje lenger så godt nå, når snautt fjerdeparten av folket i landet har jordbruks til leveveg, og ikkje alle dei ein gong har nemnande husdyrhald. Eit mangesidig yrkesliv har vakse fram i bygdene, og jordbruks rår ikkje grunnen på same måten som før. Mange stader har jordbruks vike for ei mengd tuftebruk av ulike slag og for industriverksemd o. a. I slike tilhøve har gjerdehaldet heilt andre føremål enn berre det å frede mot beiteskade.

Gjerdet kring fabrikkområde, opplagstufter o. l. er jamnast berre til stengje så ingen skal koma til eller frå (utan gjennom porten), an ten det så er folk eller dyr, og lettar såleis både tilsyn og vakthald. Dessutan fredar dei ofte arbeidsstaden mot innsyn utanfrå. Gjerdet kring bustadtufter, villaer, hytter osb. er oftaast av eit noko anna slag. Men dei óg stengjer jamnast både for folk og dyr. Ofte stengjer dei for innsyn. Dette er serleg verdfullt der det er noko tettbygt. Stundom er det gjort mykje til å få gjerdet vakre. Det aukar bruksverdet av eigedom — og såleis salsverdet. I andre høve har gjerdet til føremål å hindra at nokon lurer seg ifrå inngangspengar til eit eller anna.

Det er i alle fall klårt, meiner Utvalet, at andre gjerde enn jordbruksjerde nå har vorte så vanlege, at dei óg lyt kome under regler om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling. Spørsmålet er om ein skal ha alle føresegner om gjerde i ei og same lov eller om ein skal ha serlover for gjerde av ulike slag.

Det låg t. d. nær å gje to serlover, ei med serleg tanke på jordbruks høve og ei for andre høve. Men avgrensinga mellom lovene kom lett til å bli noko vanskeleg og vilkårleg. Ikkje i noka av dei høvde det godt å ha føresegner om gjerdehaldet der eigedomar av dei to slaga støyter saman.

Utvalet kjem difor til at dei viktigaste privatrettslege reglane om gjerdehald grannar imellom bør prinsipielt fastsettast i álmenn lov både for by og land, på same måten som reglane om grannehøve elles.

O m g j e r d e h a l d s t v a n g e n — det er når ein granne kan krevje at den andre skal ta sin part av gjerdet mellom eigedomane — gjeld etter lova i dag den hovudregelen at grannane, i innmark og mellom innmark og utmark, kan krevje halvt gjerdehald av kvar andre. Alt Den parlamentariske landbrukskommissionen gjorde framlegg om brigde i denne delingsregelen, såleis at delingshøvet skulle rette seg etter kor stor lette gjerdinga førde med seg i gjetinga for kvart bruk. Og Beitekomitéen frå

1935 førde tanken vidare med framlegg om, at gjerde berre skulle kunne krevjast der det verkeleg trøngst til vern mot beitedyr, eller der nyttja av gjerdehaldet var større enn kostnaden.

Sivillobokutvalget seier mellom anna dette om gjerdehaldstvangen (Rådsegn 1 s. 12—13):

«Grunnane til at det bør vera gjerdehaldstvang mellom granneeidomar, er først visse álmenne rettferdsomsyn. Til å skilja mellom to eidomar, er det nok med eitt gjerde. Same gjerdet fredar til både sider. Når både eidomane har gagn av gjerdet, bør dei vera saman om å halda det. Der nyttja er sams, bør og kostnaden vera det. Skulle grannane stå fritt, vart det stundom beintfram ei freisting å draga seg unna. Den som det gjorde, kunne få føremonene til gjevandene om den andre hadde så mykje bruk for gjerdet at han heller ville kosta det áleine enn greia seg utan.

Fra ein samfunnsøkonomisk synsstad óg talar ymse grunnar for gjerdehald i viss mon. Der gjerdehald løner seg når ein ser det heile under eitt, er det stort sett ynskjeleg med gjerde, for di det frigjer større verde enn det bind, og såleis aukar tilgangane i samfunnet. Men ein kan ikkje gå ut frå at dette løyser seg av seg sjølv når det gjeld gjerdehald som er til nytte for fleire enn ein. Kvar reknar då naturleg nok berre med nyttja for sin eigen part, og samarbeid kjem ikkje alltid i stand der det er ynskjeleg. Difor bør det vera tvang til samarbeid om gjerdehaldet når gjerdehald er lønsamt for både under eitt. Derimot er ulønsamt gjerdehald i regelen ikkje ynskjeleg. Gjerdehaldstvang bør det difor vera der gjerdehaldet ber seg, og helst berre der.»

Denne regelen om gjerdehaldstvang bør nå vere den same alle stader, og vilkåret bør vere at nyttja av gjerdehaldet vert større enn kostnaden. Det skulle då vere god von om at vi ikkje får meir gjerdehald enn det som er ynskjeleg og lønsamt frå ein samfunnsøkonomisk synsstad.

Utvalet peikar så på at vi likeins burde ha ein annan regel om kostnadsdelinga enn den vi nå har som går ut på at grannane skal bare ein halvpart kvar. I dag kan gjerdehald til halv kostnad godt vere lønsamt for den eine av grannane utan at gjerdehaldet svarar seg for både ihoplagt. Var regelen derimot den at dei skulle dele kostnaden med gjerdehaldet i same høve som dei hadde nyttje av det, blei det ikkje lønsamt for nokon av grannane å krevje gjerde utan når gjerdehaldet svara seg for både to. Denne delingsmåten blei den mest rettferdig og.

Men Utvalet er ikkje blind for vanskane med å finne ut kor stor nyttje eigedomane kvar for seg vil få av eit gjerde i ulike høve. Dette er heller ikkje berre eit faktisk spørsmål, men eit rettsspørsmål óg. Soleis må ein sjå gjerde-

Om lov om grannegjerde.

halde reglane i samanheng med ansvaret for dyr. Når dyreeigaren, som nå, har ansvaret for skade føet hans gjer på annan manns grunn, er det også han som har serleg nytte av gjerde, med di det hjelper han til å gjere skyldnaden sin med å halde dyra sine borte fra grannegrund.

Utvalet held det for sers viktig at delingsføresegna kan vere grei å gå etter. I Rådsegn 1 gjorde Utvalet framlegg om at hovudregelen for kostnadsdelinga framleis burde vere deling halvt mot halvt, men med vidt rom for tilmåting etter den nytte kvar hadde av gjerde (sjå Rådsegn 1 s. 14 første sp. og s. 20). Seinare kom Utvalet til at nytteprinsippet burde vere hovudregelen for kostnadsdelinga, på same måte som for gjerdetvang. I Rådsegn 3 er det difor gjort framlegg om at den nytte kvar av grannane har av gjerde, skal vere grunnlaget for kostnadsdelinga (sjå Rådsegn 3 s. 9).

Etter gjerdelova gjeld gjerdehaldstvangen einast serskilt skyldsette eiedomar, og jord som er sett bort på arvefeste. Utvalet meiner at gjerdehaldstvangen bør gå vidare og gjelde i andre bruksgrenser også. Likeins gjer Utvalet framlegg om meir sjølvstendig rett og skyldnad til gjerdehald for brukar.

Om rettargangsmåten i gjerdesaker seier Utvalet, at han bør vere så grei og billeg som råd er, og ikkje ta for lang tid. Då dei aller fleste gjerdesakene botnar i sermerkte skjønsspørsmål, kjem Utvalet til at skjøn vil vere den mest naturlege og tenlege avgjeringsmåten — lensmannsskjøn på landet og rettslege skjøn i byane. Med reglane om overskjøn og anke vil både skjønsspørsmål og rettsspørsmål kunne kome fram for juridiske domarar, slik at avgjerdene skulle bli tekne i trygge former (Rådsegn 1 s. 13).

Utvalet gjer endeleg framlegg om at skjønspørsmåten i gjerdesaker skal vere tvangsgrunnlag etter same reglar som orskurdar.

Hovudpunktet i framlegget frå Sivillobokutvalet om grannegjerde blir då desse 4 (sjå Rådsegn 1 s. 15):

- Ei ålmenn lov om grannegjerde av alle slag.
- Gjerdetvang berre der og i den mon nytta av gjerdehaldet er større enn kostnaden, og gjerdedeling meir etter nytta på kvar side.

- Meir sjølvstendig rett og skyldnad til gjerdehald for brukar, og gjerdetvang i andre bruksgrenser enn eiedomsgrenser og.
- Skjøn i alle gjerdesaker.

Om dei merknadene som kom inn til Rådsegn 1, har Utvalet i Rådsegn 3 gjeve dette oversynet (s. 5):

«Kommunalepartementet svara i brev 12. mai 1956. Departementet opplyste at tilrådinga var lagd fram for Norges By forbund og Norges Herredsforbund som hadde sagt frå at framlegget ikkje rører ved kommunale interesser på ein slik måte at det var grunn for dei to forbundsstyre til å gje noka fråsegn. Dessutan hadde tilrådinga vore lagd fram for Norges HusEIFORBUND som viste til at føresegne i hovudsaka svara til det lovutkastet som forbundet sende Justisdepartementet i 1927, og la til at forbundet difor ikkje hadde noko å innvenda. Kommunaldepartementet peika elles på at vedtekter etter bygningslova § 148 lyt gå føre føresegne i grannegjerdeutkastet og avtale eller vedtekt i samsvar med dei, men heldt det likevel ynskjeleg med eit samarbeid mellom dei ymse departementa om prinsippa for å stadfestar vedtekter etter dei to lovane.

Finansdepartementet svara i brev 15. juni 1956 at tilrådinga ikkje gav grunn til noka fråsegn.

Skogbruksforeningen av 1950 (v/högsteretsadvokat Jens P. Heyerdahl jr.) har sendt inn ei stensilert utgreiing dagsett 27. juni 1956. Der heiter det m. a.:

«Sivillobokutvalgets oppgave er jo av et langt videre omfang idet utvalget bl. a. skal lage forslag til kodifisering av vesentlige deler av tingssretten. Det sier seg da selv at dette utvalg vil måtte se gjerdespørsmålet i et videre perspektiv enn det som de forskjellige beitespørsmål alene betinger. For så vidt er vi enige i utvalgets innledende bemerkninger om at gjerdespørsmålet også må sees i andre relasjoner enn som fredningsgjerde mot beitefe og at det er grunn til å se spørsmålet i nær sammenheng med naboretten i det hele.»

Den Norske Sakførerforening har opplyst i brev 8. desember 1956 at Hovedstyret har sagt seg samd i ei fråsegn som Sakførerforeningens permanente lovutvalg for jord og skog, almenninger, jordskifte og jakt gav 29. november 1956. I fråsegna heiter det m. a. såleis:

«Sivillobokutvalet foreslår lover som skal avløse reglene om gjerdehold og dyreansvar i lov om jords fredning (gjerdeloven) av 16/5 1860. Disse regler er jo nu helt avlegse. Såvidt vi kan se har Utvalet funnet frem til gode løsninger på de rettsspørsmål vi her står overfor.

Mens gjerdeloven av 1860 tar sikte på jordbruksforhold gir Sivillobokutvalet i sitt «framlegg om grannegjerde» forslag til en alminnelig lov om gjerdehold mellom naboer.»

Utsegnene frå Skogbruksforeningen av 1950 og Den norske Sakførerforening går elles noko

Om lov om grannegjerde.

nærare inn på sume serspørsmål, sjå seinare.

Som alt nemnt vart det teke opp eit serskilt samarbeid med Landbruksdepartementet om saka på bakgrunn av det lovutkastet dette departementet hadde laga.

Etter at Utvalet hadde gått igjennom det tilfanget som hadde kome inn og samrådd seg med Landbruksdepartementet, la det fram si endelege tilråding (Rådsegn 3) med dette framleget til lov om grannegjerde.

«§ 1.

Føresegne i denne lova gjeld berre når ikkje anna fylgjer av serlege rettshøve eller av avtale etter § 2.

Gjerdehald ved offentleg veg og jarnveg går ikkje inn under lova.

§ 2.

Grannar kan avtala annan gjerdeskipnad mellom eigedomane sine enn den som er fastsett i denne lova. Slik skipnad må ikkje strida mot § 4 eller mot lovlege vedtekter.

Når minst 10 år er lidne, kan avtala seiast opp. Det same gjeld etter serlege omskifte i dei tilhøva som låg til grunn for avtala. Oppseiingsfristen er eit år, om ikkje stuttare frist er avtala.

Føresegne i andre stykket gjeld ikkje gjerdeskipnad som vert avtala i samband med at del av eigedom vert fråskild til eige eller bruk.

§ 3.

Den gjerdeskipnaden som er mellom eigedomane, når denne lova tek til å gjelda, står ved lag så lenge ikkje anna er fastsett i gjerdeskjøn eller på annan måte.

§ 4.

Grannegjerda skal vera såleis laga og vedlikehaldne at dei ikkje er farlege for folk eller husdyr.

Dei må ikkje gjerast såleis at dei løyner bort eller skader noko delemerke.

§ 5.

Grannegjerda skal vera såleis laga og vedlikehaldne at dei ikke er uturvande eller urimeleg til ulempe eller lyte på granneigedom.

Dei skal setjast i delelina, ikkje lengre inn på grannegrunden enn på eigen grunn, og ikkje lengre inn enn 0,50 meter. Denne føresegna råkar ikkje steingard som lovleg står lengre inne på grannegrund når denne lova tek til å gjelda.

Der det fell serleg vanskeleg eller dyrt å ha gjerdet i delelina, kan det setjast ved sida mot skadebot til grunneigaren.

§ 6.

Granne har rett til å ha gjerde mot granneigdom når han kostar det sjølv.

§ 7.

Der grannegjerde er til nytte for eigedomane kvar for seg, kan granne krevja gjerdehald av granne, så framt det er klårt at samanlagt for både eigedomane er nytta av gjerdehaldet større enn kostnaden.

Gjerde som er der frå før, må ikkje leggjast ned utan at vedlikehaldskostnaden er større enn nytta for både eigedomane under eitt.

§ 8.

Der det er gjerdehaldstvang etter § 7, skal gjerdehaldet delast mellom grannane med rimelig omsyn til den nytta kvar av dei har av gjerdet. Er det jordbruks- eller skogbruks-eigedom på både sidene, kan det såleis leggjast vekt på om berre den eine sida skal nyttast til beite.

Vil den eine grinnen ha dyrare gjerde enn den andre har skyldnad til å vera med på, har han rett til det mot at han tek på seg meirkostnaden.

§ 9.

Hus eller anna byggverk som står såleis at det gjer teneste i staden for grannegjerde, vert ikkje medrekna i den gjerdelengda som skal delast. Der lende, grindhald eller andre tilhøve gjer gjerdehaldet dyrare på det eine stykket enn på det andre, skal skilnaden jamnast ut med avstyting i lengda eller på annan måte som skjønet fastset.

§ 10.

Der det er tenlegast så, kan gjerdeskjønet ta avgjerd om at grannane skal ha heile eller noko av gjerdehaldet i lag, eller at den eine skal ha det heile åleine mot at den andre yter honom tilskot som skjønet fastset.

Avtale eller serlege rettshøve som hindrar ein rimelig gjerdeskipnad, kan setjast til sides mot at den grinnen som får vinninga, held den andre skadelaus.

§ 11.

Der ein annan enn eigaren brukar eigedomen eller eit serskilt stykke, har både brukar og eigar ansvar for gjerdehaldet andsynes grannane og rett til å krevja lovleg gjerdehald frå deira side.

Skjøn til avgjerd om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling etter §§ 7 og 8 lyt krevjast mot både eigar og brukar. Slik skjøn mot granne kan ikkje eigaren krevja utan samtykke av brukaren.

Der ein annan enn eigaren har beiteretten på eit serskilt stykke, eller heile eigedomen, vert beiterettshavaren rekna for brukar.

§ 12.

For område som ligg i sameige mellom bruk, er retten og skyldnaden til gjerdehald utetter som om det var ein eigedom for seg. Har sameigarane ikkje kvar sitt tydeleg fastsette gjerdehaldsstykke, er dei ansvarlege ein for alle og alle for ein.

Segimellom er sameigarane skyldige til å bera så mykje av gjerdehaldet at det svarar til den parten kvar av dei har i sameiga.

§ 13.

For serskilt område der to eller fleire som ikkje er sameigarar, har rett til beite, gjeld fyrste stykket i § 12 på tilsvarande måte. Er det ikkje anna delingsgrunnlag, svarar kvar av dei for gjerdehaldet etter kor mykje dyr han vanleg har på beitet.

Om lov om grannegjerde.

§ 14.

Spørsmål om gjerdehald vert avgjorde med gjerdeskjøn, så framt ikkje anna er serskilt fastsett i lov.

Der det er kravt jordskifte, bruksordning, avløsing eller delegang etter jordskiftelova, avgjer jordskifteretten spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling i samsvar med den lova.

I spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling kan ny avgjerd krevjast når minst 15 år er lidne. Det same gjeld etter eige domsdeling og etter andre serlege omskifte i dei tilhøva som låg til grunn for avgjerala.

§ 15.

Kjem gjerdeskjønet til at der er skyldnad til å halda gjerde, tek det turvande avgjærder om korleis gjerdet skal vera, og kva tid det seinast skal vera sett i lovleg stand. Slike avgjærder skal mest mogeleg retta seg etter det grannane sjølvé ynskjer, og etter skikk og bruk på staden.

Er det jordbruks- eller skogbrukseigedom på noka av sidene, skal gjerdet vera minst 1,10 meter høgt og så sterkt og tett, at det fredar mot hest, naut og sau, så framt ikkje anna fylgjer av vedtekt etter § 18 b. Der det er rein jordbruks- eller skogbrukseigedom på både sider, er det ingen skyldnad til å halda gjerdet i stand utanom den tida på året då marka er tenleg til beiting (jfr. § 18 c).

§ 16.

Gjerdeskjøn er rettsleg skjøn i kjøpstädene, og lensmannskjøn på landet og i ladestedene.

Er det jordbruks- eller skogbrukseigedom på både sidene, tek skjønsstyraren skjønsmennene or jordskifteutvalet der slikt utval finst, jfr. jordskiftelova § 8. Overskjøn høyrer under jordskifteretten.

Kostnaden med skjøn om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling etter §§ 7 og 8 ber partane i høve til den nyttå kvar av dei har av gjerdet, så framt ikkje skjønet finn grunn til ei anna deling. Om skjønkkostnaden elles gjeld det som er fastsett i kapitel 13 i lova om rettargangsmåten for tvistemål.

§ 17.

Skjønsavgjerdene er tvangsgrunnlag på same måten som orskurdar. Om klage til heradsrett og krav om overskjøn gjeld føresegna i tvangsfyllføringslova § 8, andre stykket.

Når den eine grinnen ikkje oppfyller gjerdehaldsskyldnaden, kan nærmannen la den andre få fullmakt til å setja arbeidet i verk på hans kostnad.

§ 18.

I vedtekt stadfest av Kongen kan komunestyret:

- setja forbod mot visse slag grannegjerde og gjeva nærare føresegner om korleis gjerde skal vera,
- fastsetja andre krav til høgd, styrke og tettleik på jordbruksjerde enn dei som er settet i § 15, andre stykket,
- fastsetja kva tid på året marka skal reknaust for tenleg til beiting, jfr. § 15, andre stykket.

§ 19.

Denne lova tek til å gjelda den...

Samstundes held første kapitlet i lova om jordfreding frå 16. mai 1860 opp å gjelda. Fristregelen i same lov § 17, første og tredje stykke, står ved lag til...

Rådsegn 3 har vore lagd fram for Landbruksdepartementet, som i utsegn dagsett 27. mai 1958 har kome med kritiske merknader til nokre av føresegnene i lovframlegget. Desse merknader høver det best å ta opp lenger ute.

Norges Bondelag har på eige tiltak gått igjennom Rådsegn 3 og seier i brev dagsett 17. september 1958 m. a. dette:

«Den gamle gjerdelov er fra 1860 og er sprunget ut av et jordbruksamfund og driftsformer som er vesentlig annerledes enn de en har i dag. — Det har således i stor utstrekning funnet sted en omlegging fra husdyrproduksjon til korndyrking med tilsvarende mindre behov for gjerder. Innmarksbeiting nytties ikke i samme utstrekning som før, og det har videre skjedd en omlegging til beiting i avgrensete kulturbeiter og havnehager. En er således enig i at det foreligger et sterkt behov for revisjon av gjeldende gjerdelov».

Dessutan er det i brevet tatt opp sume spørsmål, sjå nærmere nedanfor.

IV. Ålmenne merknader til framlegget.

Det synest vere ålmenn semje om at dei gamle gjerdeføresegna ikkje lenger er tidhøvelege, og at det er påkravt med ei omvøling av lova. Etter at lova kom i 1860, har det gått for seg eit omskifte som grip djupt inn i samfunnstilhøva, ikkje minst innanfor jordbruket. Dette gjeld først og fremst i husdyrhaldet. Dei store inngjerda utmarksbeita er det nå mest slutt med mange stader i landet og i staden har det kome kulturbeite, som til vanleg ligg nær innmarka. Endå om ein held seg berre til den ramma gjerdelova nå har, ville det difor vere god grunn til store brigde i lova. Men dessutan har gjerdespørsmåla etter kvart blitt meir dagsnære utanom dei reine jordbrukstilhøva som gjerdelova tok sikte på.

Ut fra dette er departementet samd i at gjerdeføresegna frå 1860 treng ei heller stor omvøling. Truleg vil det beste i alle fall vere å få ei heilt ny lov i emnet. Og dette er greitt nok einaste løysinga når lova skal vere første leden i eit lovboverk. Ein må og sjå gjerdelova i samanheng med framlegget til lov om ymse beitespørsmål, som m. a. har føresegner om ansvar for husdyr, til avløsing av kap. II—IV i gjerdelova. Det er då liten grunn til å flikke på det som blir att av lova frå 1860.

Heller ikkje når det gjeld ramma for ei ny lov om gjerde synest det vere noka usemje om

Om lov om grannegjerde.

at reglane om gjerdehald grannar imellom skal fastsetjast i ei ålmenn lov sams for bygd og by. Om dette spørsmålet seier Utvalet m. a. (Rådsegn 3 side 6—7):

«Utvalet vil her streka under at det som trengst no, er ei ålmenn gjerdelov for alle slag eigedomar.

Det høver ikkje lenger godt å laga ei ny gjerdelov serskilt for ei næring eller gruppe i samfunnet. I vår tid er det ikkje berre i jordbruksnæringa at gjerde er viktig. Det same gjeld for flest alle slag eigedomar, og i mange andre tilhøve er krava til grannegjerde større enn i jordbruksnæringa. Det er verdt å merka seg at spørsmålet om gjerde for tuftebruk av ymse slag har vore for domstolane heller ofte i seinare tid. Slike tilhøve lyt og koma inn under høvelege lovreglar no. Norges Huseierforbund sende alt i 1927 føreteljing til Justisdepartementet om å få slike reglar, og kravet kan ikkje avvisast lenger, jfr. Rådsegn 1, side 9—10, og ovanfor side 5 der forbundet seier seg samd i framlegget frå Utvalet.

Om jordbruksnæringa framleis skulle ha sine gjerdeføresegner serskilt, laut såleis andre samfunnsgrupper få det same. Men serlover om dei ymse slag grannegjerde vart ein lite oversynleg skipnad. Og dei serleg vanskelige tilfella då eigedomar av ulike slag støyter saman, kom ikkje til å høva inn i slike serlover som dette. Reglane for tilfelle der ymse samfunnsgrupper står mot kvarandre så som her, bør sjåast i samanheng og formast etter ei avveging av interessene på kvar side. Dette kan best gjennomførast i ei ålmenn lov om gjerdehald mellom granneeidemor i det heile, med føresegner som gjeld mest mogeleg likt til alle sider.

Det som er halde fram ovanfor, gjeld like mykje anten det er eit område som går inn under bygningsregulering eller ikkje. Difor er det utenleg å gjera noko skilje etter det. Bygningsføresegne gjeld til vern om ålmenne omsyn, både for gjerde og anna. Men dei viktigaste privatrettslege reglane om gjerdehaldet grannane imellom bør prinsipielt fastsetjast i ålmenn lov både for land og by, på same måten som reglane om grannehøve elles.

Etter lovbokplanen høyrer og reglane om gjerdehald mellom grannar til den ålmenne sivilretten som er medteken der. Men det som er sagt ovanfor, syner at nye gjerdeføresegner bør gjevast i ålmenn lov, anten det var tanken å samla sivilretten i ei lovbok eller ikkje.»

Den løysinga Utvalet såleis har valt, stengjer ikkje for at ein i viss mon kan ta omsyn til serhøve. Det har Utvalet såleis gjort i utkastet sitt med sikte på tilhøva i jord- og skogbruksnæringa. Til å møte krav frå dei ulike tilhøve kring om i landet kan det etter § 18 i utkastet i kommunal vedtekts fastsetjast serreglar om gjerde.

Her og er departementet samd i framlegget. Jamvel i dag ser det ut til at føresegne i gjerdelova i viss mon har blitt lagt til grunn av domstolane i gjerdetvistar mellom reine byeigedomar. Og bygningsvedtek-

tene for Oslo frå 16. mai 1956 har i § 148 nr. 5 denne føresegna:

«Hvor gjerde oppsettes mellom naboer gjelder lov om jords fredning av 16. mai 1860 § 7, første avsnitt, med mindre det fra tidligere gjelder annen ordning av gjerdeplikten.»

Dette syner tydeleg at det i byane òg kan vere trond til reglar om gjerdeplikt og gjerdehald utover det som nå er fastsett i § 148 i bygningslova.

Som alt nemnt har Norges Huseierforbund ikkje hatt noko å seie mot framlegget frå Utvalet. Forbundet peikar tvertimot på at framlegget i hovudsaka svarar til det utkastet Forbundet sende Justisdepartementet i 1927.

Føremonene med ei ålmenn gjerdelov for eigedomar av alle slag både på land og i by er elles tydeleg nok understreka av Utvalet. Og etter det departementet kan sjå, vil ei slik ordning ikkje skapa nemnande vanskår eller ugleie.

Grunnprinsippet for gjerdehaldstvangen er etter utkastet frå Utvalet at nyttja av gjerdehaldet samanlagt for både eideomane skal vere større enn kostnaden, samstundes som gjerdet skal vere til nytte for kvar serskild eideom. Etter reglane i dag kan ein eigar godt ha rett til å krevja gjerdet av grannen, jamvel om gjerdehaldet ikkje løner seg for grannen eller for både ihoplagt. Dette har ført til meir gjerdehald enn ynskjeleg frå ein samfunnsøkonomisk synsstad. Etter utkastet skulle gjerdehaldstvangen kome inn under ålmenne rettsprinsipp som gjeld for andre tilhøve der det er juridisk tvang til å vere med på sams tiltak til sams nytte. Desse prinsippa er at tiltaket i seg sjølv skal vera samfunnsnyttig og ikkje føre til tap for den som vert tvinga. Det er overgangen til denne skipnaden som er sjølve prinsippskiftet i framlegget.

I nær samanheng med dette står framlegget om nye reglar om kostnadsdelinga. Der og er hovudregelen at omsynet til den nytte kvar og ein har av gjerdet skal vere avgjerande.

Det er kome inn fleire merknader til desse framlegga frå Utvalet.

Skoogbruksforeningen av 1950 har streka under ymse vanskår som det kan vere med å vege nytte og kostnad med gjerdehaldet mot kvarandre, og gjort gjeldande «at det nøye bør overveies om ikke nytteprinsippet lar seg spesifisere i alle fall i enkelte hovedregler av bindende eller veiledende karakter» — t. d. for utmark der det ikkje blir beita og for industritufter o. a. Tanken bak

Om lov om grannegjerde.

dette er at gjerdehaldstvangen «bør følge den virksomhet som i særlig grad enten kan volde skade på omgivelsene eller som bør vernes mot omgivelsene. Så vidt vi kan se er det vel også dette som egentlig ligger bak det nytteprinsipp som lovutkastet er basert på. Av dette følger etter vårt skjønn videre at der hvor man står overfor «kolliderende virksomhet» av nevnte karakter, bør der som hovedregel være en jevn fordeling. Altså slik at begge med en halvpart plikter å bære omkostningene, med mindre særlige grunner skulle tilsi noen annen fordeling. Hva her er nevnt er for så vidt nok et eksempel på et av de direktiver vi mener burde kunne innarbeides i lovteksten.»

L a n d b r u k s d e p a r t e m e n t e t er samd i at dei ålmenne vilkåra for gjerdehaldstvang og for kostnadsdeling bør vere som i framlegget frå Utvalet. Men det har samstundes peika på at det er påkravt med sume unnatak og serreglar, sjå nærmere lenger ute.

D e n n o r s k e S a k f ö r e r f o r e n i n g seier at Utvalet har funne fram til gode løysingar på dei rettsspørsmål som her ligg føre. Det blir elles halde fram at eigedomar med verksemد som valdar fare eller lyt vernast kanskje bør ha gjerdehaldet åleine. For gjerdehald mellom slike eigedomar kan slaget og storleiken på verksemda vere eit naturleg delingsgrunnlag.

N o r g e s B o n d e l a g er likeins samd i framlegget her, men legg til:

«Når det gjelder nytteprinsippet vil en understreke at så vel gjerdeholdstvangen som fordelingen av kostnadene vil være helt avhengig av den skjønnspraksis som etter hvert blir etablert. Det bør nøyе undersøkes og vurderes om det ikke lar seg gjøre å stille opp veiledende hovedregler om forståelsen av nytteprinsippet, og vi vil for vårt vedkomende drøfte dette nærmere og eventuelt komme med en tilleggsuttalelse. Slik forslaget lyder i dag er rammen for den skjønnsmessige avgjørelse så vid at det — i alle fall den første tid — må oppstå stor usikkerhet med forskjelligartet vurderingsgrunnlag for avgjorelsene fra distrikt til distrikt.

Angående nyttene av gjerdet mellom jordbruks- og skogbrukseiendom er en redd for at det helt ensidig vil bli lagt vekt på dyreholdet. En er enig med Sivillovbokutvalget når det uttaler at «ein ikkje einsidig kan leggja vekta på den lette som gjerdehaldet fører med seg i skyldnaden til å vakta på beitedyra». Dette forhold er imidlertid ikke kommet klart nok fram i lovteksten.

Når det gjelder fordelingen av kostnadene vil en i sin alminnelighet bemerke at dersom det ikke kan oppstilles nærmere veiledende hovedregel for vurdering av nytten bør en falle tilbake på $\frac{1}{2}$ -delingen dersom dette ikke virker urimelig i det konkrete tilfelle og det vises for så vidt til det første utkast fra Sivillovbokutvalet.»

D e p a r t e m e n t e t er samd i det hovudprinsipp som Utvalet har lagt til grunn for gjerdehaldstvangen og kostnadsdelinga. Dei reglane som nå gjeld, vil lett føre til uøkonomisk gjerdehald, og $\frac{1}{2}$ -delingsregelen vil ofte verke urimeleg og for stivbeint. Departementet har vego på spørsmålet om å finne fram til visse retningsliner, som skjønet kunne ha å gå etter i slike saker. Ein skal kome attende til dette lengre ute i grunngjevinga til dei ein-skilde paragrafane, (§§ 7 og 8), der ein og vil drøfte dei avgrensingar og unnataksføresegner som elles bør vere med.

Etter gjerdelova nå gjeld gjerdehaldstvangen berre serskilt skyldsette eigedomar og jord sett bort på arvefeste. Denne avgrensinga vil Utvalet kome bort frå og seier (Rådsegn 1 s. 14):

«Denne avgrensinga synest det ikkje vera grunn til å halda oppe. Når eit stykke av ein eigedom er skilt frå, bør ikkje serskild skyldsettjing vera avgjerande for gjerdetvangen. Heller ikkje synest det vera nokon avgjerande grunn til at gjerdetvangen berre skal gjelda sjølvstendige eigedomar. Det er til skilje mellom bruksområde at gjerde trengst. Eigedoms-grense er dei naturlege bruksgrensene. Gjerdetvangen er difor først og fremst knytt til dei. Men det trengst gjerde i andre bruks-grenser og, såleis t. d. i utkantlinia for beite-rettsområde. Då og bør gjerdet haldast i lag av dei som har nytte av det på bæ sider — minder det er serleg grunn til noko anna.»

D e p a r t e m e n t e t har ikkje noko å seie i mot dette framlegget. Lova nå vil lett kunne føre til at ein brukar lyt lite på at eigaren til det skyldsette stykket held oppe gjerdekrav. Når slikt eit krav berre, eller i størst mon, har nytte for brukaren er det ikkje å vente at eigaren serleg ihuga vil hevde retten sin andsynes grannen. Då s a m e i g e m a r k i rege-len er eit bruksområde for seg, fører framlegget her til at det og blir gjerdetvang på vanleg måte mot mark som sameigarane eig kvar for seg. Slik er det ikkje etter lova i dag, sjå nærmere Rådsegn 1. s. 14—15.

Om ansvaret utetter hadde Utvalet i Rådsegn 1 gjort framlegg om at det berre var brukaren som skulle svara for gjerdehaldet og ha retten til å krevje gjerdehald av grannane, sjå Rådsegn 1. s. 14 og lovutkastets § 11, første stykket. Dette blei noko brigda i det endelige framlegget med denne grunngjevinga (Rådsegn 3 s. 9):

«Etter utkastet frå L a n d b r u k s d e-p a r t e m e n t e skal eigar og brukar vera solidaransvarlege for gjerdehaldet. Ein eigar kan då ikkje fri seg frå ansvaret med å setja ein kanskje insolvent brukar i sin stad. Utvalet kan gå med på dette. Etter det endelige utkastet er eigar og brukar difor solidar-

Om lov om grannegjerde.

ansvarlege for gjerdehaldet. Då er det og berre rimeleg at dei både har retten til å krevja gjerdehald av grannane. Korleis eigar og brukar skal gjera opp innbyrdes, lyt avgjera st etter avtale dei imellom, og elles etter vanlege reglar om rettshøve mellom eigar og brukar.»

Departementet er samd i det endelige framlegget frå Utvalet. Likeins er departementet samd i at reglane om gjerdetvang for sameigemark ute etter og om ansvaret for sameigarane, i hovudsaka blir som nå, sjå § 12 i lovutkastet.

Utvalet gjer framlegg om at avgjelder i gjerdesaker skal takast av skjøn, og at skjønsavgjerdene skal vere tvangsprunnlag etter reglane om orskurdar.

Departementet er samd i dette og viser til den grunngjevinga som Utvalet har gjeve i Rådsegn 1 s. 15. Sjølve skjønsordninga har departementet lagt opp noko ulikt utkastet frå Utvalet. I utforminga er lagt vekt på at skipnaden så langt råd er bør vere den same her som i utkastet til ny beitetlov. Ein viser elles nærmere til grunngjevinga i merknadene til §§ 15 og 16.

Av det som er sagt vil gå fram at departementet i hovudsaka er samd i framlegget frå Utvalet. Det lovutkastet departementet legg fram, skil seg heller ikkje mykje frå opplegget hjå Utvalet. I eit og anna er gjort nokre brigde og tillegg, som er nærmere grunnlagt i merknadene til dei einiske paragrafar. Når ikkje noko anna greitt er sagt, er departementet elles samd i grunngjevinga frå Utvalet.

V. Spesielle merknader.

Til § 1.

Framlegget byggjer på utkastet frå Utvalet § 1 og § 2, første stykket, men er noko ulikt i forma. Paragrafen slår fast ramma for lova og tilhøvet til gjerdeskipnad som har grunnlag i avtale eller serlege rettshøve.

Grunnlaget for gjerdeskipnaden kan vere såleis at han har vern av § 97 i Grunnlova, sjå nærmere Rådsegn 1 s. 16. Slike rettshøve er det ikkje meinings å gripe inn i. Dei kjem inn under det som i § 1 er kalla «serlege rettshøve». Men endå om den gamle skipnaden ikkje kviler på slikt eit «serleg rettshøve», skal han ikkje utan vidare falle bort med den nye lova. Kvar av grannane vil rett nok kunne krevje at gjerdehaldet vert skipa i samsvar med føresegnene i den nye lova. Men så lenge avtale om dette ikkje har kome i stand eller

skjønsavgjerd er teke, bør den tidlegare skipnaden stå ved lag og difor få nytt greitt lovgrunnlag i staden for det som fell bort. Ein har difor tatt med ein serskild føresegn om dette i § 19. Den gamle skipnaden får såleis grei lovheimel i overgangstida, som kan verte lang i sume tilfelle. Etter lova nå fell serskilt avtale om gjerdeskipnad bort etter 10 år om ho ikkje vert oppatnya, sjå § 17. Utkastet gjer her det brigde at slike avtaler heretter må seiast opp når minst 10 år er gått, sjå nærmere § 2 og § 19.

Hovudregelen etter andre punktummet er elles at grannane fritt kan gjere avtale seg imellom om gjerdehald. Men i viss mon set lova grenser for den frie avtaleretten. Grannane kan såleis ikkje i avtale leggje band på eigedomane for lenger tid enn 10 år, sjå § 2.

I andre stykket er teke opp tilhøvet til gjerdeføresegner i andre lover. Føresegner om gjerdehald ved offentleg veg og jarnveg bør som nå stå i serlovene, av grunnar som nemnt i Rådsegn 1 s. 16. Det er og rett nok, som Utvalet der seier, at reglar som t. d. § 148 i bygningslova og § 42 i lova om kyrkjer og kyrkegardar ikkje strir imot, men gjeld jamt med denne lova. Nå har Kommunaledepartementet i si utsegn 12. mai 1956 peika på at det til reguleringssplanar stundom er knytt vedtekter som seier korleis gjerde mot granne skal setjast opp og stundom at gjerde mot granne-eigedom er forbode. Og framlegget til normalvedtekter har i § 21 desse føresegnene:

- «.....
 b) For regulert rekkehusbebyggelse kan bygningsrådet forby gjelder innenfor det areal som hører til vedkommende rekkehus.
 c) Regulert blokkbebyggelse kan bare innjerdes med bygningsrådets samtykke.»

Forbod av dette slaget kan ha gode grunnar for seg. Men skal det i vedtekt etter bygningslova kunne fastsetjast reglar som heilt set den nye gjerdelova til sides, må dette helst ha grei lovheimel. Elles og vil det i lov eller vedtekt kunne vere fastsett serreglar om gjerde som grannane ikkje i avtale seg imellom — eller på eiga hand — skal kunne setje seg utover, t. d. forbod mot bruk av piggtråd etter lova frå 14. juli 1893. Til å unngå tvil om tilhøvet mellom gjerdelova og slike serlover har ein sett inn siste punktummet i paragrafen.

Til § 2.

Paragrafen svarar til § 2, andre og tredje stykket, i framlegget frå Utvalet, sjå Rådsegn 1 s. 16—17 og Rådsegn 3 s. 7. Første stykket i § 2 i utkastet frå Utvalet er innarbeidd i § 1, andre og siste punktummet, og § 3, siste stykket.

Om lov om grannegjerde.

Føresegne om tid eller frist er som huvudregel tvingande. Berre når gjerdeskipnaden blir avtala i samband med avtale om at del av eidegdom blir fråskilt til eige eller bruk, kan det setjast lengre tid eller frist. Denne føresegna svarar til § 2, siste stykket, i framlegget frå Utvalet, men er meir avgrensa. Utvalet har ikkje nærrare grunngjeve denne føresegna i framlegget sitt. Men etter det departementet har forstått, meiner Utvalet at føresegne i andre stykket ville komme til å verke urimeleg om dei og skulle gjelde når eidegdom blei fråskilt til eige eller bruk. Partane bør her ha høve til å gjere avtale om gjerdeskipnaden og må kunne fastsetje vederlaget under omsyn til den gjerdehaldsplikta kjøparen eller brukaren skal ha utan å vere bunden av noko tidsgrense.

Departementet kan vere samd i dette. Men det kan likevel ikkje vere grunn til at føresegne om revisjon aldri skal gjelde for slike avtaler. Det må vere nok om partane får høve til å avtale ein annen skipnad. Blir ikkje noko serskilt sagt i samband med utskiljing eller bruksavtale, vil vegen såleis stå åpen til oppseiing etter reglane i § 2, første og andre punktummet. Ein ventil mot ulaglege gjerdeavtaler har ein elles i § 10, andre stykket.

Føresegna i § 2, første punktummet, bør og gjelde for avtaler som er gjorde føre lovskiften, sjå nærrare merknadene til § 19.

Til § 3.

Paragrafen svarar til § 4 i framlegget frå Utvalet. I samsvar med den nye utforminga av § 1 første stykket har ein i tredje stykket sagt at føresegne i paragrafen er tvingande.

Til § 4.

Paragrafen svarar heilt til § 5 i det endelige framlegget frå Utvalet, sjå Rådsegn 1 s. 17—18 og Rådsegn 3 s. 7.

Til § 5.

Norges Bondelag har gjort denne merknaden til § 4 i utkastet frå Utvalet:

«I tillegg til 1. ledd bør det inntas en bestemmelse om at rester av gjerder som ikke lenger opprettholdes mellom naboeiendommer skal fjernes helt i den utstrekning de kan være farlige for folk eller husdyr.»

Utvalet har i brev 3. november 1958 sagt at dette fylgjer av føresegna i § 4, første stykket, så som ho lyder i utkastet nå, og at det ikkje trengst noko tillegg til å gjere dette greitt.

Det kan vel vera noko tvilsamt om restar av gamle gjerde kjem inn under føresegna i

§ 4, første stykket. Med ein viss rett kan ein seie at slike restar ikkje er «grannegjerde» etter lova, når det er visst at ingen av grannane vil krevje at gjerdet blir halde oppe. Og nokon grei måte å få rette mishøvet på har ein ikkje etter utkastet.

Framlegget frå Norges Bondelag har gode grunnar for seg. Restar av gamle gjerde kan ofte vere farlege både for folk og dyr; dette gjeld kanskje serleg nedfallen piggtråd og trådgjerde i det heile. Departementet meiner då at den eine grannen bør kunne krevje av den andre at han er med og tar bort slike gjerde eller gjerderestar. Ein slik rett bør andre og ha, når dei provar ei klår interesse i å få rydde opp i ugreia.

Kvar granne bør ha skyldnad til å ta bort gjerde eller gjerderestar på det stykket der han har gjerdehaldet. Men har grannane hatt heile eller noko av gjerdehaldet i lag eller har den eine hatt eit lengre stykke å gjerde mot tilskott frå den andre (sjå § 10), må den av dei som tek restane bort få eit tilmåta vederlag frå denne andre. Kostnadene med dette, bør grannane såleis dele i same høve som dei hadde skyldnad til å halde gjerde.

Vert partane ikkje samde om skyldnaden til å ta restane bort, eller om kor stor skyldnad kvar granne har, må spørsmålet finne si avgjerd ved skjøn. Denne skjønsavgjerdet vil — som elles etter utkastet — vera tvangsgrunnlag, sjå nedanfor merknadene til § 17.

Til § 6.

Føresegna svarar heilt til § 6 i framlegget frå Utvalet, sjå Rådsegn 1 s. 18.

Til § 7.

Utkastet svarar heilt til § 7 i det endelige framlegget frå Utvalet. Denne paragrafen saman med § 8 om kostnadsdelinga, skil seg sterkt frå den skipnaden som lova nå har med ålmenn gjerdehaldstvang og $\frac{1}{2}$ -deling av kostnadene til hovudregel.

Utvalet har arbeidd mykje for å finne fram til ein regel som både er rimeleg og grei å praktisere. I hovudsaka har framlegget fått medhald frå alle dei som har kome med merknader.

Men i fleire av utsegnene er det peika på at ein burde freiste å finne fram til visse retningsliner eller serforskrifter til å klårlegge nytteprinsippet. Det har m. a. vore halde fram at eigar av jord- eller skogbruk ikkje skulle ha gjerdeskylndad andsynes hyttetufter, sportsplasser, gruver, industri og liknande verksemder. I brevet frå Norges Bondelag heiter det mellom anna:

Om lov om grannegjerde.

«Gjerdeholdstvangen etter § 7 skal etter det nye forslag ikke bare gjelde mellom jordbruks eiendommer, men også hvor det er jordbruks eiendom på den ene side og f. eks. hus eller hyttetomter, hager, idrettsplasser eller industrivirksomhet av forskjellig slag på den annen. Ut fra det utgangspunkt at dyreholde ren har plikt til å vokte sine dyr vil det foreliggende forslag føre med seg nye tyngsler for jordbruket og en vil sterkt rå til at det i § 7 oppstilles en unntaksregel slik at inn- eller utmarkseier ikke har gjerdeholdsplikt mot hus og hyttetomter og virksomheter som nevnt ovenfor.

Det må også være en forutsetning at dyreansvaret faller bort i disse tilfellene.

Regelen skulle være i overensstemmelse med det som er foreslått av Beitekomitéen (1939) og det syn Landbruksdepartementet har. En vil også understreke at vurderingen av nyten på begge sider i særlig grad vil medføre vansker hvor det er helt ulikeartede virksomheter på eiendommene. Omkring hus og hytter, idrettsplasser osv. vil det som regel også være behov for en helt annen type gjerder enn det som trengs mellom jordbruks eiendommer.

At gjerdeholdet ofte blir avtalt ved utskillelse av parseller gir ikke grunnlag for å se bort fra de tilfelle hvor avtale ikke er eller blir inngått, og en kan ikke se at den fordel en nabo i visse tilfelle kan oppnå, f. eks. ved salg av tomter i en eiendoms utkant, har noen særlig praktisk betydning. Om nødvendig kan denne fordel avskjæres ved en særregel.»

Utvalet hadde i det førebels framlegget sitt teke med ein serskild føresogn i § 7, tredje stykket, om at ein utmarkseigar ikkje skulle ha gjerdeskyldnad mot hyttetuft i utmark. Grunngjevinga var at hytte i utmark kunne føre med seg slike utgifter til gjæting og gjerding at utmarksbeitet vart ulønsamt for mange, om dei vanlege reglane om gjerdehald og dyreansvar skulle gjelde. Det vart og peika på at hyttetufter ofte er selde på det vilkåret at kjøparen skal halde gjerde sjølv, og at dei aller fleste hytteeigarane set opp gjerde i slike høve (Rådsegn 1 s. 19).

Som nemnt i brevet frå Norges Bondelag gjekk utkastet frå Landbruksdepartementet i same lei som framlegget frå Beitekomitéen.

Spørsmålet om slike serføresegner vart teke opp att av Utvalet i Rådsegn 3 der det heiter (s. 8):

«Utvalet har difor drøft dette spørsmålet på nytt. På den eine sida er å nemna at utstyking til slike tufter ikkje burde føra med seg nye tyngsler for jord- og skogbruket. På den andre sida er halde fram at slike reglar ikkje høver heilt godt når det vert selt tufter o. a. i utkanten av ein eide dom. Utstykking på ein eide dom kunne då føra til at granneeidomen utan grunn vart friteken for å halda gjerde.

Utvalet meiner no at ein helst kunne ladesse spørsmåla og verta løyste etter dei ålmenne reglane (§§ 7 og 8, jfr. § 10) og tredje stykket er difor stroke. Ein peikar her på at den ålmenne avgjeringssregelen i § 8, fyrste

stykket, no er gjord meir töyeleg, så det betre kan takast omsyn til alle kantar. Dinest strekar ein under at gjerdeskyldnaden i dette slag tilfelle ofta vert ordna i avtala når stykket vert fråskilt, og at slike avtaler etter § 2, siste stykket, gjeld utan tidsfrist. Slike avtaler fører ikkje med seg nokon verknad for gjerdeskyldnaden åt tredjemann.»

I samsvar med dette vart § 7, tredje stykket, i utkastet stroke.

Merknadene frå Norges Bondelag har vore lagt fram for Utvalet, som i brev dagsatt 3. november 1958 har gjeve denne fråsegna:

«Om dei prinsipielle synsmåtane som den ålmenne regelen i § 7 er bygd på, viser ein til Rådsegn 1, side 12—14, og Rådsegn 3, side 6—7 og side 8. Dei grunnar som er nemnde og som Norges Bondelag seier seg samd i når det gjeld gjerdetvang mellom jordbruks eide dom (jfr. brevet side 1 nedst), talar for at regelen skal gjelda ålmēnt — såleis og der jordbruks eide dom støyter imot eigedom av anna slag. Både av økonomiske og av andre grunnar bør det i slike høve og vera gjerdetvang så langt og ikkje lenger enn gjerde er nyttig for kvar av grannane og lønsamt for både under eitt. Når då kostnaden skal delast etter nyitta på kvar side (jfr. § 8), kan føresognene i framlegget ikkje føra til tap anten for jordbruket eller for nokon annan. Det synest og mest rimeleg at gjerdehaldet mellom ein jordbruks eide dom og stykke som er fråskilt til det eine eller andre slag bruk, vert delt etter vanlege reglar og prinsipp, når partane ikkje har avtala noko anna og fastsett vederlag og andre vilkår deretter. Dette er det prinsipielle synet som Utvalet har.

På den andre sida vert løysinga i mange av dei tilfella som unntaksregelen skulle råka, truleg om lag den same når gjerdet skal delast etter § 8 (jfr. Rådsegn 3, side 8). Når det gjeld t. d. hyttetufter og likeins sports plassar kan ein såleis ikkje sjå avgjeraende grunnar imot eit ålmēnt unnatak. For sume slag industri og kom resultatet til å verta rimeleg nok, men det er mange slag industri verksemnd som ikkje set slike krav til gjerdehaldet at dei bør koma i noka serstode (jfr. t. d. konfeksjonsindustri). For tufter til vanlege bustadhús kom ein unnatakregel som nemnt, i mange tilfelle til å verka urimeleg hardt, både av sosiale og av andre grunnar. Å ta med hagar kom og til å føra for langt, serleg når ein tenkjer på fruktstroka. Det er såleis noko vanskeleg å finna ei avgrensing som er både rimeleg og grei på same tid.»

Det har og vore halde fram at det bør vere ein regel om unnatak for verksemnd som lett kan gjere skade.

S k o g b r u k s f o r e n i n g e n a v 1 9 5 0 seier såleis at gjerdehaldstvangen «bør følge den virksomhet som i særlig grad enten kan volde skade på omgivelsene eller som må vernes mot omgivelsene». Og N o r g e s B o n d e l a g meiner at det bør «innføres en særregel for visse virksomheter som volder fare, idet disse bør påleggjess gjerdeplikt».

Utvalet har om dette sagt i brevet frå 3. november 1958:

Om lov om grannegjerde.

«Reglane om ansvaret for dyr, og likeins om ansvaret for farleg verksemd, verkar i nokon mon inn på kor stor nytte kvar av partane har av gjerde (jfr. Rådsegn 1, s. 14). Men det fell utanfor råma her å drøfta korleis reglane om ansvar for dyr og for farleg verksemd er og bør vera. Det er spørsmål som lyt takast opp i ein annan samanheng.»

Departementet er i desse spørsmåla samd med Utvalet. Den løysinga Utvalet har funne fram til, synest å vere den som best kan ta omsyn til alle ulike interesser som her kjem inn. Frå ein rettsteknisk synsstad kunne det nok vore ein føremon med ein nærare utpensling av interesseprinsippet. Men føresetnaden måtte då vere at ein hadde noko nær fullt oversyn over dei interessene som her har krav på å verte tilgodesedde. Om lova nemner nokre interessegrupper serskilt, vil det lett kunne hende at tilhøve som ikkje er nemnde vert lagt mindre vekt på av skjønet. På førehand å vege alle ulike tilhøve og interesser som her kan kome opp, må seiast å vere mest uråd. Det er då likevel betre at skjønet står fritt.

Det ein mest kan ottast for etter framleggat er at ein heilt ålmenn regel om nytta til grunnlag for gjerdehaldstvangen og kostnadsdelinga vil kunne føre til svært mange skjøn, og til at avgjerdene i gjerdesaker vert ulike. Til boteråd mot dette vil departementet gjere framlegg om at Kongen i forskrifter kan gje nærare retningsliner om kva omsyn skjønet kan ta. På den måten vil ein lettare kunne tilmåte lova etter krav som melder seg i praksis. Ei slik fullmakt for Kongen er teken med i § 18 første stykket.

I denne samanhengen ligg det nær å minne om at lova skal gjelde i byane òg. Den nytta som skal gjere utslaget i spørsmålet om gjerdehaldstvang vil her jamt over vere av eit noko anna slag enn på landet. Serleg omsynet til utsyn og utsjänad har mykje meir å seie i ein by, og trøngen til vern mot innsyn og inntrenging spelar inn på en heilt annan måte. Den moderne byggemåte med store bustadblokker set serlege krav til gjerdehaldet og gjerdehaldstvangen, kanskje først og fremst slik at eigarane ofte vil ha størst glede og nytte av at det i kjkje vert set gjerde mellom kvar og ein av granneigedomane. Desse serlege interessene i byane kan ein i nokon mon ta omsyn til i vedtekter etter § 18 i utkastet eller etter § 2 jfr. § 148 i bygningslova. Men det vil likevel kunne syne seg å vere sertseneleg med serlege retningsliner for skjønet når det skal løyse strid om gjerdehaldet.

Landbruksdepartementet (Skogdirektøren) har i brev 27. mai 1958 teke opp nokre spørsmål om gjerdehaldstvang for ålmenningen. Det står her m. a.:

«I forslagets § 7 er det ikke medtatt den nåværende regel i lov om jords fredning § 3 punkt d (det vil si om almenninger). Dette er for så vidt i overensstemmelse med hva vi her i Landbruksdepartementet tidligere har antydet, men det var for mitt vedkommende under den forutsetning at beiteberettiget kunne påleggess en selvstendig plikt til å delta i utgiftene ved gjerdehold. Hvis Sivillovbokutvalgets nåværende forslag vedtas og altså den beiteberettigede ikke får noen sådan selvstendig plikt til gjerdehold, er det meget betenklig å sløyfe regelen om almenninger i den nåværende lovs § 3 punkt d.»

Etter § 11 i utkastet frå Utvalet skulle ein beiterettshavar ha beinveges ansvar for gjerdehaldet. Dette framleggat er teke opp ubrigda i § 11, i lovframleggat her. Når beiterettshavaren har skyldnad til å bere utgiftene med gjerdehald elles skulle det såleis vere greitt nok å la gjerdehaldstangen gjelde for ålmenningen og.

Landbruksdepartementet har dessutan reist spørsmålet om tilhøve mellom kostnaden til gjerdehald og utlikning av innkoma frå ålmenningen. Det mest praktiske i ålmenningshøve må vere at styret greier med det gjerdehaldet som fell på ålmenningen eller ålmenningsbrukarane for alle under eitt, og Justisdepartementet går ut ifrå at kostnaden etter vanlege ålmenningsreglar har prioritett framfor ålmenningsbrukarane, såleis at det ålmenningen kastar av seg først og fremst lyt gå til å ta vare på og frede for sjølve ålmenningen (jfr. lov av 12. oktober 1857).

Andre stykket er teke med etter framlegg frå Landbruksdepartementet, sjå nærare Rådsegn 3 s. 8.

Til § 8.

Paragrafen svarar til § 8 i det endelige utkastet frå Utvalet.

På same måten som § 7 har denne føresegna reist tvil, og det har vore peika på at sjølve lova burde gje nærare rettleiing om dei omsyn som serleg skulle ha vekt ved kostnadsdelinga (sjå framanfor s. 9—10 og 12—14 og Rådsegn 3 s. 8—9).

Reglane om gjerdehaldstangen og kostnadsdelinga er knytte nær ihop. Når nytta blir grunnlaget for gjerdehaldstangen, er det einaste rimelege at den same nytta lyt vere grunnlaget for kostnadsdelinga. Dette var den prinsipielle løysinga Utvalet peika på alt i den førebels tilrådinga si. I lovutkastet (§ 8) blei likevel hovudregelen forma slik at det skulle vera deling halvt mot halvt som før, men med serskilde avgrensingar og unntaksføresegner.

Om lov om grannegjerde.

Dette vart gjort av rettstekniske grunnar. Serleg tenkte Utvalet på dei skjønsvanskane som kunne kome opp (sjå nærmere Rådsegn 1 s. 13—14 og s. 20). Men i det endelige utkastet blei paragrafen utforma i samsvar med det prinsipielle utgangspunktet. Dette samsvara og med utkastet frå Landbruksdepartementet. Utvalet peikar m. a. på at det første utkastet lett kunne føre til at avgjerdene kom til å gå etter ½-delingsregelen meir enn rimeleg og ynskjeleg (Rådsegn 3 s. 9).

Departementet kan vel skjøne ynskjet om å få ein greiare og meir detaljert regel om kostnadsdeling. Men på same måten som med gjerdehaldstvangen, ser ein det slik at serskilde presumpsjonsreglar i sjølve lova lett vil hole ut nytteprinsippet i praksis. Ut frå dette har departementet jamvel vore i tvil om den regelen Utvalet har teke med i andre punktummet i § 8 bør vere med. Til rettleiing for skjønet er her sagt at når det er jordbruks- eller skogbrukseidemål på både sidene, kan skjønet legge vekt på om berre den eine sida skal nyttast til beite. Når regelen likevel er teken med, er det avdi ein meiner det er påkravt å streke under at skjønet etter den nye lova ikkje einsidig må leggje vekta på den letten gjerdehaldet fører med seg i skyldnaden til å vakte på beitedyra. Men utover dette har departementet kome til at den beste måten å hindre for stor ulikskap i skjønsavgjerdene, vil vere at Kongen i forskrifter gjev retningsliner for skjønet, sjå nærmere det som er sagt til § 7 framfor.

Føresegna i andre stykket må ein sjå i samanheng med § 6. At ein av grannane vil ha eit noko dyrt gjerde, er serleg tenkjeleg utanom reine jordbruksstilhøve. I Rådsegn 1 s. 20 er nemt til døme gjerde mellom hagen å ein rik villaeiger på den eine sida og tufta å ein småkårsman på hi, eller gjerde mellom ein tennispllass og eit kulturgeite.

Til § 9.

Paragrafen svarar heilt til § 9 i utkastet frå Utvalet og departementet viser til grunngjevinga i Rådsegn 1 s. 21.

Til § 10.

Føresegna svarar heilt til § 10 i det endelige utkastet frå Utvalet. Departementet viser til grunngjevinga i Rådsegn 1 s. 21—22 og Rådsegn 3 s. 9.

Til § 11.

Paragrafen svarar til § 11 i framleggget frå utvalet sjå Rådsegn 1 s. 14 og s. 22 og Rådsegn 3 s. 9.

I Rådsegn 3 s. 9 er det m. a. sagt: «Korleis eigar og brukar skal gjere opp innbyrdes, lyt avgjeraast etter avtale dei imellom, og elles etter vanlege reglar om rettshøve mellom eigar og brukar.» Landbruksdepartementet har peika på at dei vanlege reglane om oppgjør mellom eigar og brukar innbyrdes høver mindre godt når det gjeld tilhøvet mellom eigar og beiterettshavar. Landbruksdepartementet (Skogdirektøren) har difor gjort framlegg om at det blir teke inn eit nyt fjerde stykke i paragrafen med denne ordlyden:

«Fordelingen av utgiftene til gjerdehold mellom grunneier og beiterettshavar kan i mangel av minnelig overenskomst avgjøres ved gjerdeskjønn etter § 14. Fordelingen av gjerdehold skjer på tilsvarende måte som i § 8, 1. punktum er fastsatt for gjerdehold mellom naboer, kfr. også § 13.»

Utvalet har til dette sagt:

«For det innbyrdes oppgjøret mellom eigar og beiterettshavar er det reglar i § 13 (jfr. Rådsegn 1, side 22—23). Der det ikkje er grunnlag for anna, skal gjerdehaldet delast etter kor mykje dyr kvar vanleg har på beitet. Er der andre interesser attåt beitinga, lyt dei sjølvsgå telja med ved delinga, og i slike tilfelle lyt nyttar for kvar vera avgjeraande (om nyttar av gjerdehald, jfr. Rådsegn 1, side 13—14, og Rådsegn 3, side 9). Gjerdehaldet kan delast in natura, og i så fall fell solidaransvaret utetter bort. Avgjerdene høyrer under gjerdeskjøn i samsvar med § 14. Det tillegget som skogdirektøren har skissert, skulle såleis vera uturvande.»

Det Utvalet her peikar på er rett nok, så lenge både eigar og beiterettshavar har beiterett i marka. Men § 13 i utkastet løyser ikkje tvist om kostnadsdeling mellom beiterettshavar og ein eigar som ikkje har beitedyr eller beiterett der. Likevel vil eigaren kunne ha nytt av gjerdet. Det kan nok og tenkjast andre brukshøve, der det kan bli tvist mellom eigar og brukar om kostnadsdelinga.

Departementet meiner det er naturleg at gjerdelova har reglar om dette «indre» oppgjør og. Utvalet har alt teke med slike reglar for sameigarar og fleire beiterettshavarar i same område. I tråd med framleggget frå Landbruksdepartementet vil ein gjere framlegg om at det som nytt andre punktum i § 11 kjem inn ein ålmenn regel om, at kostnadsdeling mellom eigar og brukar kan avgjeraast med gjerdeskjøn etter reglane om kostnadsdeling grannar imellom. Føresegna i § 13, andre punktummet (svarande til § 13, andre punktummet i utkastet frå Utvalet) vert då ein serregel til utfylling av denne ålmenne regelen.

I § 11, andre stykket andre punktummet, hadde Utvalet i sitt førebels utkast ein regel

Om lov om grannegjerde.

om at eigaren ikkje kunne krevje skjøn mot granne utan samtykke av brukaren. Norges Bondelag har gått mot denne føresegna og peika på at eigaren vil kunne ha ei ålmenn eller spesiell interesse i gjerde, og at brukaren difor ikkje bør kunne stengje han frå å reise krav om det på eiga hand. Utvalet har til dette sagt:

«Regelen om at eigaren ikkje kan krevja gjerdeskjøn mot granne utan samtykke av brukaren (§ 11, andre punktum i andre stykket), heng saman med at brukaren automatiskt får ansvar for gjerdehaldet andsynes grannane. Etter det førebels framleggget var brukaren åleine om ansvaret utetter, og regelen hadde då gode grunnar for seg. Etter det endelige framleggget derimot har eigar og brukar solidaransvar andsynes grannane, og ein er samd i at regelen då går ut.»

Departementet har ikkje noko å seie til dette. Det kan heller ikkje vere nokon grunn til å fastsetje i lova at skjøn lyt krevjast både mot eigar og brukar, sjå § 11 andre stykket første punktummet i framleggget frå Utvalet. Dette er noko som fylgjer av vanlege prosessreglar — skal ei skjønsavgjerd bli bindande både for brukar og eigar, må kravet reisast mot begge. Men det må elles stå grannen fritt for å reise skjønssak berre mot ein av dei om han måtte ynskje det, såleis at saka ikkje blir avvist om begge ikkje er tatt med. Ei føresegn som den Utvalet har gjort framlegg om, kunne lett føre til det. Skjønssyren vil elles på vanleg måte måtte gje rettleiing til den som krev skjøn, slik at han kan få høve til å rette på det om han ved eit mistak ikkje har tatt begge med.

Departementet har etter dette latt heile andre stykket i framleggget frå Utvalet gå ut.

Til §§ 12 og 13.

Desse føresegnene svarar heilt til §§ 12 og 13 i det endelige utkast frå Utvalet. Departementet viser til Rådsegn 1 s. 22—23 og Rådsegn 3 s. 9.

Til § 14.

Paragrafen svarar til § 14 i det endelige utkastet frå Utvalet, sjå Rådsegn 1 s. 23 og Rådsegn 3 s. 9—10.

Til § 15.

Paragrafen svarar til § 15 i det endelige utkastet frå Utvalet, sjå Rådsegn 1 side 23 og Rådsegn 3 s. 10.

Til føresegna i andre stykket har Landbruksdepartementet (Jordskiftedirektøren) gjort gjeldande:

«Denne bestemmelse er i strid med BeiteLovutvalgets forslag (jfr. dets § 6), og jeg meiner bestemmelsen er ueheldig. Arten av jordbruksjærder bør innrettes etter det stedlige behov, og det kan være høyst forskjellig. I enkelte høve kan det være nødvendig at gjerdet freder for storfe og sau, i andre tilfeller kun for storfe. Gjerdeskjønnet som er på stedet og blir kjent med forholdene (det samme gjelder jordskifteretten) vil ha de beste betingelser for å bestemme hvorledes gjerdet skal være for å tilfredsstille de stedlige krav. Og det vil også ha forutsetningene for å fastsette i hvilket tidsrum gjerdet skal være i stand.

Jeg vil foreslå at annet ledd i § 15 går ut.»

Om samme spørsmålet heiter det i merknadene frå Norges Bondelag:

«En finner det unødvendig å angi en bestemt gjerdehøyde. Det avgjørende må være at gjerdet er så høyt, sterkt og tett at det freder mot de dyreslag som er nevnt i bestemmelsen.

Det foreslås slik ordlyd:

.... skal gjerdet vera så høgt og så sterkt og tett at det fredar mot hest, naut og sau...»

I merknadene frå Skogdirektøren heiter det om same stykket:

«Etter min mening medfører dette at i alle tilfelle hvor gjerdeskjønn holdes skal påbys såkalt «lovlig gjerde». Dette synes jeg stemmer dårlig med reglene i § 2... Regelen i § 15 vil derfor så vidt jeg forstår bli, at om 2 nabover f. eks. ikke blir enige om gjerdefordelingen, men er enige om hvordan gjerdet skal se ut, kan de ved gjerdeskjønn bli tilpliktet å holde «lovlig gjerde».

Jeg tror derfor at det etter den foran siterte del av forslagets § 15, annet ledd, bør tilføyes: «eller følger av avtale mellom partene».»

Desse merknadene har vore lagde fram for Utvalet, som i brev dagsett 3. november 1958 har gjeve denne fråsegna:

«Regelen i andre stykket av § 15 om gjerdehøgda der det er jordbruks- eller skogbruks-eigedom på noka side og om gjerdetida der det er jordbruks- eller skogbrukseigedom på både sider, kan formast nærmere ut etter lokale tilhøve i kommunal vedtekts stadfest av Kongen (jfr. § 18 b og c). Likeins kan partane avtale den gjerdehøgd eller gjerdetid som dei vil ha, og så langt partane såleis vil det same, er skjønet bunde til å leggja det til grunn. Dette fylgjer av § 1, jfr. § 2 (sjå og merknader i Rådsegn 1, side 23), og elles av vanlege prosessgrunnsetningar.

Men er partane usamde om kor høgt eit jordbruksjærde skal vera, bør det vera ein norm å gå etter, ei minstehøgd som kvar av partane har krav på. Då slepp partane å halda skjøn for å få spørsmålet løyst. Når det gjeld jordbruksjærde, har ein her lang røynsle å byggja på i spørsmålet om kor høgt «lovleg gjerde» bør vera: 1,10 m er det same som i lova no og likeins i utkastet frå Landbruksdepartementet. Det er viktig at det ikkje vert høve til å tvistast for mykje om dette. Serskilt når det gjeld spørsmålet om kva tid jordbruksjærde skal vera i lovleg stand, er det ofte viktig at

det vert same regelen over eit vidare område enn berre mellom 2 grannar (jfr. merknad til § 15 i Rådsegn 1, side 23).»

Departementet er i dette spørsmålet samd med Utvalet.

Til § 16.

Paragrafen svarar i hovudsaka til § 16 i framleggget frå Utvalet.

Departementet er samd i at gjerdeskjøn bør vere rettslege skjøn i byane og lensmannsskjøn på landet. Som det elles er vanleg i lovgjevinga, må det då vere nok å seie at lensmannen skal styre skjønet på landet. Av skjønsprosesslova fylgjer då utan vidare at skjønet i byane og alle overskjøn skal styrast av ein domar (sjå §§ 5 og 34 i skjønsprosesslova).

I andre stykket har Utvalet teke inn denne føresegna:

«Er det jordbruks- eller skogbrukseigedom på både sidene, tek skjønsstyraren skjønsmennene or jordskifteutvalet der slike utval finst, jfr. jordskiftelovens § 8. Overskjøn høyrer under jordskifteretten.»

Om grunngjevinga viser departementet til Rådsegn 3 s. 10.

Departementet meiner at det i desse sakene ikkje kan vere grunn til fråvik frå dei vanlege reglane om skjøn, korkje når det gjeld mennsoppnemning eller overskjøn. Etter § 14 i skjønsprosesslova frå 1. juni 1917 kan det på vilkår som der er sagt, takast skjønsmenn utanom dei vanlege utvala. I slike høve vil ein og kunne ta skjønsmenn frå utvalet for jordskiftesaker. Dei vanlege reglane skulle såleis vere fullnøyande i gjerdeskjønssaker og.

Departementet kan heller ikkje sjå at det skulle vere nokon grunn til å la overskjønet gå til jordskifteretten. Gjerdesakene vil ofte gjelde reine rettsspørsmål. Overskjøn bør difor alltid styrast av ein juridisk domar i samsvar med dei vanlege reglane i skjønsprosessen.

Einaste unnataket frå skjønslova departementet har funne grunn til er talet på skjønsmenn. Etter hovudregelen skal talet på skjønsmenn vere 4 når skjønet blir styrt av ein domar, medan det i lensmannsskjøn skal vere 2 (skjønsprosesslova § 11). Og i overskjøn etter rettsleg skjøn skal det vere 6 skjønsmenn, men elles 4 (skjønsprosesslova § 34).

I byane vil det kunne bli eit noko stort apparat å setje i sving om ein her skulle fylge hovudregelen. Dette ville og verke serleg urimeleg når ein tek omsyn til at slike skjøn i byane jamt over vil vere meir einfelde enn på landet.

Nå tek skjønsprosesslova greitt etterhald om at talet på skjønsmenn kan vere eit anna etter serlovene, og det bør det vere i gjerdesaker. Det skulle vere heilt tilrådeleg om ein i alle gjerdeskjøn har 2 skjønsmenn i underskjønet og 4 i overskjønet. Departementet gjer framlegg om ei slik føresegn i andre punktummet i paragrafen. På denne måten får ein i denne lova same skjønsskipnaden som det er gjort framlegg om i utkastet til beitelova.

Føresegna i andre stykket om utlikning av kostnadene med skjønet svarar heilt til framleggget frå Utvalet, sjå Rådsegn 1 s. 24.

Til § 17.

Første stykket svarar heilt til § 17 første stykket i utkastet frå Utvalet, sjå nærmere om grunngjevinga i Rådsegn 1 s. 15 og s. 24, Rådsegn 3 s. 10 og på s. 11 framanfor.

Andre stykket første punktummet svarar heilt til § 17, andre stykket, i det endelege utkastet frå Utvalet, sjå Rådsegn 1 s. 24 og Rådsegn 3 s. 10.

Utvalelet har i Rådsegn 3 s. 10 peika på at denne fullføringsmåten bør kunne brukast jamvel om det ennå ikkje er noko tvangsgrunnlag. Departementet er samd i at det — på same måten som etter § 18 i gjerdelova nå — kan vere turvande med ein snogg og billeg tvangsføringsmåte når grannen ikkje gjer skyldnaden sin, t. d. til istrandsetjing av gjerde, nyoppsetjing eller riving av ulovleg gjerde eller gjerderestar. Skulle den andre her alltid måtte vente til endeleg tvangsgrunnlag lå føre, kunne dette dra med seg tap og ulempe for han.

Men når nämsmannen ikkje har noko tvangsgrunnlag å halde seg til, lyt han sjølv vege på om han skal gje slik fullmakt grannen ber om. Det tryggaste er då at han høyrer kva den andre har å seie om kravet før han tek avgjørda si. Men nämsmannen kan ikkje ta bindande avgjerd om sjølve gjerdehaldsspørsmålet. Vert det seinare tvist, t. d. avdi grannen meiner han ikkje har nokon gjerdehaldsskyldnad eller ein mykje mindre skyldnad enn hin seier eller at arbeidet er gjort på ein uturvande kostesam måte, høyrer dette under gjerdeskjøn. At det må vere så, fylgjer vel beint fram av § 14, første stykket. Men for å gjere det tvillaust, har departementet teke med ei føresegn om dette til slutt i § 17.

Til § 18.

Grunnlaget for første stykket går fram av det som er sagt framanfor s. 14—15.

Andre stykket i paragrafen svarar heilt til § 18 i utkastet frå Utvalet, sjå Rådsegn 1

Om lov om grannegjerde.

s. 24 og Rådsegn 3 s. 10. Norges Bondelag har gjort denne merknaden til utkastet:

«Det foreslås lovfestet at jordstyrets uttalelse skal innhentes når det gjelder forslag om vedtekter etter § 18 a—c.»

Om denne merknaden seier Utvalet i brevet 3. november 1958:

«Utvalet held for sjølvsgått at jordstyre, bygningsråd og andre kommunale nemnder og utval vert rådspurde når det gjeld gjerdevedtekter som kjem inn på arbeidsområdet deira, og det er truleg ikkje turvande å lovfesta at dette skal gjerast.»

Departementet er samd med Utvalet.

Til § 19.

Det er føresetnaden at resten av gjerdelova — andre, tredje og fjerde kapitel — vil halde opp å gjelde med den nye beitelova. Truleg vil det vere mest praktisk at desse lovene blir sett i kraft samstundes. Kongen bør difor få fullmakt til å fastsetje når lova skal ta til å gjelde.

Overgangsføresegna i andre stykket første punktummet svarar til § 3 i framlegget fra Utvalet, sjå Rådsegn 1 s. 17 og merknadene framanfor til § 1. Departementet har kome til at denne føresegna helst høyrer heime til sist i lova saman med den andre overgangsføre-

segna i siste punktummet. Denne siste føresegna svarar til § 19 siste punktummet i framlegget fra Utvalet, sjå nærmere Rådsegn 1 s. 24—25.

Etter lova nå fell avtale om gjerdehald bort etter 10 år om ho ikkje blir oppatnya, sjå § 17 i gjerdelova fra 1860. Etter utkastet her vil regelen vere at avtale kan seiast opp når minst 10 er gått, sjå § 2 første punktummet. Denne regelen bør i overgangstida og gjelde for avtaler eldre enn lova når ikkje avtala sjølv med reine ord set same eller ei kortare tidsgrense. At ei avtale ikkje som nå fell bort utan vidare, men må seiast opp, er ikkje i seg sjølv nokon urimeleg tilbakeverknad. Men av § 1, første punktummet, fylgjer at det ikkje er meiningsa å gripe inn i gjerdeskipnad som kviler på «serlege rettshøve» og har vern av § 97 i Grunnlova. Eit slikt vern vil t. d. ei seravtale om deling av gjerdetyngsla kunne ha, sjå § 7, siste stykket, i gjerdelova fra 1860.

Justisdepartementet

tilrår :

At Dykkar Majestet samtykkjer og skriv under eit framlagt utkast til proposisjon til Stortinget om lov om grannegjerde.

Vi OLAV, Noregs Konge,

gjekunnig:

Stortinget blir oppmoda til å gjere vedtak om lov om grannegjerde i samsvar med eit framlagt utkast.

Tilrådinga frå Justis- og politidepartementet ligg ved i avtrykk.

Gjeve på Oslo slott 16. januar 1959.

Under Vår hand og riksseglet

OLAV
(L. S.)

Einar Gerhardsen

Leif Østern

**Utkast
til lov om grannegjerde.**

Ålmenne føresegner

§ 1.

Føresegne i denne lova gjeld berre når ikkje anna fylgjer av serlege rettshøve. Avtale om gjerdeskipnad gjeld framfor føreseg-

nene i denne lova, når anna ikkje er serskilt sagt.

Gjerdehald ved offentleg veg og jarnveg går ikkje inn under lova. Lova gjev ikkje rett til å avtale, krevje eller ha gjerde som er i strid med lov eller vedtekter gjevne med heimel i lov.

Om lov om grannegjerde.

§ 2.

Når minst 10 år er gått, kan avtale om gjerdeskipnad seiast opp med eit års frist. Det same gjeld etter serlege omskifte i dei tilhøva som låg til grunn for avtala. Lenger tid eller frist kan ikkje avtalast, utan i samband med at del av eigedom blir fråskild til eige eller bruk.

§ 3.

Grannegjerde skal vere såleis laga og vedlikehalde at det ikkje er farleg for folk eller husdyr.

Det må ikkje gjerast såleis at det løyner bort eller skader noko delemerke.

Gjerdeskipnad i strid med denne paragrafen kan ikkje avtalast.

§ 4.

Grannegjerde skal vera såleis laga og vedlikehalde at det ikkje er uturvande eller urimeleg til ulempe eller lyte på granneeigedom.

Det skal setjast i delelina, ikkje lenger inn på grannegrunden enn på eigen grunn, og ikkje lenger inn enn 0,50 meter. Denne føresigna råkar ikkje steingard som lovleg står lenger inne på grannegrund når denne lova tek til å gjelde.

Der det fell serleg vanskeleg eller dyrt å ha gjerdet i delelina, kan det setjast ved sida mot skadebot til grunneigaren.

§ 5.

Når grannegjerde ikkje blir halde oppe lenger, skal grannane ta bort gjerde eller gjerde restar som kan vere farlege for folk eller husdyr. Så langt grannane ikkje har ansvar for kvart sitt stykke, skal dei dele kostnadene med å ta gjerdet eller gjerde restane bort i same høve som den skyldnaden dei hadde til å halde gjerde på den tida dette vart lagt ned. Tvist etter denne paragrafen kan avgjeraast med skjøn.

Rett til å ha grannegjerde.

§ 6.

Granne har rett til å ha gjerde mot granne eigedom når han kostar det sjølv.

Tvang til å halde grannegjerde.

§ 7.

Der grannegjerde er til nytte for eigedomane kvar for seg, kan granne krevje gjerdehald av granne, så framt det er klårt at samanlagt for både eigedomane er nytta av gjerdehaldet større enn kostnaden.

Gjerde som er der frå før, må ikkje leggjast ned utan att vedlikehaldskostnaden er større enn nytta for både eigedomane under eitt.

§ 8.

Der det er gjerdehaldstvang etter § 7, skal gjerdehaldet delast mellom grannane med ri meleg omsyn til den nytte kvar av dei har av gjerdet. Er det jordbruks- eller skogbruks eigedom på både sidene, kan det såleis leggjast vekt på om berre den eine sida skal nyttast til beite.

Vil den eine grinnen ha dyrare gjerde enn den andre har skyldnad til å vere med på, har han rett til det mot at han tek på seg meirkostnaden.

§ 9.

Hus eller anna byggverk som står såleis, at det gjer teneste i staden for grannegjerde, blir ikkje medrekna i den gjerdelengda som skal delast. Der lende, grindhald eller andre tilhøve gjer gjerdehaldet dyrare på det eine stykket enn på det andre, skal skilnaden jamnast ut med avstyting i lengda eller på annan måte som skjønet fastset.

§ 10.

Der det er tenlegast så, kan gjerdeskjønet ta avgjerd om at grannane skal ha heile eller noko av gjerdehaldet i lag, eller at den eine skal ha det heile åleine mot at den andre yter honom tilskot som skjønet fastset.

Avtale eller serlege rettshøve som hindrar ein rimeleg gjerdeskipnad, kan setjast til sides mot at den grinnen som får vinninga, held den andre skadelaus.

Gjerdehaldet i serlege eige- og brukshøve.

§ 11.

Der ein annan enn eigaren brukar eigedomen eller eit serskilt stykke, har både brukar og eigar ansvar for gjerdehaldet andsynes grannane og rett til å krevje lovleg gjerdehald frå deira side. Om deling av kostnaden mellom eigar og brukar gjeld § 8 på tilsvarende måte.

Der ein annan enn eigaren har beiteretten på eit serskilt stykke, eller heile eigedomen, blir beiterettshavaren rekna for brukar.

§ 12.

For område som ligg i sameige mellom bruk, er retten og skyldnaden til gjerdehald utetter som om det var ein eigedom for seg. Har sameigarane ikkje kvar sitt tydeleg fastsette gjerdehaldsstykke, er dei ansvarlege ein for alle og alle for ein.

Om lov om grannegjerde.

Segimellom er sameigarane skyldige til å bere så mykje av gjerdehaldet at det svarar til den parten kvar av dei har i sameiga.

§ 13.

For serskilt område der to eller fleire som ikkje er sameigarar har rett til beite, gjeld første stykket i § 12 på tilsvarende måte. Er det ikkje anna delingsgrunnlag, svarar kvar av dei for gjerdehaldet etter kor mykje dyr han vanleg har på beitet.

Gjerdeskjøn.

§ 14.

Spørsmålet om gjerdehald blir avgjorde med gjerdeskjøn, så langt ikkje anna er serskilt fastsett i lov.

Der det er kravt jordskifte, bruksordning, avløsing eller delegang etter jordskiftelova, avgjer jordskifteretten spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling i samsvar med den lova.

I spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling kan ny avgjerd krevjast når minst 15 år er gått. Det same gjeld etter eideomsdeling og etter andre serlege omskifte i dei tilhøva som låg til grunn for avgjerala.

§ 15.

Kjem gjerdeskjønet til at der er skyldnad til å halde gjerde, tek det turvande avgjelder om korleis gjerdet skal vere, og kva tid det seinast skal vere sett i lovleg stand. Slike avgjelder skal mest mogeleg rette seg etter det grannane sjølv ynskjer, og etter skikk og bruk på staden.

Er det jordbruks- eller skogbruksseigedom på noka av sidene, skal gjerdet vere minst 1,10 meter høgt og så sterkt og tett, at det fredar mot hest, naut og sau, så langt ikkje anna fylgjer av vedtekt etter § 18 b. Der det er rein jordbruks- eller skogbruksseigedom på både sider, er det ingen skyldnad til å halde gjerdet i stand utanom den tida på året då marka er tenleg til beiting (jfr. § 18 c).

§ 16.

Skjøn etter denne lova (gjerdeskjøn) skal på landet styrast av lensmannen. Det skal i alle gjerdeskjøn vere 2 skjønsmenn i underskjønet og 4 i overskjønet.

Kostnaden med skjøn om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling etter §§ 7 og 8 ber par-

tane i høve til den nytta kvar av dei har av gjerdet, så framt ikkje skjønet finn grunn til ei anna deling. Om skjønskostnaden elles gjeld det som er fastsett i kapitel 13 i lova om rettargangsmåten for tvistemål.

Tvangsfullføring.

§ 17.

Skjønsavgjerdene er tvangsgrunnlag på same måten som orskurdar. Om klage til høradsrett og krav om overskjøn gjeld føresegna i tvangsføringlova § 8, andre stykket.

Når den eine grinnen ikkje oppfyller gjerdehaldsskyldnaden, kan nåmsmannen la den andre få fullmakt til å setje arbeidet i verk på hans kostnad. Har kravet ikkje tvangskraft, skal nåmsmannen gje grinnen høve til motmåle før han tek avgjera si. Er der ikkje tvangsgrunnlag frå før, kan tvist om kostnadsspørsmålet avgjeraast i granneskjøn når arbeidet er gjort.

Serlege føresegner og vedtekter.

§ 18.

Kongen kan gje nærmere føresegner til rettleiing for skjøn om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling etter §§ 7 og 8.

I vedtekt stadfest av Kongen kan kommunestyret:

- setje forbod mot visse slag grannegjerde og gjeve nærmere føresegner om korleis gjerde skal vere,
- fastsetje andre krav til høgd, styrke og tettleik på jordbruksjerdene enn dei som er sette i § 15, andre stykket,
- fastsetje kva tid på året marka skal reknaast for tenleg til beiting, jfr. § 15, andre stykket.

Ikraftsetjing og overgangsføresegner.

§ 19.

Denne lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset. Samstundes held første kapitlet i lova om jordfreding frå 16. mai 1860 opp å gjelde.

Den gjerdeskipnaden som er mellom eigedomane når denne lova tek til å gjelde, står ved lag så lenge ikkje anna blir fastsett i gjerdeskjøn eller på annan lovleg måte. Føresegna i § 2, første punktummet, skal og gjelde for avtale om gjerdeskipnad frå tida før denne lova tek til å gjelde.

Frå Sivillovbokutvalet

Rådsegn 1

Om grannegjerde og om ansvar for visse slag husdyr

Førebelets framlegg

Til Justisdepartementet.

Sivillovbokutvalet vart oppnemnt i kgl. resolusjon 10. april 1953, og fekk då til arbeidsoppgåve å laga framlegg til kodifikasjonslover for tingsretten og panteretten og framlegg til nye lovføresegner om odels- og åsætesretten.

Med i Utvalet er 1. professor Knut Robberstad (formann), 2. sorenskrivar Ketil Skogen, 3. høgsterettsdomar Karsten Gaarder. Sorenskrivar Skogen har det faste arbeidet sitt i Utvalet.

Sekretær for Utvalet er cand. jur. Mons Nygård.

Utvalet har serleg arbeidt med desse emne: grenser for fast eigedom, grannerett, gjærderett, granne-ansvar for dyr, og sameige (vanleg sameige og jordsameige).

Til å yta Utvalet sakkunnig hjelp i arbeidet med føresegner om gjærde mellom eigedomar og granne-ansvar for dyr er oppnemnt underdirektør Aslak Lidtveit, Landbruksdepartementet.

Gjærdeføreseggnene i jordfredingslova frå 16. mai 1860 gjeld berre fredingsgjærde mot beitefe. Men Utvalet kom snart til at ei ny gjerdelov måtte gjelda andre slag grannegjærde og, og at det var grunn til å sjå gjerdespørsmåla i nær samanheng med granneretten i det heile.

For ei tid sidan vart Utvalet kjent med at spørsmålet om nye føresegner om gjærde og om dyreansvar var oppe i Landbruksdepartementet. Utvalet heldt det då rettast å laga førebels framlegg i dette emnet, så dei løysingar Utvalet har kome fram til, ikkje skulle vera ukjende i det arbeidet.

Oslo, 24. mars 1955.

Knut Robberstad

Ketil Skogen

Karsten Gaarder

Mons Nygård

INNHALDSLISTER

A. Om grannegjerde.

	<i>Historisk oversyn og gjeldande rett:</i>	Side
I. Rettsreglane før gjerdelova	5	
II. Gjerdelova frå 1860	5	
III. Ymse gjerdeføresegner utanom gjerdelova	8	
IV. Eldre reformframlegg	8	
1. Den parlamentariske landbrukskommisjonen	8	
2. Lovframlegg om gjerdeplikt for byeigedomar	9	
3. Beitekomitéen	10	
4. Sæter- og beiteutvalet	10	
5. Produksjons- og Rasjonaliseringskomitéen for Jordbruket	11	
.....		
	<i>Framlegg frå utvalet:</i>	
V. Almenne synsmåtar	11	
1. Omskiftet i samfunnet	11	
2. Råma for ny gjerdelov	11	
3. Gjerdehaldstvang	12	
4. Gjerdehaldstvang i ymse slag eige- og brukshøve	14	
5. Avgjeringsmåte og tvangsføring i gjerdesaker	15	
VI. Merknader til dei einskilde paragrafane	16	
VII. Framlegg om grannegjerde	25	
.....		
	B. Om ansvar for visse slag husdyr.	
I. Merknader til framlegget	26	
1. Innleatingsmerknader	26	
2. Stutte merknader til dei einskilde paragrafane	27	
II. Framlegg om ansvar for visse slag husdyr	28	
.....		
<i>Vedlegg til A. Utanlandsk gjerderett</i>	29	
a. Dansk rett	29	
b. Finsk rett	31	
c. Færøysk rett	32	
d. Islandsk rett	33	
e. Svensk rett	34	

A. Om grannegjerde.

HISTORISK OVERSYN OG GJELDANDE RETT

I. Rettsreglane før gjerdelova.

Dei føresegnene som galdt om gjerdehald og jordfreding før den nogjeldande lova fra 16. mai 1860, stod i Norske Lov 3—12—16 til 23. Føresegnene var utan serlege brigde tekne or Magnus lagabøtes landslov, landsleigebolken, kap. 29 til 34; men i praksis var i nokon mon nye rettstankar tekne opp.

Fra gammalt var det vanleg å nyitta marka til sambeite. Dyrka jord var det heller lite av. Det var då naturleg med ein regel om at jorddyrkaren sjølv fekk syta for å halda beitedyr borte med gjerding eller på annan måte. Men nokon slik regel galdt ikkje fullt ut. I nokon mon låg det på dyreeigaren å syta for at dyra ikkje fekk koma inn på annan manns mark. Dessutan galdt det gjerdetvang såleis at den som ville ha gjerde i bytelina mot granne, kunne krevja at grinnen skulle vera med og gjerda sin part.

I Landslova var nemnt fire slag lovleg gjerde: s t a u r g a r d — ei alen mellom kvar staur, så tjukk at ei buløks (vedøks) ikkje kunne kastast igjennom og høg som opp under armholia på ein vaksen kar; r i m a g a r d — fire slåter (stenger, rimar) i høgda lagde opp mellom nedsette staur-par (staurlag); s k i g a r d — som skulle haldast der det var nøgda trefang, og h a g f e l l e g a r d — felte tre lagde saman topp over stomin så tett at fe ikkje kunne koma igjennom. Myr og anna ulende som stengde for fe, vart rekna for gjerde godt nok. Same føresegnene stod i Norske Lov. Men ved sida av dei gjerdesлага som står nemnde i lovene, vart gjerde av andre slag og godtekne når dei freda like godt. Steingardar har det såleis funnest frå utgamal tid.

Både etter Landslova og etter Norske Lov skulle gjerda vera i lovleg stand fram 3. mai (Krossmesse) til 14. oktober (Vinternetter). På grannestemme Halvardsmessedagen, den 15. mai, skulle gjerda synfarast og godtakast.

For delinga av gjerdehaldet hadde både lovene føresegner om at kvar av grannane skulle ta sin part etter som dei hadde jord til, etter storleiken på gardane. Men på 1800-talet hadde det vorte vanleg at grannane gjerde halvt mot halvt utan omsyn til skyld. (Gjerdelovkommisjonen frå 1858, side 59—61).

Gjerdetvangen galdt ikkje i allslags mark. I innmark kunne grinne krevja gjerde av granne. Det same galdt i utmark der det frå

gamalt hadde vore gjerde. Om det galdt i heimemarka elles og, var noko uvisst. Men i fjell og sætermark galdt i regelen ingen gjerdetvang, og heller ikkje der marka låg i teigbyte. (Gjerdelovkommisjonen, side 54—59).

II. Gjerdelova frå 1860.

Det vart etter kvart eit ålment syn at dei gamle reglane i jordfredingsretten var både uklare og lite tidhøvelege og at det trongst ei omvøling. Til Stortinget i 1857 kom det ikkje færre enn fire oppmodingar om nye lovreglar. Ein kongeleg kommisjon vart så nemnd opp til å arbeida ut lovframlegg. Desse var med: Amtmann N. Vogt (formann), stamhuseigar G. Hoff-Rosenkrone, stortingsmann S. Jaabæk, prokurator M. Kildal og stortingsmann M. A. Aarflot.

Kommisjonen gav si tilråding i 1859, og heldt der fram at tida var inne til å føra inn eit nytt grunnsyn i jordfredingsretten. På side 69 til 70 i tilrådinga heiter det:

«De to Hovedsætninger, som i denne Materie opstilles, den ene, at Enhver faar beskytte sin Jord, den anden, at Enhver faar passe sit Kvæg, have sin naturlige Anvendelse, den første under lidet udviklede oprindelige Forhold, den anden under meget udviklede Forhold. Spørgsmaalet er, hvorvidt Jordbruget og Forholdene her i Landet befinde sig paa det Standpunkt, at den sidstnævnte af disse Hovedsætninger ubetinget bør have Overvægten. Vi have ikke været i Tvivl herom. For en Del af Landet (Slettebygderne), hvor allerede nu al Mark er bragt under Hegn, vil vel den Tilstand ikke være fjern, at om ingen Lov paabød det, frivillige Vedtagelser ville føre til det Resultat at Enhver skal staa til Ansvar for sine Sauer, Svin og Gjeder og Gjærdepligt finde Sted alene med Hensyn til stort Kvæg, for ikke at tale om de længst fremskredne og tættest befolkede Distrikter, hvor Overenskomst rimeligvis i nogen Grad vil føre til Afskaffelse av alt Gjærde . . . I Fjeldbygderne og det Vestenfjeldske ville Forholdene udvikle sig senere, men i tilsvarende Retning til den for Slettebygderne nys anførte . . . Vi ere enige i, at en ny Lov i denne Materie bør hvile paa den Hovedsætning, at Enhver, som har Bofæ (Hest, Ko, Svin, Sau, Gjed), skal vakte det, saa det ikke uretteligen indkommer paa anden Mands Eiendom, dog at han, om han til Opfyldelse af Vogtningspligten vil gjærde, kan kræve, at hans Nabo deltager i Gjærrets Opførelse og Vedligeholdelse . . .»

I samsvar med dette synet var lovframlegget frå kommisjonen forma, og framlegget vart i det meste lagt til grunn for proposasjon og lov i emnet.

Jordfredingslova frå 16. mai 1860 står ubrigda ved lag enno.

Lova gjeld ikkje berre gjerdehald. Ho har reglar om ansvar for beitedyr og innsett bufe, og dessutan er teke med ymse føresegner om

sambeiting og anna. Men gjerdereglane, som det her skal gjerast greie for, er hovudinnehaldet i lova. Til vanleg vert ho difor kalla «gjerdelova».

I reglane om kvar det skal gjelda gjerdetvang, er det gjort skilje mellom innmark og utmark. Der det er innmark på både sider av bytet, kan kvar av grannane krevja gjerde av den andre. Det same gjeld der det er innmark på eine sida og utmark på hi. Der det er utmark på både sider, kan det krevjast at gjerde som er der frå før, vert halde ved like. Men gjerding frå nyo eller gjerding for anna fe enn det har vore gjerdt for før, kan derimot berre krevjast når det er prova at nytta for både eigedomane er større enn kostnaden. Twist om dette hører under skjøn (§§ 1 og 2).

For sume høve er gjort unnatak frå gjerdetvangen. Det gjeld såleis der naturtilhøva fører med seg at gjerding vert for vanskeleg eller altfor dyr i høve til nytta, og der gjerde kom til å verta ei hindring for utnytting av eit naturgode, t. d. laksefiske. Heller ikkje gjeld gjerdetvang i teigbyte og for ålmennning (§ 3).

Gjerdetvang gjeld i regelen berre der serskilt skyldsette eigedomar grensar mot kvar andre. Brukar på jordstykke som ikkje er utskilt og skyldsett, har ingen sjølvstendig rett til å krevja gjerde og heller ingen lovsett skyldnad til gjerdehald (§ 5). Etter rettspraksis kan dette føra med seg at eit bruk ikkje har skyldnad til å halda gjerde mot eiga utmark der andre har beiterett (Norsk Retstidende 1903 side 117) og heller ikkje mot utmark i sameige med andre bruk (Rt. 1916 side 969).

Men regelen er ikkje heilt utan unnatak. Likt med serskilt skyldsett jord vert rekna jord som er sett bort på arvefeste (§ 5, 2. stykket). Når eigedomar er skilde av veg, skal dei med omsyn til gjerdetvang reknast for motstøyande så framt nokon av eigaranane har lovleg høve til å setja grind over vegen. Er det ikkje høve til grindhald, er det heller ingen gjerdetvang mellom eigedomane, og den som gjærder for heile sin eigedom mot vegen, har ingen skyldnad til å halda grind eller gjerde saman med grannen (§ 6). Dette gjeld ikkje når vegen ligg langs bytet, men heilt ut på den eine eigedomen (Rt. 1887 side 698).

Til lovleg oppfylling av gjerdeskyldnad krevst eit gjerde som er 1,10 m høgt. Det skal vera så tett og sterkt at det fredar mot hest, storfe og sau. Grøft er lovleg gjerde når det på eine kanten er 95 cm høg jordvoll eller like høgt gjerde av anna slag og grøfta er 95 cm djup og 1,60 m brei. Grind over ålmenn ferdsliveg skal vera såleis laga at ho lett kan latast

opp og att. Om grind over offentleg veg er serskilde føresegner i veglova frå 21. juni 1912. Den som skal halda grind, hefter ikkje for at ho er att til kvar tid. På søknad frå kommunestyret kan Kongen (no Landbruksdepartementet, jfr. kgl. res. 8. november 1946) fastsetja at lovleg gjerde skal vera opptil 1,25 m høgt, eller at gjerde skal vera lovleg når det er tett og sterkt nok til å freda mot hest og storfe (§§ 13 og 15). Gjerde skal setjast i deildelina, men ikkje lengre inn på grannegrund enn på eigen og ikkje lengre inn enn 47 cm. Når det er tvingande grunn til det, kan gjerdet setjast heilt ut på den eine eigedomen, men berre mot skadebot. Gjerdegrøft skal gravast på den gjerdeskyldige sin grunn og jordvollen leggjast i bytet. Elv, fjell og anna som stengjer for fe, vert rekna for lovleg gjerde (§ 14).

Gjerda skal vera i lovleg stand den tida på året då «Jorden er aaben (ufrossen) eller skjøkket for Beiting». Mellom utmarker er det nok at gjerda er i stand i tida frå 30. april til 14. oktober (§ 16).

Hovudregelen om deling av gjerdetyngsla er at kvar av grannane skal ta sin halvpart av gjerdehaldet utan omsyn til skatteskylda på eigedomane. Dette gjeld alltid i innmark. Men ein utmarkeigar kan krevja sin gjerdepart nedsett når det halve er for tyngjande og han ikkje har kravt gjerdet sjølv. Twist om nedsetjing av gjerdepart hører under skjøn (§ 7).

Så langt det er råd, skal kvar eigedom få eit stykke å gjerda i samanheng.

Der det eine stykket er tyngre å halda gjerde på, skal det gjevast tilsvarende avstyttning i lengda. Sameleis skal det takast omsyn til den auken i gjerdetyngsla som grindhald på det eine stykke fører med seg når både eigedomane er saman om å bruka grinda. Twist om gjerdedeling vert avgjord i skjøn (§§ 10 og 15). I samband med utskiljing av nye bruk, kan det krevjast omdeling av gjerdehaldet så kvar eigar får gjerda for eiga jord (§ 11).

Kring mark som ligg i sameige eller teigbyte, er skyldnaden og retten til gjerdehald mot grannane som om det var ein eigedom. Luteigarane avgjør segimellom med røysting om det skal krevjast gjerde, og kvar har røysterett etter parthøvet i sammarka. Står røystene likt, gjeld deira mening som vil ha gjerde. Eit mindretal kan likevel krevja gjerde av grannane mot å ta gjerdehaldet for heile sammarka på seg. Elles skal luteigarane segimellom dela gjerdetyngsla etter parthøvet. Så lenge dei ikkje har gjort det, svarar dei utetter ein for alle og alle for ein (§ 8).

Brukars på serskilt skyldsett eigedom har

eit visst sjølvstendig ansvar for gjerdehaldet. Han hefter solidarisk med eigaren for vedlikehaldet på grannegjerdet. For gjerding frå nyo har derimot berre eigaren ansvar, men det eigaren såleis lyt leggja ut, kan han krevja att frå brukaren med ein førtiandepart årleg + lovsett rente (4 %). Tvist om storleiken på utleget, skal avgjeraast i skjøn (§ 19).

Der nokon har beiterett i annan manns skog, kan skogeigaren krevja at beiteretts-havaren heilt ut eller i nokon mon skal bera kostnadene med gjerdehaldet når det er han som har heile eller meste nytta av det. Men det vert berre ei oppgjerd dei imellom. Ut etter er skogeigaren like fullt ansvarleg åleine. Tvist om slikt krav hører under skjøn (§ 20).

Grannane kan verta samde om annan gjerdeskipnad mellom eideomane enn den som er fastsett i lova. Avtale om at gjerdetvangen skal falla bort, om meir gjerdehald eller om mindre gjerdehald enn det som kan krevjast etter lova, gjeld ikkje lengre enn 10 år om gongen. Avtale om deling av gjerdetyngsla på annan måte enn den som fylger av lova, står derimot ved lag utan tidgrense. Dette gjeld jamvel når skipnaden er eldre enn gjerde-lova, og anten grunnlaget er avtale, serlege rettshøve eller rettsavgjerd (§§ 7 og 17).

Skjøn etter gjerdelova skal vera lensmannsskjøn. Partane skal ha same varselsfrist som til forliksrådet. Om kostnadene med skjøn om gjerdetvang i utmark gjeld den serregelen at dei skal bytast mellom partane på rimeleg måte så framt kravet om skjøn er velgrunna. Elles gjeld skjønslova frå 1. juni 1917. Regelen om skjønskostnadene er der at dei skal betalast av den som krev skjønet (skjønslova § 42, fyrste stykket).

Skjønsavgjerdene er ikkje tvangsprunnlag (skjønslova § 41). Den som vil ha grannen tvinga til å oppfylla gjerdesyldnaden sin, lyt først få domstolavgjerd (så etter orskurd av Asker námsrett, i Rettens Gang 1937 side 507). Berre når det gjeld å tvinga fram vøling av gamalt gjerde, er det gjeve høve til ein lettvinne framgangsmåte: Om ikkje den gjerdesyldige tek til med vølingsarbeidet innan eit døger etter at han vitnefast er varsla av granne som kan lida skade av forsøminga, og sidan held fram med arbeidet utan avbrot, kan grannen få samtykke i skjøn til å setja gjerdet i stand og søkja kostnadene inn hjå den gjerdesyldige med panting. Til slikt skjøn nemner lensmannen opp skjønsmenn sjølv, og det er ikkje høve til å krevja overskjøn (§ 18).

Gjerdelova er ei jordbrukslov. Det går fram av den historiske samanhengen. Dei løvreg-

lane i Norske Lov som vart avløyste då gjerdelova tok til å gjelda, stod under kapiteloverskrifta «Om adskillig som Bøygdefolk i Almindelighet angaar» og galdt gjerde for bufe. Og den form føresegnene har fått, syner klårt at dei er laga med tanke på jordbruks tilhøve. Mange av dei er lite tenlege i andre tilhøve, serskilt der det ikkje finst jordbruk i vanleg meinings, men berre verksemder av ymse slag, forretningar, bustadhus o.s.b. slik det er i byar og tettgrender.

For kjøpstad er det serskilt fastsett at lova gjeld «med hensyn til have, aker, eng og aapen mark, som findes inden sammes grænser», men med dei brigde at det skal vera rettsleg skjøn i staden for lensmannsskjøn, og at dei gjeremål som elles er lagde til lensmannen, skal høyra under politiet (§ 42). I kjøpstad gjeld såleis lova ikkje alle slag eideomar og alle slag gjerde, men berre det ein kan kalla jordbruksjerde — gjerde til freding mot beiteskade på jordveg. Gjerde kring industriføretak, forretningsbygg, reine bustadhus o.s.b. fell utanfor. For tufter til slik bruk fastset denne lova ingen gjerdetvang. Dei er korkje innmark eller utmark i den tyding desse orda har i gjerdelova.

I ladestader og på landet er stoda på lag den same. Det er ingen skarp skilnad på by og land. Den blandinga av tuftebruk og vanleg jordbruk som var sermerkt for bytilhøve på den tida då gjerdelova vart vedteken, finn ein no meir av på landet enn i byen. Det finst «bygdebyar», og stader som Rjukan og Odda, der tilhøva er slik at føresegner om jordbruksjerde høver likså ringt som i nokon kjøpstad.

Vegar er eit tolleg klårt døme på eideom som fell utanfor gjerdelova. Færdsleveg er korkje innmark eller utmark og går såleis ikkje inn under §§ 1 og 2. Dessutan er det ein tydeleg føresetnad for regelen i § 6 at det ikkje gjeld gjerdetvang for veg. Kunne det krevjast at vegen tok halvt gjerde på bæ sider, var det ingen grunn til å gje ei føresegn om gjerdetvang mellom dei eideomane som grensa til på kvar side. — For offentlege vegar er dette synet gjort gjeldande i skriv dagsett 23. april 1931 frå Landbruksdepartementet (Tidsskrift for det norske utskiftningsvesen, band 13, side 65).

Til veg har og vorte rekna jarnveg (Rt. 1900 side 290).

Elles er å nemna frå rettsbruken at Oslo byrett i dom den 28. februar 1922 har gått ut frå at det ikkje galdt gjerdetvang mellom vanlege byeideomar, men i dom den 3. september 1927 nytta delingsføresegna i gjerde-lova § 7 i ei sak om gjerde mellom to forhagar

i Oscarsgate (Dommer og kjennelser i borgelige rettstvister ved Oslo byrett, VII side 51 og 55). Sandefjord byrett har lagt gjerdelova til grunn i ei sak om gjerdehald mellom ei villatuft og ei verkstadtutuft, men i ei sak om gjerde mellom to villatuftene lagt til grunn at det var bindande sedvane på staden at grannar heldt gjerde i lag, og delte gjerdehaldet etter interessa på kvar side. (Rettens Gang 1936 side 73 og 1954 side 55).

Eitpar spørsmål om gjerdetvang mellom ei skuletuft og utmarka ikring, er det svara på i departementskriv 24. november 1934 (Norsk Lovtidende 1934 side 531—532).

III. Ymse gjerdeføresegner utanom gjerdelova.

Utanom gjerdelova finst spreidde føresegner om gjerde i ymse lover:

Etter lova frå 14. juli 1893 om bruk av piggtråd til gjerde kan kommunestyret i vedtektsfest av Kongen gje føresegner om piggtråd i gjerdehaldet. I kyrkjegardslova frå 3. august 1897 § 42 er det gjeve påbod om å halda forsvarleg gjerde kring kyrkjegardar. I veglova frå 21. juni 1912 kap. IV er gjeve føresegner om gjerde, grindhald og anna ved offentleg veg.

Der bygningslova frå 22. februar 1924 gjeld, skal gjerde både mot gate og mot grannetufts godkjennast av bygningsrådet. Mot gate skal haldast forsvarleg gjerde, utan når bygningsrådet har samtykt i anna. Gjerde mot granneeigedom skal i regelen ikkje vera over 2 m høgt (§ 148). Gjerda skal haldast i slikt stand at dei ikkje er til fare eller skjemmer noko (§ 145). I dei normalvedtekter som departementet har late arbeida ut, er teke inn nærrare føresegner om gjerde både mot gate og mot granneeigedom (rundskriv 17. januar 1949 frå Forsyningsdepartementet).

Etter jordlova frå 22. juni 1928 § 56 kan jordstyret ta avgjerd om gjerdehald mellom beite og utslått. Serføresegner om reingjerde er gjevne i rein driftlova frå 12. mai 1933 § 71 og i lov frå 29. mai 1953, jfr. konvensjon med Finnland 18. mars 1952. I vassdragslova frå 15. mars 1940 § 8 er på visse vilkår forbode å setja gjerde i vassdrag.

I jordskifte skal jordskifteretten ta avgjelder om gjerdehaldet. Jordskiftelova frå 22. desember 1950 § 37 lyder:

«Jordskifteretten gir føresegner om gjerdeplikt og deling av gjerdetyngslene innan skiftefeltet og mot granneeigedom.

Gjerdeplikta skal fastsetjast i samsvar med gjeldande lovreglar.

Gjerdetyngslene vert delte etter fritt skjøn, men så langt det synest rimeleg, på det grunn-

lag som rådde for delinga av gjerdetyngslene mellom lotteigarane og mellom lotteigarane og grannar. Så langt det let seg gjere, skal kvar lotteigar gjerde berre for eige bruk og i samanhengande strekning.

Blin nokon som gir frå seg gjerde til annan lotteigar eller granne pålagd gjerdeplikt der det ikkje er gjerde eller er därlegare gjerde enn han gir frå seg, skal han ha godtgjersle fastsett av jordskifteretten».

(Om delingsføresegna i tredje stykket av paragrafen, sjå Innst. O. XII — 1950, side 4).

IV. Eldre reformframlegg.

1. Den parlamentariske landbruks-kommisjonen.

Det kom snart fram krav frå ymse kantar om brigde i gjerdelova. Spørsmålet vart teke opp i Odelstinget, og tinget vedtok den 20. juni 1890 ei oppmoding til Riksstyret om å koma med framlegg til omvulling av lova. Det vart nemnt opp ein kommision, Den parlamentariske landbrukskommisjonen, som i 1902 la fram tilråding med framlegg til ny lov om «vogtepligt, gjærdehold og skade ved husdyr m. v.» Her skal verta gjort greie for den parten av tilrådinga som gjeld gjerde.

Kommisjonen peika på at viktige føresetninger for den ålmenne regelen om gjerdetvang var falne bort. Det var ikkje lenger slik at alle grunneigarar på landsbygda heldt beitedyr. På sume eigedomar kunne fedrifta vera lagd om så grannegjerde ikkje trøngst til å halda dyra borte frå annan manns mark. Auka oppdyrkning hadde gjort slutt på mykje av innmarkbeitininga. Sidan fôring med rotvokstrar og kraftfôr stendig auka på, kunne beitetida gjerast stuttare. Likevel var gjerdehaldet mange stader auka så det hadde vorte ei tyngsle på jordbruksdrifta i staden for ei lette. Samstundes som tilgangen på gjerdefang or skogane hadde minka, hadde prisane på gjerdevyrke stige, og det førde med seg at gjerdehaldet vart endå meir tyngjande.

Serleg for innmark meinte kommisionen at det var gode grunnar til å minka på gjerdetvangen eller ta han heilt bort. Men noko avgjerande steg i den lei våga ikkje kommisionen å gjera framlegg om. Det laut i så fall lovfestast reglar til trygd for verkeleg effektiv gjæting, og kommisionen var redd ein slik skipnad kom til å kjennast meir tyngjande enn gjerdehaldet.

Heller ikkje heldt kommisionen det tilrådeleg å gjera framlegg om at ein grunneigar skulle kunna velja fritt mellom å gjerda saman med grannen eller å gjæta dyra sine. Ein slik regel kunne lett føra til at den eine av grannane vart åleine om å kosta gjerde som både hadde nytte av.

Regelen om at det alltid kunne krevjast gjerde i utmark i same mon som det hadde vore gjerdt frå gamalt, ville kommisjonen ha stroken. Det kunne snautt seiast at alle utmarkgjerde som fanst, var plent turvande, og då burde det heller ikkje utan unnatak vera høve til å krevja at dei skulle haldast ved like. Vedlikehald av gamalt gjerde skulle såleis koma inn under same regelen som reising av nytt og berre kunna krevjast når det vart ført prov for at nytt for både eigedomane var større enn kostnaden.

Elles ville kommisjonen stort sett la reglane om kvar det skulle gjelda gjerdetvang, stå ved lag som før. Men på ymse andre måtar gjekk kommisjonen inn for å få minka på gjerdehaldet.

På ei rundspørjing til amtstinga og lensmennene hadde det kome så ulike svar at det syntest vera stor skilnad på trøngen til gjerde frå stad til stad i landet. I flatbygdene var det mykje slutt på gjerdehaldet. I fjell- og fjordbygdene derimot vart dei gamle gjerda haldne ved like og nye gjerde oppsette. Kommisjonen heldt det difor lite tenleg at same gjerdereglane skulle gjelda alle stader og gjorde framlegg om at kommunestyret skulle ha høve til å gjera dei avvik som trøngst etter tilhøva på staden. Gjerdetvangen skulle kunna takast bort heilt ut eller i nokon mon for heile heradet eller noko av det, på det vilkåret at minst $\frac{1}{4}$ av dei grunneigarane som saka kom ved, søkte om det. Vedtekta skulle ha godkjenning frå Kongen eller den han gav fullmakt.

I gjerdelova var gjerdehøgda sett til 1,10 m, med den tanken at gjerda skulle vera høge nok til å freda for sau. Men kommisjonen meinte at det var lite grunn til å halda på regelen av di det ikkje var vanleg å halda sauene alle stader i landet og eit gjerde på 1,10 m heller ikkje var høgt nok til verkeleg effektiv freding mot sau. I samsvar med grunnsynet sitt, at gjerdetyngslene var for store, ville kommisjonen ha krava til lovleg gjerde sette ned. Gjerde skulle vera lovleg når det var 1 m høgt, og tett og sterkt nok til å freda mot hest og storfe.

Men største ombota meinte kommisjonen å gjera med brigde i delingsregelen. Gjerding og beiting burde fylgjast åt. Delingshøvet burde retta seg etter kor stor lette gjerdeinga førde med seg i gjætinga på kvart bruk. Men kommisjonen streka under at det ikkje var meiningsa at driftsmåten på ein eigedom til kvar tid skulle vera avgjerande. Gjerdedelinga laut gå etter korleis tilhøva låg til for noko lengre tid frametter. Kommisjonen gjorde framlegg om at både innmarkeigar og

utmarkeigar skulle ha rett til å krevja gjerdeparten sin nedsett så det vart samsvar mellom nytte og tyngsle av gjerdehaldet. Men vilkåret skulle framleis vera at den som kravde nedsetjing, ikkje sjølv hadde kravt gjerdet, og han skulle sjølv føra prov for at halvparten av gjerdehaldet vart for stor tyngsle på hans eigedom. I framlegget var det gjort klårt at med nytte var meint lette i gjæting. Det var tanken at brigda skulle føra til fritaking frå alt gjerdehald når det ikkje vart beitt frå den eine sida av bytet der det t. d. var skog eller dyrka mark.

2. Lovframlegg om gjerdeplikt for byeigedomar.

I 1927 tok Norges Huseierforbund opp spørsmålet om gjerdetvang for byeigedomar. Eit lovframlegg vart arbeidt ut og sendt Justisdepartementet, men til lov i emnet førde det ikkje.

I grunnane til framlegget er det opplyst at ei rundspørjing til lokallaga hadde synt at det ikkje var nokon fast og bindande praksis om gjerdehald mellom eigedomar i by. Helst var synet det at den som ein gong hadde sett opp gjerdet og åtte det, laut halda det vedlike åleine. Men laga heldt på at gjerdehaldet grannar imellom skulle delast likt.

Norges Huseierforbund heldt fram det syn at gjerdelova ikkje galdt for andre eigedomar enn der det vart drive jordbruk så omsynet til freding mot skade av husdyr gjorde seg gjeldande. For slike eigedomar burde føresegnene i gjerdelova framleis gjelda. For andre byeigedomar burde det derimot lagast lovreglar i tilknyting til bygningslova og dei føresegnene om gjerdehald som alt fanst der. Når det var tvist, skulle bygningsrådet avgjera om eit tilfelle skulle gå inn under dei nye føresegnene eller under føresegnene i gjerdelova.

Til rettleiing skulle bygningsrådet laga vedtekter om korleis grannegjerde skulle vera, og i einskildtilfelle avgjera det, og då mest mogeleg såleis som partane ynskte.

Både grannane skulle ha skyldnad til å vera med på gjerdehaldet. Når ikkje anna var avtala, skulle kvar ha gjerdehaldet på halve gjerdelengda. Meinte nokon at det var urimeleg hardt, kunne han krevja at bygningsrådet skulle avgjera delinga etter skjøn. Når der var grunn til det, skulle bygningsrådet kunna ta ein av partane heilt fri frå å vera med på gjerdeinga. Ny avgjerd skulle kunna krevjast når serlege omskifte var komne til.

Let nokon vera å oppfylla gjerdeskyldnaden sin, skulle bygningsrådet kunna samtykkja i

at grinnen sette gjerdet i stand på hans kostnad. Om den gjerdeskyldige ikkje betalte etter rekommendert påkrav, skulle summen kunna søkjast inn med panting.

3. Beitekomitéen.

I 1935 vart ein komité sett til å greia ut dei spørsmål som knytte seg til beitebruken, serleg beitinga i skog og skogmark.

Mellan dei spørsmål komitéen drøfte i tilrådinga si, som kom i 1939, var ymse ombøter i gjerdelova. Komitéen meinte at heile lova trond ei omvøling, både forma og innhaldet, men det låg utanfor den oppgåva komitéen hadde. Komitéen tok difor berre opp ymse framlegg til brigde som detasta med så gjerdereglane ikkje meir enn turvande skulle hindra at det vart slutt på den skadelege skogbeitinga.

Komitéen gjorde gjeldande at nasjonaløkonomiske grunnar tala for å minka på gjerdehaldet. Det var til tap at det vart hogge så mykje ungskog til gjerdevyrke. Ståltrådgjerde som meir og meir vart tekne i bruk, var laga av innførde råemne, og vart dessutan ofte ille medfarne av snøtyngdene. Utlegga til gjerde var ofte uforsvarleg høge. Stort sett stod dei i mishøve til nytt om gjerdehaldet. Ei mengd gjerde i landet kunne takast bort utan skade.

Hovudregelen burde vera at gjerde skulle kunna krevjast berre der det verkeleg trondst til vern mot beitedyr, eller der nytt om gjerdehaldet var større enn kostnaden. Om desse vilkåra var til stades burde det vera høve til å få avgjort i skjøn for kvart tilfelle, og komitéen gjorde framlegg om det. Dessutan gjorde komitéen framlegg om at det skulle vera høve til å krevja avgjort på nytt om gjerde trondst og korleis gjerdetyngsla skulle delast, men ikkje før etter 10 år.

Korleis gjerdet skulle vera, meinte komitéen at det var vanskeleg å avgjera i ålmenne føresegner. Slike føresegner førde lett til at gjera vart dyrare enn dei trond vera. I same heradet — ja, i same grenda — kunne det mang ein gong vera bruk for ulike reglar. Spørsmålet burde difor helst avgjera i avtale mellom partane for kvart tilfelle. Kunne ikkje partane verta samde, ville komitéen at spørsmålet skulle avgjera i fritt skjøn. Berre når ingen av partane ville krevja skjøn, skulle dei ålmenne reglane i lova gjelda. Dei burde framleis gå ut på at lovleg gjerde skulle vera 1,10 m høgt og freda for hest, storfe og sau.

Komitéen meinte at ein delingsregel som var meir i samsvar med det grunnsynet at gjerding og beiting skulle fylgjast åt, kom til å verka i den lei at skog og beite vart skilde og såleis hjelpa fram meir tenlege drifts-

måtar. Om ein gardbrukar laga seg kulturbeite og slutta med skogbeitinga, kom det til å svara seg for grinnen å gjera det same. Det vart mindre lønsamt for han å halda fram med skogbeiting når han laut halda gjerde åleine mot skogstykket til den andre. Dessutan var det i seg sjølv lite rimeleg at den som ikkje heldt beitedyr i sin skog, skulle ha skyldnad til å halda gjerde der til nytt berre for grinnen.

Når gjerdet skulle delast, var det rimeleg å leggja noko vekt på dyretaket på kvar gard, og ingen skulle ha skyldnad til å ta så stor part av gjerdehaldet at kostnaden vart større enn den nytt han fekk av det. Komitéen meinte likevel at det vart å gå for langt å la den som ikkje nytt utmarka si til beite, sleppa alt gjerdehald, og gjorde framlegg om at 1/5 skulle vera det minste han kunne få sleppa med. Om han sidan tok til med beiting att, skulle han ha skyldnad til å svara sin part av gjerdekostnaden etter dei vanlege reglane. Både den det vart kravt gjerde av, og den som sjølv kravde gjerde, skulle ha rett til å krevja gjerdeparten sin sett ned.

Private rettar skulle ikkje få stengja for tenleg løysing av gjerdespørsmåla. Dette laut vera så anten det galdt ny gjerdedeling eller avskiping av gjerdehaldet i det heile. Men det fylgte av Grunnlova at det skulle svarast vedlag når private rettshøve vart skipla.

Når det galdt hyttetufter, industriområde, idrottsplassar og liknande, meinte komitéen at andre omsyn gjorde seg gjeldande enn når det galdt høvet mellom eigedomar som vart nytt til jordbruk og skogbruk. Det var vanleg og naturleg at eigarane sjølv sette turvande gjerde kring slike grunnstykke, og komitéen gjorde framlegg om at dei skulle ha skyldnad til å gjera åleine der det skulle haldast gjerde etter lova.

4. Sæter- og beiteutvalet

til Selskapet for Norges Vel har i utgreininga «Beitebruket» (1947) m. a. kome inn på sume gjerdespørsmål, serleg suppleringsgjerde i utkantane av driftsbeiteområde. På side 20 i utgreininga heiter det:

«Skal det setjast opp suppleringsgjerde, bør leigekontrakta på beitet gjelde minst så lang tid som ein kan venta gjerdet kan vere. Så lange leigekontrakter er det ofte vanskar med å få. Grenser to driftsbeite innåt kvarandre, burde det vere sams gjerdehald, men det er for tida ingen lovreglar som kan tvinge det igjenom slik som der er t. d. for åpning av nye driftsvegar.

Ein kan ikkje finne at Beitekomitéen og Utmarks komitéen har handsama desse tilhøva i nagingåande nok, eller kome med po-

sitive framlegg for å løyse dei. Ein ser det difor slik at arbeidet med dette må takast opp snarest slik at dei turvande lovendringar kan bli gjennomførde samstundes med og i samsvar med dei lovendringar som Beitekomitéen gjør framlegg om.»

5. Produksjons- og Rasjonaliseringsskomitéen for Jordbruksoppnemnd 1946)

viser til at det mange gonger har kome framlegg om brigde i gjerde-lova utan at det har vorte noko meir av, og held så fram:

«Denne komitéen finner ikke å kunne drøfte i detaljer de endringer som bør gjøres, men vil peke på at *Gjerdelova* trenger revisjon og henstiller til Landbruksdepartementet at det snarest mulig tas opp arbeidet med dette.» (Innstilling V, side 209).

FRAMLEGG FRA UTVALET

V. Almenne synsmåtar.

Den gjerde-lova vi har no, er forma etter tilhøva i samfunnet så som dei var for 100 år sidan. Enno står føresegne ved lag utan serlege brigde. Men som ein ser av utgreininga framanfor, frå side 8 og utetter, har det mange gonger og frå ymse kantar vorte reist krav om omvøling og nye føresegner. Dette heng visseleg saman med det store omskiftet som har gått føre seg i samfunnet sidan gjerde-lova tok til å gjelda.

1. Omskiftet i samfunnet.

Enno på den tid då gjerde-lova vart til, var jordbruk levevegen for storparten av folket i landet (64,1 % i 1865 — sjå nærmere Produksjons- og Rasjonaliseringsskomitéen for Jordbruksoppnemnd 1946, Innstilling V side 11). Då som no skifte driftsmåtane i jordbruksoppnemnden tok til, var alle stader var husdyrhaldet ein viktig part av gardsdrifta. Og folk som hadde annan leveveg enn jordbruk, heldt gjerne husdyr ved sida. Dette galdt jamvel mange i byane. Slik tilhøva var, laut alle vera mest mogeleg sjølvhjelpte med det som trøngst til hushaldet.

Over heile landet var det beitinga som heldt husdyrproduksjonen oppe. Dyra laut finna føda sjølv ein stor part av året, og det vart beitt dei fleste stader. Om sumaren gjekk dyra på beite i utmark, skog og fjell, og til å lengja beitetida vart innmarka beitt vår og haust. I den tida då dyra ikkje kunne finna føda ute, laut dei fôrast inne. Men vinterfôringa var stundom så snau at det var i minste laget.

Sidan har tilhøva skift mykje. Driftsmåtane i jordbruksoppnemnden er lagde om. Jorddyrkning og skogkultur har mange stader i stor mon trengt beitebruken unna. Enno er det vanleg å ha mjølkekyr på håbeite om hausten, men innmarkbeitina om våren er for det meste slutt. Beiting i skog og utmark står det framleis mykje att av, men serskilde hamnehagar og kulturbete kjem meir og meir i staden. Samstundes har inneføring med tilskot av rotvokstrar og kraftfôr auka på, og beitetida vorte stuttare. Ikkje alle stader er omskifta like store. På sume kantar av landet står mykje av dei gamle driftsmåtane i husdyrhaldet ved lag. På den andre sida har det mange stader vorte heller vanleg å drive jordbruk utan nemnande husdyrhald, eller utan å halda husdyr i det heile. Og bruksmåtane kan skifta sterkt frå gard til gard.

Men dessutan har den parten av folket som lever av jordbruk, minka sterkt. Etter folketellinga i 1946 var talet 24,83 %. Mykje av det tilverkingsarbeidet som før vart gjort på gardane, har no vorte sjølvstendige yrkesgreiner. Industri, omsetning, transport o. s. b. har fått større og større rom i samfunnslivet. Verksemndene er ikkje knytte berre til byane. Eit mangesidig yrkesliv har vakse fram i bygdene, og jordbruksoppnemnden rår ikkje grunnen åleine på same måten som før. Ei mengd tuftebruk av ulike slag er skilde ut frå jordbruksoppnemndene, og sume stader er jordbruksoppnemnden trengt heilt til sides.

Etter alle desse omskifte, er dei gamle gjerdeforesegne ikkje lenger tidhøvelege. Det synest vera semje om at ei omvøling er turvande. Gjerdespørsmåla er komne i ei anna stode enn før. Dette gjeld både når det spørst kor vid råme ei gjerde-lova no bør ha og korleis reglane bør vera.

2. Råma for ny gjerde-lova.

Tilføret til at vi fekk gjerde-lova frå 1860, var dei vanskar som all beitinga førde med seg for jorddyrkninga. Lova vart laga med tanke på jordbruksoppnemnden, og som det er utgreitt framanfor, er ho helst ei rein jordbrukslov å kalla (jfr. side 7). Einaste gjerdeslaget der er føresegner om, er fredingsgjerde mot fe.

Dette kunne vera naturleg så lenge jordbruksoppnemnden var like einerådande som i 1860, og husdyrhaldet så utbreitt som då. Men ei gjerde-lova berre for jordbruksoppnemnden og utan reglar om anna enn fegjerde, høver ikkje lenger så godt no då snautt fjerdeparten av folket i landet har jordbruk til leveveg, og ikkje alle dei ein gong har nemnande husdyrhald.

På den tid då gjerde-lova vart til, var fegjerde mest einaste gjerdeslaget det fanst

noko serleg av. «Bortsett maaske fra en Del Havestakiter samt nogle Løkkegjærder i Nærheden af Byerne, er Hensigten med Afgjærdning ikke at stænge for Person, ligesaalidt som det er for at passe på Personer man sender sine Gjætere ud», skriv W. S. Dahl så seint som i 1882 (Norges Landnæringsret, s. 61). Gjerdehald med anna føremål enn å freda mot fe, kunne då godt haldast utanfor lova. No derimot har det vorte så vanleg med slike gjerde at det synest vera på tide at dei kjem inn under reglar om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling, dei og.

Føremålet med slike gjerde kan vera å halda andre dyr enn beitedyr på eller frå visse område. Sameleis kan dei vera til lette i tilsynet med born. Ofte skal gjerdet halda folk borte frå eit område. Det kan gjelda å hindra at nokon kjem til skade, eller å verne mot uroing, trakking, tilsvining og tjuving. Andre tider er det om å gjera å hindra at nokon lurer seg ifrå å betala for noko som det kostar å få sjå eller vera med på. På villastader som det no er så mange av kringom i landet, er hagen ein freda stad til fritidsarbeid og heimeliv for huslyden. Difor er det viktig med eit gjerde som hindrar innsyn utanfrå. Men her er det dessutan serleg om å gjera at gjerdet er vakker. Med gjerdet til ei vakker råme ikring, vert hagen ein meir verdfull tilhaldsstad.

No kunne det nok lagast føresegner om slike gjerde serskilt. Det kunne gjerast i ei lov for seg, eller kanskje i eit tillegg til bygningslova, jfr. side 9—10 om framlegget frå Norges Huseier forbund. Vi fekk då to serlover om gjerde mellom eigedomar, ei med serleg tanke på jordbruks høve og ei for andre høve. Men avgrensinga mellom lovene kom lett til å verta noko vanskeleg og vilkårleg. Ikkje i noka av dei høvde det godt å ha føresegner om gjerdehaldet der eigedomar av dei to slaga støyter saman. Det mest tenlege må difor vera at den gjerdelova vi har no, vert avløyst med ei ålmenn lov om gjerdehald mellom grannar. Framlegget frå utvalet går ut på det. Det høver og best med tanken om ei lovbok.

Utvælet har vore inne på den tanken at det likevel burde skiljast mellom jordbruks høve og andre høve i sume spørsmål. Så ulike som tilhøva kan vera, kunne mangt tala for ei slik skiljing, serleg når det gjeld krava til lovleg gjerde. Men ei slik oppdeling av lova har same grunnane imot seg som oppdeling i serlover. Føresegnene i utkastet er difor mest mogeleg forma så at dei kan høva for alle slag gjerde. Så mangslungne og skiftande som tilhøva er kringom i landet, høver det best at dei føresegner som trengst, vert gjevne i communal

vedtekt. Berre for jordbruks høve er det ymse serføresegner i utkastet, men frå dei kan det gjerast avvik i communal vedtekt.

I ei ålmenn gjerdelov kunne det synast praktisk å samla gjerdeføresegner av alle slag. Då laut ein og ta med ymse ordensføresegner, slike som no gjeld til vern om ålmenne omsyn, både for gjerdehald, bygging og andre tiltak. Men utvalet held det ikkje for tenleg å ta med slike føresegner i serleg mon. Reglar av dette slaget er no tekne inn i bygningslova og i andre serlover med tilhøyrande vedtekter, og høyrer naturleg heime der.

3. *Gjerdehaldstvang.*

a. På eigen grunn lyt kvar få rá seg tolleg fritt med gjerdehald som med andre ting; men eigaren lyt tola dei same band på retten til å setja gjerde som på eigedomsrådvaldet elles. Såleis lyt han i viss mon ta omsyn til grannen. Når det gjeld gjerde i bytet mellom eigedomar, gjer omsynet til grannen seg gjeldande med serleg tyngd. Grannen får gjerdet heilt inn på seg, og må ha rimeleg krav på at det ikkje skal føra med seg nemnande fare eller ulempa på hans eigedom.

På den andre sida bør den som vil kosta gjerde mot granneeidom, ha rett til å setja det midt i bytet. Av mange grunnar er det den beste skipnaden. Når grannegjerda vert sett midt i bytet, slepp ein såleis at dei fører til ugreie om kvar deildelina går. Den eine grannen bør difor alltid ha rett til å krevja halv gjerdegrunn av den andre.

b. Gjeld det gjerdehaldstvang mellom eigedome, kan grannane krevja meir av kvarandre. Då har kvar av dei lovsett rett til å krevja at den andre skal ta sin part av gjerdehaldet mellom eigedomane deira (gjerdelova §§ 1—3 og fleire). Ordet gjerdehaldstvang vert her nyttta berre i denne tydinga. Den vanlege nemninga er elles «gjerdeplikt». Men det tyder sumt anna og, såleis at gjerdehald beint fram er påbode i lov eller at skyldnad til å halda gjerde har annan serskild heimel. Om dette vert det her nyttta andre ord.

Grunnane til at det bør vera gjerdehaldstvang mellom granneeidomar, er fyrst visse ålmenne rettferdsomsyn. Til å skilja mellom to eigedomar, er det nok med eitt gjerde. Same gjerdet fredar til både sider. Når både eigedomane har gagn av gjerdet, bør dei vera saman om å halda det. Der nyttta er sams, bør og kostnaden vera det. Skulle grannane stå fritt, vart det stundom beintfram ei freistung å draga seg unna. Den som det gjorde, kunne få føremonene til gjevandes om

den andre hadde så mykje bruk for gjerdet at han heller ville kosta det åleine enn greia seg utan.

Frå ein samfunnsøkonomisk synsstad og talar ymse grunnar for gjerdetvang i viss mon. Der gjerdehald løner seg når ein ser det heile under eitt, er det stort sett ynskjeleg med gjerde, for di det frigjer større verde enn det bind, og såleis aukar tilgangane i samfunnet. Men ein kan ikkje gå ut frå at dette løyser seg av seg sjølv når det gjeld gjerdehald som er til nytte for fleire enn ein. Kvar reknar då naturleg nok berre med nytta for sin eigen part, og samarbeid kjem ikkje alltid i stand der det er ynskjeleg. Difor bør det vera tvang til samarbeid om gjerdehaldet når gjerdehald er lønsamt for både under eitt. Derimot er ulønsamt gjerdehald i regelen ikkje ynskjeleg. Gjerdehaldstvang bør det difor vera der gjerdehaldet ber seg, og helst berre der.

Regelen no er at grannane kan krevja halvt gjerdehald av kvarandre. Dette gjeld i innmark og mellom innmark og utmark. Sameleis gjeld det vedlikehaldet på gjerde i utmark. Nytt gjerde i utmark kan derimot krevjast berre når nytta vert større enn kostnaden. Ein utmarkeigar kan dessutan krevja gjerdeparten sin sett ned når halvt gjerde vert for tyngjande, jfr. side 6.

Det er tydeleg samanheng mellom beitebruken slik han var på den tid gjerdelova vart til, og reglane om at det i så vid mon skal gjelda gjerdetvang utan omsyn til om gjerdehald løner seg. Med all beitinga som var den gongen, var det stort sett ynskjeleg og lønsamt med gjerde, både for innmarka og nærmeste utmarka. Men dette gjeld ikkje no då heimebeitina meir og meir vert samla på kulturbete og i serskilde hamnehagar. Heller ikkje høver det godt å skilja mellom innmark og utmark når det er tanken at føresegnene skal gjelda utanfor jordbruksøvre og. Regelen om gjerdetvangen bør difor no vera den same alle stader, og vilkåret bør vera at nytta av gjerdehaldet vert større enn kostnaden.

Så som Beitekomitéen peikar på, har nok dei reglane vi har hatt, i nokon mon ført til meir gjerdehald enn det som er ynskjeleg og lønsamt frå ein samfunnsøkonomisk synsstad. Boteråda bør vera å avgrensa gjerdetvangen så som ovanfor sagt. Ein annan delingsregel kunne og hjelpe langt på veg. Om det gjeld gjerdetvang, så vil i regelen ingen gjera han gjeldande utan å meina at det løner seg for han sjølv å krevja gjerde. Med regelen om halv deling som vi har no, spørst det då om gjerdehald til halv kostnad er lønsamt for den eine av grannane. Det kan det

godt vera utan at gjerdehaldet svarar seg for både under eitt. Var regelen derimot den at dei skulle dela kostnaden med gjerdehaldet i same høve som dei hadde nytte av det, vart det ikkje lønsamt for nokon av grannane å krevja gjerde utan når gjerdehaldet svara seg for både under eitt. Denne delingsmåten vart den mest rettferdige og¹⁾.

Mellom nytta av gjerdehaldet og føremålet er det nær samanheng. Føremålet er jamnast ein eller annan nytteverknad (jfr. side 12). Men det er ikkje så alltid. I verste fall kan føremålet beint fram vera å valda skade og uhugnad.

I jordbruksøvre heng nytta av gjerdehaldet stort sett saman med husdyrhaldet. Beitedyra lyt haldast borte frå granneneigedomane, og tenlegaste måten er då ofte å setja gjerde. For jordbruksøigedom er nytta då først og fremst at gjerdet hjelper til å halda beitedyr borte frå grannegrund. I andre høve er nytta oftaast av fleire slag. Gjerdet kring fabrikk-område, opplagstufter o. likn. stengjer jamnast så ingen skal koma til eller frå (utan gjennom porten), anten det så er folk eller dyr, og lettar såleis både tilsynet og vakthaldet. Dessutan fredar dei ofte arbeidsstaden for innsyn utanfrå. Gjerdet kring bustadtufte, villaer, hytter o. s. b. er oftaast av eit noko anna slag. Men dei og stengjer jamnast både for folk og dyr. Ofte stengjer dei for innsyn. Dette er serleg verdfullt der det er noko tettbygt. Stundom er det gjort mykje til å gjera gjerdet vakre. Det aukar bruksverdet på eigedom — og såleis salsverdet.

Gjerdet har dessutan ymse sideverknader. Det kan vera både nytteverknader og skadeverknader. Såleis kan det vera verdfullt å verta av med all steinen som går med til ein steingard. Eit fredingsgjerde syner samstundes kvar grensa går. Sume gjerde ligg mot vind og skyler slikt som skjemmer. Men gjerdet kan og stengja for ljós og utsyn. Stundom kan dei vera ei hindring for praktisk drift (samdrift), og på ymse måtar kan dei vera til mein og ulempe på anna vis.

Det er såleis stundom noko vanskeleg å finna ut kor stor nytta av eit gjerde er. Men endå vandare er det jamnast å avgjera kor mykje av nytta som kjem på kvar eigedom.

¹⁾ Jfr. O. G. Ueland i Stortingsordeskiftet om gjerdelova: «— naar nu den, der havde den overveiende Nytte af Gjærdet, vilde paatage sig en større Andeel, saa at den, der havde mindre Nytte, ikke fik Mere, end han i Forhold til Nyten burde have, saa mener jeg, det var meget rigtigt; — det Princip kunde man ogsaa indføre, thi man nærmrede sig da mere og mere det Maal, som jeg anseer for meget rigtigt.» (Stortings-tidende 1860, Forh. i Ot., side 630.)

Det gjeld serleg der nytteverknadene er mange og innbyrdes ulike. Men jamvel når ein tek t. d. eit fegjerde og ser bort frå andre verknader enn at det fredar mot fe, så let det seg vanskeleg gjera å finna eit brukande mål for kor stor part av nytta som fell på kvar eigedom. I fyrste omgang er det eit faktisk spørsmål, eit spørsmål om kvar verknadene gjer seg gjeldande. Men dessutan vert det eit rettsspørsmål og. Ansvarsreglar av ymse slag kan flytja verknaden.

Døme: Opphavleg laut jordeigaren sjølv bera skaden av at andre sitt fe kom inn på hans eigedom og skadde grunn eller grøde. Då var det han som hadde nytta av eit gjerde som heldt dyra borte. Men no er det dyreigaren som har ansvaret for skade av dette slaget. I same mon er nytta av gjerdehaldet førd over på han.

No har det mange stader ikkje vore vanleg å gjera slikt beiteansvar gjeldande. Der det er ugjerdt, har dyra gått på beite fritt. Om då ein grunneigar krev gjerde så det vert slutt på dette, så ligg det nær å seia at det er til hans nytte at gjerdet fredar hans mark, og at dyreeigarane som før har hatt gratis beiteder, berre har tap av at gjerdet kjem. Men dette er urett; grunneigaren kunne heile tida ha kravt at dyreeigarane heldt dyra sine borte frå hans mark. Det er såleis dyreeigarane som har nytta av gjerdehaldet med di det hjelper dei til å oppfylla den skyldnaden dei har til å halda dyra sine borte frå grannegrund.

Det er etter dette grunn til å ottast at ein regel om deling etter nytta på kvar side kan føra til ugreie i praksis. Utvalet held det for sers viktig at delingsføresegna er grei å gå etter. Då vert partane lettare samde om delinga, og grannetvistar bør ein vera sers varsam med å skapa grorbotn for med all den uhygge dei dreg etter seg. Dei beste grunnar synest såleis å tala for at deling halvt mot halvt bør vera hovudregelen framleis. Men av rettferdsgrunnar lyt det gjerast vide unntak. Såleis bør ingen ha skyldnad til å ta så mykje av gjerdehaldet at kostnaden vert større enn nytta. Men med viss rett kan det og seiast at det er hardt nok å verta tvinga til utlegg og avhefte som ikkje gjev meir enn at det så vidt veg jamt. Serleg kan det verka støytande når den andre parten samstundes har stor vinning av gjerdehaldet. Då er det bruk for ei rimeleg utjamning i skjøn.

Det som skal delast, er kostnaden, tyngsla med å halda gjerde. Det rettar seg mykje etter kva slag gjerde det er. Difor vert det eit viktig spørsmål å avgjera kva slag gjerde det skal vera høve til å krevja at grannen er med på. Reint ålmement kan ein seia at det er

eit spørsmål om kor langt det skal gjelda gjerdetvang. Og vilkåra bør vera her som elles: Grinnen bør ikkje ha skyldnad til å vera med lenger enn han har nytta av det, og berre så langt nytta for båe under eitt er større enn kostnaden. Men elles lyt det avgjerast etter skikk og bruk på staden, etter føremålet med gjerdet og etter tilhøva i det heile. Difor høver det ikkje med nokon ålmen regel om gjerdehøgd, tettleik o. s. b.

Jordbruksgjerde står her i ei serstode med di vi har hatt slike reglar om dei frå gamalt.

4. *Gjerdehaldstvang i ymse slag eige- og brukshøve.*

No gjeld gjerdehaldstvangen berre serskilt skyldsette eigedomar. Likt med serskilt skyldsett eigedom er rekna jord som er sett bort på arvefeste, jfr. side 6.

Denne avgrensinga synest det ikkje vera grunn til å halda oppe. Når eit stykke av ein eigedom er skilt frå, bør ikkje serskild skyldsetjing vera avgjerande for gjerdetvangen. Heller ikkje synest det vera nokon avgjerande grunn til at gjerdetvangen berre skal gjelda sjølvstendige eigedomar. Det er til skilje mellom bruksområde at gjerde trengst. Eigedomsgrensene er dei naturlege bruksgrensene. Gjerdetvangen er difor fyrst og fremst knytt til dei. Men det trengst gjerde i andre bruksgrenser og, såleis t. d. i utkantlinja for beiterettssområde. Då og bør gjerdet haldast i lag av dei som har nytta av det på båe sider — minder det er serleg grunn til noko anna.

Når ein annan enn eigaren er brukar på eigedomen, er regelen den at eigaren alltid er ansvarleg for gjerdehaldet utetter. For vedlikehaldet svarar brukaren og, jfr. side 6—7.

No er det så at brukaren som steller med den daglege drifta på eigedomen, jamnast er den nærmaste til å ha med gjerdehaldet å gjera. Det er han som i fyrste omgang får vinninga av gjerdehaldet og sameleis skaden om det vert forsømt. Den mest naturlege regelen er difor at brukaren svarar for gjerdehaldet andsynes grannane. Og han bør ha rett til å krevja gjerdehald av dei og. Avtaler om gjerdehaldet må brukaren kunna gjera for si bruks tid. Derimot lyt ein varig skipnad, bindande for eigedomen, avtalast med eigaren. Men sjølvtsagt kan det indre høvet mellom brukar og eigar leggja band på den retten dei har til å gjera avtaler utetter. I gjerdesaker lyt eigaren vera part om avgjerala skal verta bindande for eigedomen.

Der grunn ligg i sameige, er det no gjerdetvang utetter som om det var einast ein eige-

dom, men det er høgsterettsdom for at gjerde-tvangen ikkje gjeld mellom samegeområdet og eigedomane til kvar av sameigarane, jfr. side 6.

Sameigemark er i regelen eit bruksområde for seg, og i samsvar med det som er halde fram før, bør det difor vera gjerdetvang på vanleg måte mot mark som sameigarane eig kvar for seg og. Nokon serleg grunn til anna synest det ikkje vera. Om ein då her som elles gjennomfører gjerdedelinga så langt råd er på den måten at kvar av sameigarane får gjerda for eigen grunn og eit stykke i samanheng, vert skipnaden i dei mest vanlege tilfella langt på veg den at mot sams mark held kvar gjerde for sin grunn. Det er ein praktisk skipnad og ein skipnad som er i pakt med tankegangen ute mellom folk. (Jfr. Gjelsvik i Tidsskrift for det norske utskiftningsvesen, (band 14, side 225 og utetter.)

5. Avgjeringsmåte og tvangsfyllføring i gjerdesaker.

Sidan gjerdelova tok til å gjelda, har vi fått den nye rettargangsskipnaden. Twistemålslova, skjønslova og tvangsfyllføringslova gjeld for gjerdesaker som for andre saker. Saman med iverksetjinga av skjønslova vart det gjort ymse brigde i gjerdelova så ho ikkje skulle koma i strid med det nye, men ho vart ikkje då gjennomarbeidd med tanke på å nytta ut føremонene med den nye rettargangsskipnaden fullt ut.

Skipnaden no er at visse spørsmål som ser-skilt er nemnde i lova, skal avgjerast med skjøn (gjerdelova §§ 2, 7, 8c, 9, 10, 12, 15, 18, 19, 20). Saker om andre gjerdespørsmål høyrer under dei vanlege domstolane.

Rettargangen i gjerdesaker bør vera så grei som råd, så lekfolk mest mogeleg kan finna ut av det sjølve. Så små verdi som gjerdesaker i regelen gjeld, vert det ofte for dyrt med sakførarhjelp. Dessutan bør førehavinga ikkje ta for lang tid, og helst vera så billeg som råd, både for partane og for det offentlige.

Dei aller fleste gjerdesaker gjeld typiske skjønspørsmål. Det er så etter lova no, men etter utkastet gjeld det i endå større mon. Skjøn er då den mest naturlege og tenlege avgjeringsmåten. Om dette er det truleg ingen meiningskildnad. Stundom kan det nok koma opp spørsmål som likså vel kunne avgjerast i vanleg domssak. Det kan t. d. vera spørsmål om det er gjort bindande avtale om gjerdehaldet eller reine lovtolkningsspørsmål.

Men domstolførehaving er etter måten dyr, og jamnast tek ho lang tid. Dessutan kan rettsspørsmål og skjønsspørsmål i mange tilfelle vera så samanvovne at det vert både ugreitt og tungvint om dei ikkje kan avgjerast i ei sak. Utvalet har difor kome til at beste skipnaden er skjøn i alle gjerde-saker — lensmannsskjøn på landet og i lade-stadene og rettsleg skjøn i kjøstadene no som før. Partane slepp då vera i uviss om kvar dei skal venda seg, og saka kan ikkje så lett heftast ut med avisingspåstand og formalprosedyre.

Det er på ingen måte noko ukjent og uprøvt med skjønsavgjerd i visse rettsspørsmål og. Ein viser her til Skeie: Civilprosess II, 2. utg., side 301—305, 315 og 325—333 og Augdal: Civilprosess, 2 utg., side 280—282. Rettsspørsmåla kan like fullt verta avgjorde i trygge former. Den som er misnøgd med avgjerda i eit lensmannsskjøn, kan krevja overskjøn og det er alltid rettsleg. Rettsleg skjøn vert styrt av ein juridisk domar og førehavingsmåten er langt på veg den same som i vanleg rettargang. Og med di eit overskjøn kan ankast for skuld mistak i sakførerhjelva eller rettsnyttinga, rekk rettsspørsmåla fram til dei vanlege domstolane.

Skjønsavgjerdene i gjerdesaker er no ikkje tvangsgrunnlag, jfr. side 7. Men det lyt dei vera, når alle gjerdesaker skal høyra under skjøn. Elles vert avgjerdene til lita hjelp der det mest trengst.

Tvangsfyllføringa av ein gjerdeskyldnad kan ofte hasta. Når utfallet er klårt, bør krav om overprøving difor ikkje føra til utsetjing. Utvalet har difor kome til at tvangsfyllføring etter føresagnene om orskurdar er den mest høvelege skipnaden. Tvangsfyllføringa kan då setjast i verk når det er gjeve tilseining om skjønsavgjerdene, og krav om overprøving har ikkje utsetjande verknad utan når retten gjer vedtak om det, jfr. tvangsfyllføringslova § 8.

Hovudpunktene i tilrådinga frå utvalet vert då desse 4:

- Ei ålmenn lov om grannegjerde av alle slag.
- Gjerdetvang berre der og i den mon nytta av gjerdehaldet er større enn kostnaden, og gjerdedeling meir etter nytta på kvar side.
- Meir sjølvstendig rett og skyldnad til gjerdehald for brukar, og gjerdetvang i andre bruksgrenser enn eigedomsgrenser og.
- Skjøn i alle gjerdesaker.

VI. Merknader til dei einskilde paragrafane.

Til § 1. Fyrste stykket: jfr. gjerdelova § 7, tredje stykket. Andre stykket: jfr. gjerdelova § 15, tredje og fjerde punktum.

Lova er i hovudsaka deklaratorisk. Ho gjeld ikkje gjerdehald ved offentleg veg og jarnveg.

I prinsippet er spørsmålet om gjerda mellom grannar typisk privatrettsleg, og ei lov om dette emnet kan ikkje ha til føremål å blanda seg inn i det som fylgjer av serlege rettshøve, eller å hindra at grunneigarane seg imellom kjem til liks om den skipnaden dei sjølv meiner seg best tente med.

I samsvar med dette er det her i innleiingsparagrafen gjort unnatak for det som «fylgjer av serlege rettshøve eller av avtale etter § 2».

Det kan spørjast kva som skal rekna for serlege rettshøve i denne samanhengen. Her lyt ein vera merksam på at det aller meste av det noverande rettstilstand med omsyn til grannegjerde visseleg har sitt grunnlag i dei gjeldande ålmenne lover og føresegner og står og fell med det grunnlaget. Døme: Etter gjerdelova frå 1860 er det ålmenn gjerdeplikt mellom innmarkeigedomane på landet, og regelen om gjerdehaldet her er utan unnatak den, at kvar av grannane skal ha halv gārd. Kva for stykke av gjerdehaldslina kvar av dei skal ha gjerdet sitt på, og kor langt kvart av stykka skal vera for å svare til lovboden, er stundom avgjort med skjøn, stundom med avtale, stundom med dom eller jordskifte (utskifting), og stundom på annan måte. Men grunnlaget for desse avgjerdene er sjølv den lovsette gjerdehaldsskyldnaden mellom egedomane. Vert då den skyldnaden avteken, misser avgjerdene grunnlaget sitt. Ein gjerdehaldsskyldnad som den her nemnde reknar ein fylgjer av ålmenn lov og ikkje av «serlege rettshøve».

Men i sume einskilde tilfelle kan den gjerdekipnaden som no gjeld mellom egedomane, ha eit privatrettsleg grunnlag og ha vern av Grunnlova § 97. Slike rettshøve er det ikkje meinings å gripa inn i. Dei kjem inn under det som i § 1 er kalla «serlege rettshøve».

Den prinsipielle skiljinga mellom dei to slag rettshøve synest vera tolleg grei. Men av og til kan det vel verta vanskeleg nok å avgjera kva som er det eine og kva som er det andre. I dei konkrete rettstilfelle vert det domstolane som lyt seia det avgjérande ordet, jfr. §§ 14 og 16.

Dei føresegnerne som trengst om gjerde langs offentleg veg og jarnveg, bør framleis

ha sin plass i serlovene. Dei omsyn som lyt vera avgjerande for slike gjerde, er i stor mon andre enn dei som gjeld mellom egedomane elles. Gjerdehaldet ved offentleg veg og jarnveg er difor halde utanfor utkastet. Av tilsvarande grunnar er føresegnerne om grind over ålmenn ferdsleveg ikkje tekne med her.

Reglar som t. d. § 148 i bygningslova og § 42 i lova om kyrkjer og kyrkjegardar strider ikkje mot, men gjeld ved sida av denne lova.

Til § 2 (jfr. gjerdelova § 17 og § 7, tredje stykket).

Avtaler om gjerdekipnad.

Denne paragrafen gjev nærmere føresegner om dei avtalene som er viste til i § 1.

Hovudregelen er at for tilhøvet segimellom, kan grannane fastsetja den skipnaden dei sjølv er samde om. Men frå denne regelen er det gjort to unnatak:

1. Avtalene må ikkje gå ut på å bryta tvingande lovbod eller føresegner (t. d. § 4 og sume vedtekter etter § 18).
2. Dei kan ikkje leggja varige band på egedomane når det gjeld gjerdekipnaden. Dette unnataket er i prinsippet same regelen som etter den nogjeldande gjerdelova, likevel med den skilnaden at etter utkastet fell ikkje avtalene bort av seg sjølv når tida er ute, men står ved lag til dei er lovleg oppsagde frå ei av sidene.

Ein kan sjå det såleis at ei avtale av dette slaget set lovboda ut av kraft for dei egedomane ho gjeld. Dette er ofta godt og vel så lenge alt er som då grannane gjorde avtala. Men når det kjem annan eigar på ein av egedomane, vert stoda tidt ei onnor. Den nye eigaren vil kan henda ta til med ein driftsmåte som vanhøver med den skipnaden det er gjort avtale om. Då vert avtala straks eit meinhefte på egedomen. Det same kan elles lett henda, jamvel om det ikkje har vore noko eigarskifte sidan avtala kom i stand: Den eine av partane kan t. d. få grunn til å leggja om drifta, så han treng å nyttja den retten utkastet gjev honom til å krevja gjerde av grannen (jfr. § 7). Eller han lyt gå i gang med eit tiltak som gjer det turvande å ha høgare og tettare gjerde enn etter avtala.

Utvalet har difor kome til, at den nogjeldande regelen stort sett bør halda fram å gjelda — den at for lenger enn ei viss lovsett tid frametter bør grannane ikkje ha høve til å leggja band på egedomane sine eller gjeva avkall på dei rettane grunneigaren tilkjem etter lova. I ei tid som vår — med så mange og store omskifte i driftsmåtan — er det viktigare enn før. Og noko nemnande

inngrep i den frie avtaleretten kan regelen ikkje vera. For ynskjer både partane å halda fram som før, er det inkje til hinder for at dei det gjer — med eller utan ny avtale.

Som ein ser er det sett to vilkår for at avtala kan falla bort: 1) At minst 10 år er lidne sidan avtala kom i stand, 2) at avtala deretter er oppsagt og oppseiingsfristen ute. Oppseiingsfristen kan vera så stutt som partane har vorte samde om, men kan ikkje på førehand setjast lenger enn eit år. Er ingen ting avtala om dette, skal fristen vera eit år. Dei som har gjort avtale etter § 2, kan såleis rekna trygt med at ho står ved lag 10 år + oppseiingsfristen. Det vil seia 11 år så framt ikkje stuttare frist er avtala.

Avtalefridomen etter denne paragrafen gjeld berre gjerdeskipnaden. Spørsmål som t. d. om partane kan velja skilsmid i staden for skjøn etter § 14, lyt løysast etter ålmenne reglar.

Til § 3 (jfr. gjerdelova § 7 i. f.).

Den noverande gjerdeskipnaden står ved lag til eit gjerdeskjøn (§ 14) har fastsett noko anna.

Som før nemnt, har den noverande gjerdeskipnaden mellom eigedomane vel i dei fleste tilfelle heimelen sin i gjerdelova frå 1860.

Vert den avløyst av den her påtenkte, kan kven som vil av grannane krevja avgjort med skjøn om det skal verta nyskipnad med gjerdehaldet (§§ 7 og 8, jfr. § 14). Men så lenge inga skjønsavgjerd er teki, bør den til då verande skipnaden stå ved lag, og difor få nytt greitt lovgrunnlag i staden for det som fell bort. I samsvar med dette er føremålet med § 3 at den gamle skipnaden skal ha tydeleg lovheimel i overgangstida — som kan verta lang i sume tilfelle.

Mange stader der ingen av grannane har bruk for gjerde, kjem dei til å halda det uturvande å ha noko skjøn: Gjerda rotnar ned — eller er alt nedrotna —, og det er næraast utenkjeleg at nokon vil krevja oppattsetjing. Då synest grannane nok at det kan koma på eitt ut, anten det formelt er dei gamle gjerde-reglane som gjeld, eller dei nye.

Men der både eller den eine av grannane har bruk for gjerde, vil nok i alle fall ein av dei snart krevja skjøn — anten til å få slutt på heile gjerdehaldsskyldnaden (jfr. § 7), eller til å få sett ned sin part av gjerdehaldet (jfr. § 8). Dette er berre som det skal vera, og reglane om skjønskostnaden er difor sette såleis at det ikkje skal falla nokon serutgift på den som krev skjønet (jfr. § 16, andre stykket).

Der det ikkje er anna til deildemerke enn gjerdet som vert nedlagt, bør det straks sytast for å få sett rettelege deildemerke i markeskilet. Sjå elles jordskiftelova § 100, jfr. § 34. (Jfr. merknad til § 4).

Til § 4. (Inga tilsvarande føresagn i gjerdelova).

Forbod mot gjerde som er farlege. Forbod mot å setja gjerde såleis at dei skader eller løyner deildemerke.

At gjerde mot granneeigedom ikkje må vera såleis at det er farleg for folk eller husdyr, fylgjer av både politiretslege og granneretslege grunnar og treng inga næraare grunngjeving. Denne regelen kan råka t. d. sume piggrådgjerde.

Eit gjerde som er sett i bytelina mot grannen, gjev oftast god nok rettleiing om kvar den lina går. Ofte er det ikkje andre deildemerke. Men der så er, bør deildemerka heretter som før vera heilage og freda, jfr. strafelova §§ 188 og 396. — Føresegner om deildeamerke kjem i eit anna kapitel.

Etter dette er det klårt at gjerda ikkje må setjast såleis at dei skader eller løyner bort dei rette deildemerka. Dette er serleg viktig når det gjeld steingardar.

Til § 5 (jfr. gjerdelova § 14).

Grannegjerda må ikkje lagast eller vanstellast såleis at dei er til serleg ulempe eller lyte på granneeigedomen. Dei skal setjast i deiddelina.

At gjerde i deiddelina kan valda ymse små ulempar for grinnen, er slikt ein lyt rekna med. Det kan t. d. stengja meir eller mindre for utsynet frå glaset hans, eller føra til at han får ei snøfonn i gardsvegen sin eller i tunet. Er ikkje desse ulempene uturvande eller uvanlege eller i strid med serlege retts-høve, gjer det ikkje gjerdet ulovleg. Det er slikt som grannar lyt tola av kvarandre. Men å laga eller vanstella gjerdet såleis at det valdar serlege lyte eller ulempar på annan manns eigedom, er i strid med god granneskap og bør vera forbode.

Forbodet her går berre på det som gjeld motstøtar-eigedom — den står i ei serstode i denne samanhengen. Ein er merksam på at og dei andre eigedomane i grannelaget har krav på vern mot lyte eller ugagn av gjerdet. Men det vernet gjeld ikkje meir gjerde enn t. d. byggverk og andre tiltak og tilstellingar på annan manns grunn. Føresegnene om slikt høyrer til i dei ålmenne granneretsreglane eller i offentlegrettslege føresegner, og er ikkje medtekne her.

Regelen i andre stykket om at grannegjerda skal setjast i deiddelina og ikkje lenger inn på grannegrunden enn på eigen grunn, er i samsvar med nogjeldande gjerdelov.

Likeins er høgstegrensa for kor mykje gjerdegrunn ein har rett til av grannegarden, på lag den same. Men denne siste føresegna kan det nok vera grunn til å setja spørsmålsteikn ved. Mønsteret er gjerdelova § 14, andre punktum. Når ein har teke inn denne regelen, er det for steingardane skuld. Steingardar kan i mange tilfelle vera lønsamaste gjerda, av di dei er varigare enn andre gjerde og mykje billegare å halda ved like. Og der det er vanskeleg å verta av med stein ifrå nybrot, kan det vera mykje om å gjera å få nytta han til gjerdevyrke. Dette var serleg viktig før i tida, då dei ikkje hadde anna enn handemakt og hest til bortføringa. Men på sume stader kan det nok ha sitt å seia enno.

Trass i desse grunnane er ein i stor tvil om regelen er tilrådeleg: At ein grunneigar skal kunna ta ei strime på opp til $\frac{1}{2}$ meter breidd av grannegrunden til å leggja stein på, er ikkje berre av det gode. Sume stader kan det nok tenkjast at slike gjerde ikkje tarv vera fullt så breie i botnen som ein heil meter. Men med dei krap til høgd og styrke som ein har i dag — og som det er meinings å halda oppe i alle fall for jordbruksjerdene (jfr. § 15, andre stykket) — er det ikkje mykje å spa inn på breidda. Skal ein i det heile ha regelen for steingardane skuld, lyt ein difor rekna at dei tek bort ei breidd på $\frac{1}{2}$ meter av granneigedomen.

Det som likevel gjer at ein nokolunde ankelauast kan gå med på regelen, er at etter § 18 i utkastet er det høve til å få sett forbod mot steingardar i kommunar der kommunestyret gjer vedtekt om det.

Til vern mot hekkar som breier seg meir enn 0,5 meter frå deiddelina, kan grunneigaren truleg nytta regelen om greiner og røter som kjem inn på grannegrunn. (Rt. 1955 side 33).

Til § 6. (Inga tilsvarande føresegna i gjerdelova).

Grunneigaren har rett til å ha gjerde mot grinnen.

I sume tilfelle kan gjerdet som før nemnt føra med seg visse ulemper for grinnen. Når då den no gjeldande ålmenne gjerdehaldstvangen vert avteken, fylgjer det ikkje lenger av seg sjølv at den eine grinnen har rett til å setja gjerde i markeskilet mot den andre. Men utvalet meiner at det bør han ha, og § 6 skal då gjeva den positive lovheimelen som kan vera turvande.

Til § 7 (jfr. gjerdelova §§ 1, 2, 3, 6 og 14).

Vilkåra for gjerdehaldstvang. Mot hyttetuft i utmark og for ålmenning er det ingen gjerdehaldstvang.

Den nogjeldande ålmenne gjerdeplikta er ikkje lenger til lette for jordbruket, men til ei tyngsle som det er eit sterkt ynskje om å koma bort frå. Dertil er ho i mange tilfelle ei sertyngsle på folk som ikkje driv jordbruk.

Denne paragrafen går difor ut på eit prinsippskifte.

Den nogjeldande regelen er som nemnt (side 6) stort sett denne:

Innmark er det gjerdehaldstvang mellom eigedomane alle stader, så nær som i nokre få og lite viktige unnatakstilfelle. Det same gjeld i utmark, når der er gjerde frå før. — Utmark elles er det ikkje gjerdehaldstvang mellom eigedomane utan der nytta av gjerdehaldet er større enn kostnaden for dei både. Om dette vil seia både eigedomane kvar for seg, eller både rekna under eitt har vore noko omstridt.

Etter utkastet vert prinsippet det motsette: Det skal ingen stad vera tvang til gjerdehald utan på dei vilkåra som er fastsett i § 7, fyrste stykket. Desse vilkåra er:

1. Det skal vera klårt at for både eigedomane rekna under eitt, er nytta av gjerdehaldet større enn kostnaden.

2. Gjerdet skal vera til nytte for kvar serskild av eigedomane. (Lik med serskild eidegdom er rekna samanhangande sam-eige- eller beiterettssområde, jfr. §§ 11, 12 og 13).

Med desse vilkåra i staden for dei som no gjeld, vert gjerdehaldstangen førd inn under dei ålmenne rettsprinsipp som gjeld for andre tilhøve der det er juridisk tvang til å vera med på sams tiltak til sams nytte. Desse prinsippa er at tiltaket i seg sjølv skal vera samfunnsnyttig, og at den som vert tvinga, ikkje skal ha tap av det. Det er overgangen til den skipnaden som er sjølv prinsippskiftet.

Utkastet skil ikkje mellom innmark og utmark i denne samanhengen. Regelen vert den same over det heile, og tolleg nøye lik den som no gjeld for utmark der det ikkje er gjerde frå før.

Andre stykket av § 7 er om det heller sjeldne tilfellet, at vilkåra for gjerdehaldstvang elles er tilstades, men at lendet gjer det for vanskeleg å setja gjerdet i sjølvé markeskilet. Der er t. d. ein bekk eller løk mellom eigedomane — eller ein veg, jfr. gjerdelova § 6. Her trengst det ein positiv regel om korleis det skal gjerast, når føresegna i § 5, andre stykket, såleis kjem på tverke for den gjerdeskiften.

naden som elles skulle vera den tenlegaste. Dette same problemet har ein etter den nogjeldande gjerdelova. Der er det løyst på den måten at grannane er skyldige til å tola gjerdet heilt inne på sin grunn, men mot vederlag. Det er eit slag ekspropriasjon. Så viktig som gjerdehaldet var etter driftsmåtene i eldre tider, var vel den løysinga rimeleg og naturleg. Men med den mykje mindre vekt det vert lagt på gjerdehaldet no i tida, synest det vera liten grunn til å halda oppe ein slik ekspropriasjonsregel: Når det ein sjeldan gong er så mykje om å gjera for den eine grinnen å få tvinga den andre med på gjerdehaldet i eit såvare tilfelle, bør han kunna tola gjerdet på sin eigen grunn. Kostar det honom så mykje at det vert urimeleg, kan skjønet jamna på mishøvet, jfr. § 8, fyrste stykket. — No kan lendet tenkjast vera såleis at det vert billegare å ha gjerdet på den andre sida. I så fall står motparten seg på å ta det inne på sin eigedom, og vil samtykkja i den skipnaden, så framt han ikkje har avgjerande grunnar imot det. Men har han slike avgjerande grunnar, bør han ikkje tvingast til noko som strider mot regelet i § 5.

Gjerdelova § 6 har ei serføresegn om gjerdeplikta mellom eigedomar som er skilde med veg. Ho knyter seg til regelen om den ålmenne gjerdeplikta. Når den fell bort, vert det ikkje lenger bruk for nokor slik serføresegn.

Gjerdelova frå 1860 er — som før nemnt — i hovudsaka ei jordbrukslov. I kjøpstädene gjeld ho berre der det er hage, åker, eng eller «open mark» (§ 42). Etter utkastet vert dette anndeis, og føresegnene om gjerdehaldstvang vert prinsipielt dei same for land og by. Men den nyttar som skal vera avgjerande for spørsmålet om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling, vert vel stort sett noko anna i byane enn på landet. Serleg omsynet til utsyn og utsjånad får mykje meir å seia i byen, og trangen til vern mot innsyn og inntrengjing gjer seg gjeldande på ein heilt annan måte. Om dette viser ein til det som er sagt på side 13—14.

Det kan tenkjast at desse slag nytte stort sett vert noko vanskelegare å vega mot kvarandre enn dei ein lyt rekna med i jordbrukslova. Dette vil då truleg føra til at ved skjøn etter § 14 jfr. § 8 vert det mindre og færre avvik frå regelen om at kvar granne tek halvt gjerdehaldet.

Nest siste stykket av § 7 er ei serføresegn for hyttetufter i utmark.

«Hytter» av det slaget som no er så vanlege, er eit heller nytt innslag i samfunnslivet, og har skapt problem som var ukjende

og utenkte for ein mannsalder sidan. Det er eitt av desse problema — fylgjene for utnyttinga av utmarkbeita — utvalet her gjer framlegg om å løysa med denne føresegna saman med ein tilsvarende paragraf i kapitlet om ansvaret for visse slag husdyr. Løysinga kan på sine stader verta avgjerande for grannevenskapen mellom hytteigarane og bygdefolket.

I fjell og utmark elles er det framleis det vanlege mange stader at kyrne går på beite utan hjuring eller stendig tilsyn. Dette kan la seg gjera av di der ikkje finst noko som dyra kan gjera nemnande skade på. Men kjem det hytter i slike strok, kjem den driftsmåten i ei anna stode: I fall dyreansvaret skal vera det same her som nede i bygda, kan vågnaden for dyrehaldaren, og utgiftene til gjæting og gjerdning lett gjera utmarkbeitet ulønsamt og verdlaust for mange. Fylgja av dette vart då snart den, at hyttetufter ikkje var å få kjøpt for rimelege prisar — og at den utmarkeigaren som selde, vart ille sedd mellom dei andre.

Når hyttene ikkje alt har verka som her nemnt, kjem det visseleg av at dei aller fleste hytteigarane sjølv syter for forsvarlege gjerde der det trengst. Ofte er vel tuftene selde på det vilkåret, at kjøparen skal ha gjerdehaldet sjølv. Men anten slikt vilkår er sett eller ei, plar hytteigarane ha hugnad av å stella fint kring hytta si, og oftast set dei mykje gildare gjerde enn grinnen bør ha krav på. Dette er visseleg den skipnaden som alle partar er best tente med, og utvalet er difor kome til at han bør lovfestast.

Framlegget frå Beitekomitéen frå 1935 har omlag tilsvarende regel om hyttetufter. Men etter det framlegget skal same regelen gjelda i innmark, og likeins for «hustomt, have, sportsplass, grube, industri og lignende anlegg». Etter utkastet er det ingen grunn til å ha nokor serføresegn med slik einsidig regel for desse andre tilfella: Både vilkåra for gjerdehaldstvang (§ 7) og kostnadsdelingsregelen (§ 8) gjev vonleg godt nok vern til både sider.

I gjerdelova § 3 er det sett opp 4 serføresegner om tilfelle då «gjerdeplikt bortfalder»: Det er unnatak frå regelen om ålmenn gjerdehaldstvang. Etter utkastet skal det ikkje vera nokon slik ålmenn gjerdehaldstvang. Då har ein ikkje bruk for dei tre fyrste av dei unntakene. Det fjerde gjeld ålmenninng, og det held utvalet oppe. Alle dagar har det vore så at den som bygde i ålmenninng, laut halda gjerde sjølv, men han hadde jamnast og gjerdefangsrett i ålmenningen. Utvalet kjenner ikkje til at det har vorte klaga over den skipnaden.

Når det ikkje skal vera ålmenn gjerdehaldstvang, trengst ikkje føresegna i gjerdelova § 14, siste punktum, heller.

I denne paragrafen og sume av dei som kjem etter, nyttar utkastet nemningane gjerdehald, gjerdehaldsskyldnad, gjerdehaldstvang. Denne seiemåten er vald av di ordet «gjerdehald» femner om både nyoppsetjing, oppattsetjing, istandsetjing (vøling) og vanleg vedlikehald (samanlikn: gjerdelova § 1, andre stykket).

Nemninga «hytte» er nytta under nokotvile: Ordet er ikkje eintydig, og den nye tydinga det har fått i dei par siste mannsaldrane, har nok ikkje fest seg alle stader. Men etter samanhengen er vel meiningsa så tydeleg, at det truleg ikkje kan vera fare for tolkingsvanskar.

Til § 8 (jfr. gjerdelova § 7, fyrste og andre stykke).

Gjerdehaldsdeling. Prinsippet.

Der det vert fastsett at det skal vera gjerdehaldstvang mellom eigedomane, lyt det og avgjerast kor stor part av gjerdehaldet kvar av dei skal ha: Det må såleis ei gjerdehaldsdeling til. Det er den delinga § 8 gjev heimelen for og reglane om.

Ein kan seia det så at § 7 set dei ålmenne vilkåra for gjerdehaldstvangen, og § 8 fastset så korleis gjerdehaldet skal delast der desse vilkåra er tilstades. Desse reglane heng så nær saman at ingen av dei kan tenkjast gjenomförd utan den andre. Det vil seia at den gamle delingsmåten ikkje kan semjast med det nye prinsippet for gjerdehaldstvangen. Heile delinga får eit anna grunnlag.

Så lenge grunnlaget for delinga er at kvar av grannane har skyldnad til å halda gjerde mot den andre, fylgjer det av seg sjølv, at der det ikkje er positiv heimel for noko anna, lyt dei ta kvar sin halvpart av gjerdehaldet, d. e. av tyngsla eller kostnaden. Dette er då og den noko nær unnataksfrie regelen så langt den ålmenne gjerdeplikta gjeld etter den noverande gjerdelova.

Etter utkastet vert nytta for kvar av eigedomane det einaste grunnlaget for gjerdehaldstvang. Dermed vert den same nytta og det einaste grunnlaget for kostnadsdelinga. Det vil seia at ein ikkje har noko anna delingsprinsipp å byggja på her enn i dei andre tilfelle då det er lovsett tvang til å vera med på sams tiltak til sams nytte. Jfr. utgiftsdelingsregelen i t. d. jordlova frå 1928 §§ 57, 58 og 65 (sjå no jordlova frå

18. mars 1955 §§ 31, 32 og 38), vassdragslova § 31 nr. 2 og § 64 og jordskiftelova § 75.

I samsvar med dette kunne fyrste stykket av § 8 lyda t. d. såleis: «Der det er gjerdehaldstvang etter § 7, skal gjerdehaldet bytast mellom grannane i høve til den nytta kvar av dei har av gjerdet.» Når regelen i staden er forma noko annleis, er det ikkje av principielle, men av rettstekniske grunnar: Av om-syn til dei serlege skjønsvanskar som kan gjera seg gjeldande. Dei nytteverknadene som skal leggjast til grunn for utlikninga, er så mange og av så ulike slag, at det i sume tilfelle vert sers vanskeleg å finna eit brukleg sams mål eller grunnlag for samanlikninga mellom dei. Dette kunne lett føra til at skjønsavgjerdene kom til å gå på slumper eller etter godtykke, og at like tilfelle fekk ulik avgjerd.

På den andre siden meiner utvalet, at med vilkåret om at kostnaden ikkje må vera større for nokon av partane enn den nytta han får av gjerdet, kan ikkje skjønsutfallet koma serleg langt ifrå det rette. Og når så skjønet attpå har tilføre til å jamna på mishøve som enno kan visa seg, skulle ein tru at i røynda fører denne regelen til likså rettvise avgjelder som den teoretisk rette.

Føresegna i andre stykket av denne paragrafen er ny i utkastet. Ho er mynta på tilfelle som lett kjem opp når lova ikkje lenger skal gjelda berre jordbruksjerde, men og t. d. gjerdet mellom hagen åt ein rik villa-eigar og tufta åt ein småkårsmann ved sida, eller mellom ein tennisbane og eit kulturbete.

Etter lova frå 1860 — og frå gammalt — er gjerdehaldsdeling alltid deling in natura. Det vil seia at grannane får kvar sitt stykke av lina å halda gjerde på.

Mellom jordbrukselgdomar og i tider med naturalhushald, var dette visseleg den naturlege og tenlegaste regelen. I vår tid har naturalhushaldet mykje mindre å seia enn før. I staden har skiftingane i pengeverdet no vorte ein sterkt grunn til å halda fast på den gamle delingsmåten. Men serleg i byane og mellom andre eigedomar enn bondegardar, kan pengedeling eller oppgjerd med pengetilsot ha mest for seg i sume tilfelle.

Ut ifrå desse synsmåtane er utkastet bygt på at naturaldeling skal vera det prinsipiale, men med høve til unnatak (§ 10). I alle tilfelle er det kostnadsdeling etter prinsippet for sams tiltak til sams nytte.

Ved naturaldeling vert det alltid minst to serskilde skjønsspørsmål å tenkja gjennom før ein kjem fram til avgjerala: 1) Kor stor part av kostnaden skal kvar av grannane ha?

2) Kor langt skal gjerdestykket hans vera for at det skal svara til den parten av kostnaden? — Der tilhøva er like etter heile gjerdehaldslina, er det siste spørsmålet så greitt at det kan løysast med reguladetri. Der tilhøva ikkje er like, kan det verta vanskeleg nok (jfr. § 9, andre punktum).

Nokor føresegner som i gjerdelova § 10 om lutdraging er ikkje teke inn i utkastet. Den måten er lite brukeleg no — og med den nye delingsregelen høver han ikkje.

Til § 9. (Fyrste punktum: Inkje tilsvarannde i gjerdelova. Andre punktum: jfr. gjerdelova § 10, andre punktum, og § 15, fyrste og andre punktum).

Framhald om gjerdehaldsdelinga. Einskildføresegner.

Serleg i byar og tettgrender er det stundom sett hus eller andre byggverk så tett inn til markeskilet, at der ikkje vert bruk for eller rom til gjerde mellom eigedomane på det stykket av bytelina. Byggverket gjer teneste for gjerde.

Det spørsmålet kjem då opp, om den grannen som har bygt såleis, skal reknast for å ha oppfylt gjerdehaldsskyldnaden sin så langt byggverket hans gjer teneste i staden for gjerde. I så fall laut det koma honom åleine tilgode ved delinga, såleis at det kom til frådrag serskilt i hans part av gjerdehaldet. Spørsmålet har vore oppe i Norges Hus-eierforbund, som har drøft det i ei utgreiing og kome med eit lovframlegg om dette og andre gjerdespørsmål (sjá framanfor s. 9—10). På side 11 i den utgreiinga heiter det:

«Et spørsmål som er særlig praktisk for byeideomme, er hvorvidt hus skal regnes for gjerde, når en av de tilstøtende tomter er bebygget til grenselinjen langs en del av denne. Tilfellet vil være særdeles hyppig. Det kunde da tenkes at den eier som har hus langs grenselinjen for en halvpart eller mer av lengden, vilde møte den annen med den innsigelse at gjerdeplikten for hans vedkommende var oppfylt, idet huset var gjerde godt nok. Imidlertid vil det alltid være en tilfeldighet om tilstøtende eiendomme er bebygget nettopp i grenselinjen. Med hensyn til gjerdeplikten bør dette ikke spille noen rolle. Den grenselinje som blir å fordele mellom de gjerdepliktige naboer må være den fri grenselinje, uansett om en del av grensen for øvrig er bebygget.»

Utalet er stort sett samd i dei synsmåtane som her er haldne fram, og har lagt dei til grunn for regelen i § 9, fyrste punktum.

Eit par døme kan visa korleis den regelen kjem til å verka:

Døme 1. Bytelina mellom eigedomane A og B er 50 meter i alt. Tilhøva er like etter heile lina, og både eigedomane har like stor nytte

av å ha gjerde. A har bygt eit 10 meter langt hus som i heile si lengd gjer teneste i staden for gjerde i markeskilet.

Etter § 9 får A ikkje noko serfrådrag for dei 10 metrane. For dei vert ikkje medrekna i den gjerdelengda som skal delast. Dvs. at det vert 40 meter gjerde i alt, og av dei får A og B 20 meter kvar. Det fylgjer av denne løysinga at i fall A vil riva huset om ei tid, så står det honom fritt, og han har ingen skyldnad til å setja gjerde i staden. For delinga galdt ikkje meir enn dei 40 metrane. Vert huset rive, kan då kvar av grannane krevja skjønsavgjerd for dei gardlause 10 metrane. I praksis vil det helst føra til nydeling over heile lengda, av di det vel er om å gjera for både å få gjerdehaldet i eitt stykke.

Døme 2. Same byteline og tilhøve i det heile, men ingen av grannane har enno bygt noko som kan gjera teneste i staden for gjerde i markeskilet.

Her lyt avgjerala gå ut på at kvar av grannane får 25 meter gjerdehald. I fall ein av dei då seinare vil setja eit hus såleis som nemnt i fyrste dømet, står det honom fritt. For gjerdeskjønsavgjerdene var ikkje noko byggjeforbod, og når huset gjer teneste i staden for gjerde, så er gjerdehaldsskyldnaden oppfylt på det stykket. Her er avgjerd alt teke for heile bytelina, og bygginga kan ikkje gjeva den andre grinnen rett til å krevja ny deling før vilkåret etter § 14, andre stykket, er til stades. Men krev han ny deling når tida er komi, får han nedsett gjerdehaldet sitt med 5 meter, om tilhøva elles er dei same som før.

Andre punktum av § 9 svarar etter innhaldet til gjerdelova § 10 andre punktum og § 15 fyrste punktum. Etter prinsippet for delinga er regelen i grunnen sjølvsaagd. Han er teken med for å gjera det tydeleg at det ikkje er lengda i meter, men tyngsia, kostnaden, som skal delast i høve til nytta.

Til § 10 (jfr. gjerdelova § 15, andre punktum).

I staden for naturaldeling kan skjønet ta avgjerd om andre delings- eller oppgjerdmåtar.

Som nemnt i merknaden til § 8 kan det vera tilfelle då deling in natura ikkje er det tenlegaste. I § 10 er det difor gjeve heimel for skjønet til å gjera dei unnatak som det held ynskjelege. Ein går ut ifrå at skjønet her vil leggja stor vekt på det partane sjølve meiner om ein unnataksskipnad, og at det syter for det som trengst til trygd for rett oppfylling frå både sider.

I tilfelle då den eine skal ha gjerdehaldet åleine mot tilskot frå den andre, kan det stundom vera greiest med ein eingongssum for heile 15-års-bolken (jfr. § 14, andre stykket).

Til § 11 (jfr. gjerdelova §§ 5, 17, siste stykket, 19 og 20).

Gjerdehaldet når ein annan enn eigaren brukar eige-
domen.

Når eigaren sjølv brukar eideomen, er det ingen annan han til å svara for gjerdehaldet mot grannane, eller til å gjera gjerdehaldsansvar gjeldande mot dei.

Men når eigaren er ein og brukaren ein annan, er ingen av dei sjølvskriven til å vera målsmann for eideomen andsyne grannane. I slike tilfelle er det visseleg best for alle partar å ha ein positiv lovregel, så dei kan vita kva og kven dei har å halda seg til.

Utkastet er bygt på den tankegangen, at når det gjeld gjerdehaldet, så er brukaren den nærmeste til å ha dei krav og skyldnader som den daglege drifta på eideomen fører med seg. Gjeld det derimot spørsmål om den varige gjerdeskipnaden — rettsstoda for eideomen i framtida — er det eigaren som skal ha det avgjerande ordet. Når siste punktum i andre stykket av paragrafen likevel legg eit band på eigaren i dette spørsmålet, er det av di at eit skjøn kan slå til både kantar: Kravet om gjerdeskjøn kan føra til avgjerd som er til skade for eideomen i staden for vinning. Det kunne koma til å råka brukaren og. Vil då eigaren ta den vågnaden, bør han difor anten ha samtykke av brukaren eller bia til han får fritt ráovelde over eideomen sin. — Her lyt ein elles vera merksam på, at som oftast ligg det ei serleg avtale til grunn for rettshøvet mellom eigar og brukar. Inneheld den avtala noko som fører til ei onnor løysing enn reglane i denne paragrafen, er det avtala som vert avgjerande for rettshøvet mellom dei. Nærare lovreglar om rettshøvet mellom eigar og brukar, høyre ikkje til i dette kapitlet. Føresegner som t. d. andre og fjerde punktum i gjerdelova § 19 er difor ikkje medtekne i utkastet.

Etter den nogjeldande lova (gjerdelova § 19) er eigar og brukar solidaransvarlege andsyne grannane for at gjerda vert haldne i lovleg stand. Nokor tilsvarande dobbeltrygd for gjerdehaldskrav gjev utkastet ikkje. No i tida er ikkje slike krav så viktige at det er grunn til å tryggja dei med solidaransvar. Og med dei strenge tvangsføringssreglane (jfr. § 17) har grannane likså god trygd for oppfylling når det gjeld gjerdehalds-

krav som når det gjeld andre vanlege krav og oppgjer i rettslivet.

Etter siste stykket i denne paragrafen er beiterettshavar jamstelt med brukar.

Utkastet definerer ikkje ordet «brukar». Her bør domstolane stå mest mogeleg fritt. Heller ikkje den noverande gjerdelova som har tilsvarande skiljing mellom eigar og brukar, gjev nokon definisjon. Ein kan ikkje sjå at dette har valda nemnande vanskar.

For vedlikehaldet gjeld føresegne i denne paragrafen jamvel i reint stuttvarige bruks- og beiterettshøve. For spørsmåla etter §§ 7 og 8 er det derimot klårt at desse føresegne ikke får noko å seia utan i dei tilfelle då bruks- eller beiteretten skal koma til å vara noko tid frametter.

Til § 12 (jfr. gjerdelova § 8).

Serreglar for grunnstykk
som ligg i jordsameige.

Emnet for denne paragrafen er det same som i gjerdelova § 8, og løysingane er prinsipielt dei same. Sumt av det som kjem inn under a, c og d i gjerdelova § 8, høver det lovteknisk best å ha i kapitlet om jordsameige.

Nokor føresegne om «teigbytte» er ikkje turvande lenger.

*Til § 13. (Inga tilsvarande føresegne i
nogjeldande gjerdelov).*

Sams beiterettsområde.

Denne paragrafen gjeld område for sambeite der det ikkje er eideomsretten, men beiteretten som er sams. Etter utkastet er serskilt beiterettsområde rekna likt med sjølvstendig jordbruks eideom (§ 15 siste punktum).

For sambeitarane i slike tilfelle bør gjerdehaldsreglane vera dei same som for sam-eigarar, og utkastet går difor ut på at dei skal koma inn under føresegne i § 12, fyrste og andre stykket. Men sidan det her ikkje er noko sameigehøve å gå ut ifrå, trengst det ein serskild regel om delingsgrunnlaget for gjerdehaldsskyldnaden dei imellom. Utvalet er kome til at det rettaste må vera å leggja dyretalet til grunn for utlikninga — ikkje dyretalet på eit visst tidspunkt, men det som kvar av beiterettshavarane til vanleg har på beitet.

Etter ordlyden tek utkastet og med det tilfellet at grunneigaren sjølv har rett til å ha beitedyr på området saman med dei som berre har beiterett der. I fall ikkje noko anna er avtala eller fylgjer av serlege rettshøve, er det rimeleg at eigaren då er med på gjer-

dehaldet etter same reglar som hine. Med denne paragrafen får ein såleis positiv løysing på eit spørsmål som tidlegare har valda tvil og vanskar, jfr. høgsterettsdom i Rt. 1903 side 117.

Til § 14 (jfr. gjerdelova §§ 2, 7, 8c, 9, 10, 12, 15, 18, 19 og 20).

Rettargangsmåten i gjerdehaldssaker.

Som før nemnt (side 15) har utvalet kome til, at alle saker om gjerdehald bør avgjerast med gjerdeskjøn — og § 14, fyrste stykket, skal vera lovheimelen for den skipnaden, jfr. skjønslova § 4.

Ein reknar med at der det er nokor rimeleg von om eit rettferdig forlik, vil skjønsstyraren fyrst og fremst freista å få partane forlikte (tvistemålslova § 99, jfr. skjønslova § 2).

Spørsmålet om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling står i ei serstode på den måten at det ikkje kan avgjerast ein gong for alle: Driftsmåtar, synsmåtar og tilhøva elles skifter frå tid til tid, og det som er ein rimeleg og god skipnad på avgjeringstida, kan ha vorte reint uhøveleg når nokre år har gått. Avgjersla lyt difor vera berre for eit visst åremål. Utvalet er kome til at 15 år kan vera høveleg. Det reknar med at på lag så lang tid plar eit vanleg gjerde vara utan nokon stor påkostnad. Tilsvarande frist for privat avtale er 10 år (§ 2). Det kan høva at ei judisiell avgjerd som denne står ved lag nokon lenger, når ikkje eigedomsdeling kjem imellom.

Til § 15 (jfr. gjerdelova §§ 12, 13 og 16).

Skjønet avgjer korleis gjerda skal vera. Serreglar for avgjerdene om jordbruksjørde.

I dei tilfelle då skjønet kjem til at der er gjerdehaldsskyldnad, tek det turvande avgjerdene om korleis gjerdet skal vera. Dette gjeld liksåvel jordbruksjørde som andre gjerde. Men for jordbruksjørde er reglane i andre stykket (om styrke, høgd, tettleik og årstid) bindande. Sidan alle gjerdehaldssaker får si avgjerd i slikt skjøn (jfr. § 14), gjeld føresegna her likeins anten gjerdehaldsskyldnaden fylgjer av tvang etter § 7 eller har annan heimel. Men i siste fall kan sjølve heimelen vera avgjerande for korleis gjerdet skal vera. Slikt direktiv er då bindande så framt det ikkje går ut på nokon ulovleg eller meiningslaust.

For gjerde elles står skjønet fritt, men skal mest mogeleg retta seg etter det grannane ynskjer, og etter skikk og bruk på staden.

At avgjarda ikkje må strida mot lov eller lovlege vedtekter, er vel klårt nok utan ser-skild påpeiking i denne paragrafen.

Det er berre «turvande avgjelder» skjønet skal ta. Er det t. d. berre delingsvanskane — eller spørsmålet om gjerdehaldstvang og ikkje noko anna — partane vil ha løyst, er det til vanleg ikkje turvande å ta avgjerd om korleis gjerdet skal vera. Den sida av saka vil partane då greia opp med sjølve, og det er det ingen grunn til å nekta dei (jfr. tvistemålslova § 85). Viser det seg seinare, at dei ikkje greier å koma til liks om korleis gjerdet skal vera, kan det føra til ny sak etter § 14, fyrste stykket.

Det er berre «mest mogeleg» skjønet skal retta seg etter det partane sjølve ynskjer, og etter skikk og bruk på staden. Heilt ut let ikkje det seg gjera utan når partane ynskjer heilt likt — og ynskja deira er i samsvar med skikken og bruken. Men endå i slike tilfelle er det skjønet som har avgjersla: Det kan ikkje gå med på noko som er ulovleg. Og jamvel om det partane ynskjer, ikkje strider mot lov eller gode seder, så kan det vera så dåpeleg eller uhøveleg at skjønet ikkje bør låna bort namnet sitt til det. Er partane samde om noko slikt, og vil dei ha sett sin vilje igjennom, lyt dei dra saka tilbake frå skjønet og greia opp på eiga hand, jfr. § 2.

Regelen om at skjønet fastset korleis gjerdet skal vera, er ny i utkastet. Han er turvande av di lova skal gjelda grannegjerde av alle slag og for alle tilhøve.

Men for jordbruksjørde er den nye regelen korkje tenleg eller turvande. Her er dei nogjeldande lovsette krava til styrke, høgd og tettleik vel innarbeidde og gjennomprøvd — og så tenlege til føremålet sitt, at korkje lovgevar eller gjerdeskjøn bør rupla med dei. I andre stykket av paragrafen har ein diforteke inn den regelen som no står i gjerdelova § 13, fyrste punktum, og gjort han bindande for skjønet. Sameleis skal regelen om kva tid på året jordbruksjørda skal haldast i lovleg stand vera bindande for skjønet. Dette siste spørsmålet heng uskiljande saman med avgjerdene etter § 18c og grip såleis vidare enn til partane i den einskilde gjerdesaka.

Til § 16. (Fyrste stykket: jfr. gjerdelova §§ 41 og 42a. Andre stykket: jfr. gjerdelova § 2, siste punktum).

Gjerdeskjøn er rettsleg skjøn, eller lensmannsskjøn. Reglar om sakskostnaden.

Fyrste stykket i paragrafen samstavar med det som no gjeld om gjerdeskjøn.

Skjøn om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling trengst i alle tilfelle til å koma over fra den ålmenne gjerdehaldsskyldnaden til den skipnaden som etter utkastet skal setjast i staden. Av den grunn bør det ikkje vera nokon serkostnad for den av grannane som krev slikt skjøn. I samsvar med dette går utkastet her ut på at kostnaden med slike skjøn bør liknast ut på partane etter den nytta kvar av dei har av gjerdehaldet. Men denne regelen er ikkje unnataksfri: Fer t. d. den eine parten urimeleg eller misleg fram ved skjønet, eller gjer han vanskar som fører til tarvlaus auke i utgiftene, skal skjønet ha høve til å la honom få tilsvarende større part av skjønskostnaden.

Sidan skjønsførehaving skal verta den faste rettargangsmåten i alle gjerdesaker, lyt elles reglane om sakskostnaden vera her som i andre tvistemålssaker.

Etter det som er fastsett i § 17, skal gjerde-skjønsavgjerdene vera tvangsgrunnlag. Dette set serlege krav til bokførsla: Det lyt seiast korleis skipnaden skal vera, så tydeleg og fullstendig at skjønsbokutskrifta gjev nok rettleiing for nåmsmannen i fall tvangsføring vert turvande. Jfr. skjønslova § 22 og tvistemålslova § 146.

Til § 17 (jfr. gjerdelova § 18).

Tvangsføringa i gjerdehaldssaker.

Etter den rettargangsskipnaden som er fastsett i § 14, fyrste stykket, vert ei skjønsavgjerd det same som ein dom. Dermed er det noko nær sjølv sagt at skjønsavgjerdene lyt vera tvangsgrunnlag og formast med dette for auga.

Ein dom kan ikkje fullførast før han er rettskraftig, jfr. tvangsfølingslova § 4, og i gjerdesaker er det ofte viktig å få sett avgjerdene i verk så snart som mogeleg. Av den grunn går utkastet ut på at skjønsavgjerdene skal vera tvangsgrunnlag på same måten som orskurdar. Det vil seia at dei kan setjast i verk så snart det er gjeve lovleg tilseiing. Frå den regelen gjeld dei unnatak som fylgjer av tvangsfølingslova § 8, andre stykket, jfr. § 5.

Det som skal setjast i verk etter ei gjerde-skjønsavgjerd, kan vera pengeutreiling (sakskostnad, skadebot, tilskot etter § 10 og vel anna). For slike pengeoppførder gjeld føresegnene i tvangsfølingslova utan serreglar av noko slag. Men ofte kan avgjerdene gå ut på skyldnader av det slaget som går inn under tvangsfølingslova § 237, slikt som nyoppsetjing, oppattsetjing eller istandsetjing av gjerde, eller riving av ulovleg gjerde, eller

borttaking av ting som stengjer for retten til gjerding etter § 6. For dette slag tilfelle gjev § 17, siste stykket, ein serregel: Vedtak om fullmakt til å setja bort arbeidet på kostnaden åt den saksøkte skal høyra under nåmsmannen i staden for under nåmsretten. Føremålet med denne serregelen er å gjera tvangsføringa snøggare og billegare.

Til § 18 (jfr. gjerdelova § 13, andre stykket).

Kommunale vedtekter.

Denne paragrafen gjev lovheimel til kommunale vedtekter for slike avgjelder som det ikkje høver å taka for heile landet under eitt.

Etter a) kan slik vedtekt både setja forbod mot visse slag gjerde og gjeva føresegner om korleis gjerda mot granneigedom skal vera. Nokon grei skilnad mellom såvorne forbod og føresegner er det elles ikkje, av di påbod om korleis gjerda skal vera, samstundes vert eit forbod mot gjerde som er i strid med påbodet.

Forboda vert vel helst nytta mot piggtrådgjerde, steingardar, levande hegna og andre slike gjerde og gjerdevyrke som av ein eller annan grunn kan vera uynskte der i heradet eller byen.

Føresegner om korleis gjerda skal vera, vert det vel helst bruk for i tettbygde strok, der det av venleiksom syn eller andre grunnar er ynskjeleg å ha gjerda mest mogeleg like eller einslaga. Bygningslova (§ 148) har ein tilsvarende regel. Der den er gjort gjeldande får difor regelen her liten sjølvstendig verknad.

Føresegna under b) gjeld berre jordbruks-gjerde og svarar i hovudsaka til regelen i gjerdelova § 13, andre stykket.

Regelen under c) gjeld og berre jordbruks-gjerde. Han tener til utfylling av § 15, andre stykket, i utkastet og svarar nærest til gjerdelova § 16. Skilnaden frå den nogjeldande regelen er den, at etter utkastet spørst det ikkje om jorda er klaka (frosen) eller ei, men berre om når ho er tenleg til beiting. Kva tid det er, vert fastsett med kommunal vedtekt etter tilhøva i den einskilde kommunen, mot at det no er fastsett same tid for heile landet (frå 30. april til 14. oktober).

Utvalet går ut ifrå at der det er jordstyre, vert det rådspurt før kommunestyret tek avgjerd om vedtekter etter denne paragrafen.

Til § 19.

Overgangsføresegner.

Oppseiingsfristen etter § 2 i utkastet gjeld berre dei avtalene som får sin heimel i den

paragrafen og såleis ikkje dei som er gjorde føre lovskiftet. Av desse siste står dei som er nyare enn 10 år, framleis ved lag når den nye lova tek til å gjelda. Av den grunn bør fristreglane i gjerdelova § 17 stå ved lag til tiårsdagen etter at den nye lova har teke til å gjelda.

VII. Framlegg om grannegjerde.

§ 1.

Føresegne i dette kapitlet gjeld berre når ikkje anna fylgjer av serlege rettshøve eller av avtale etter § 2.

Gjerdehald ved offentleg veg og jarnveg går ikkje inn under dette kapitlet.

§ 2.

Grannar kan avtala annan gjerdeskipnad mellom eigedomane sine enn den som er fastsett i dette kapitlet. Slik skipnad må ikkje strida mot § 4 eller mot lovlege vedtekter.

Når minst 10 år er lidne, kan avtala seiast opp. Oppseiingsfristen er eit år, om ikkje stuttare frist er avtala. Føresegne i dette stykket gjeld ikkje gjerdeskipnad som vert avtala i samband med at del av eigedom vert fråskild til bruk eller eige.

§ 3.

Den gjerdeskipnaden som er mellom eigedomane, når denne lova tek til å gjelda, står ved lag så lenge ikkje anna er fastsett i gjerdeskjøn eller på annan måte.

§ 4.

Grannegjerda skal vera såleis laga og vedlikehaldne at dei ikkje er farlege for folk eller husdyr.

Dei må ikkje gjerast såleis at dei løyner bort eller skader noko deildemerke.

§ 5.

Grannegjerda skal vera såleis laga og vedlikehaldne, at dei ikkje er til serlege ulemper eller lyte på granneeigedom.

Dei skal setjast i deildelina, ikkje lengre inn på grannegrunden enn på eigen grunn, og ikkje lengre inn enn 0,50 meter. Denne føresegsna råkar ikkje steingard som lovleg står lengre inne på grannegrunn når denne lova tek til å gjelda.

§ 6.

Granne har rett til å ha gjerde mot granneeigedom når han kostar det sjølv.

§ 7.

Der grannegjerde er til nytte for eigedomane kvar for seg, kan granne krevja gjerdehald av granne, så framt det er klårt at samanlagt for både eigedomane er nytta av gjerdehaldet større enn kostnaden.

Om det er for vanskeleg å ha gjerde i deildelina, tek ikkje det nokon av grannane fri frå gjerdehaldstvangen, i fall den andre grinnen byd seg til å ha gjerdet inne på sin grunn.

Mot hyttetuft i utmark har utmarkeigaren ingen skyldnad til å halda gjerde.

I deildelina mot ålmenning er det ingen gjerdehaldstvang.

§ 8.

Der det er gjerdehaldstvang etter § 7, ber kvar av grannane sin halvpart av gjerdehaldet, men ingen så stor part at kostnaden vert større enn nytta. Der denne delingsmåten kom til å verka urimeleg, kan gjerdeskjønet jamna på mishøvet.

Vil den eine grinnen ha dyrare gjerde enn den andre har skyldnad til å vera med på, har han rett til det mot at han tek på seg meirkostnaden sjølv.

§ 9.

Hus eller anna byggverk som står såleis, at det gjer teneste i staden for grannegjerde, vert ikkje medrekna i den gjerdelengda som skal delast. Der lende, grindhald eller andre tilhøve gjer gjerdehaldet dyrare på det eine stykket enn på det andre, skal skilnaden jamnast ut med avstyting i lengda eller på annan måte som skjønet fastset.

§ 10.

Der det er tenlegast så, kan gjerdeskjønet ta avgjerd om at grannane skal ha heile eller noko av gjerdehaldet i lag, eller at den eine skal ha det heile åleine mot at den andre yter honom tilskot som skjønet fastset.

§ 11.

Der ein annan enn eigaren brukar eigedomen eller eit serskilt stykke, er det brukaren som svarar for gjerdehaldet andsynes grannane og har retten til å krevja lovleg gjerdehald frå deira side.

Krav om skjøn som nemnt i § 14, andre stykket, lyt reisast mot både eigaren og brukaren. Krav om slikt skjøn mot granne kan ikkje eigaren reisa utan samtykke av brukaren.

Der ein annan enn eigaren har beiteretten på eit serskilt stykke, eller heile eigedomen, vert beiterettshavaren rekna for brukaren.

§ 12.

For sameige-område er retten og skyldnaden til gjerdehald utetter som om det var berre ein eigedom, jamvel om det høyrer til eller er samansett av to eller fleire eigedomar.

Har ikkje luthavarane kvar sitt tydeleg fastsette gjerdehaldsstykke, er dei ansvarlege ein for alle og alle for ein.

Segimellom er dei skyldige til å bera så mykje av gjerdehaldet, at det svarar til den parten kvar av dei har i sameiga. I jordsameige har kvar luthavar krav på å få sitt gjerdehaldsstykke fastsett med skjøn etter § 14.

§ 13.

For serskilt område der to eller fleire som ikkje er sameigarar, har rett til beite, gjeld fyrste og andre stykket i § 12 på tilsvarende måte. Er der ikkje anna delingsgrunnlag, svarar kvar av dei for gjerdehaldet etter kor mykje dyr han vanleg har på beitet.

§ 14.

Spørsmål om gjerdehald vert avgjorde med gjerdeskjøn, så framt ikkje anna er serskilt fastsett i lov.

Gjeld spørsmålet gjerdehaldstvang eller gjerdehaldsdeling etter §§ 7 og 8, kan ny avgjerd krevjast når minst 15 år er lidne, eller i samanheng med eigedomsdeling.

§ 15.

Kjem gjerdeskjønet til at der er skyldnad til å halda gjerde, tek det turvande avgjærder om korleis gjerdet skal vera, og kva tid det seinast skal vera sett i lovleg stand. Slike avgjærder skal mest mogeleg retta seg etter det grannane sjølvé ynskjer, og etter skikk og bruk på staden.

Er det jordbruksseigedom på nokor av sidene, skal gjerdet vera minst 1,10 meter høgt og så sterkt og tett, at det fredar mot hest, naut og sau, så framt ikkje anna fylgjer av vedtekt etter § 18 b. Der det er rein jordbruksseigedom på både sider, er det ingen skyldnad til å halda gjerdet i stand utanom den tida på året då marka er tenleg til beiting (jfr. § 18 c).

Til jordbruksseigedomane er og rekna skogmark og fjellvidd. Likt med jordbruksseigedom er rekna område for beiterett (jfr. § 11, siste stykket, og § 13).

§ 16.

Gjerdeskjøn er rettsleg skjøn i kjøpstädene, og lensmannsskjøn på landet og i ladestedene.

Kostnaden med skjøn om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling etter §§ 7 og 8 ber partane i høve til den nytta kvar av dei har

av gjerdet, så framt ikkje skjønet finn grunn til ei onnor deling. Om skjønskostnaden elles gjeld det som er fastsett i kapitel 13 i lova om rettagangsmåten for tvistemål.

§ 17.

Skjønsavgjerdene er tvangsgrunnlag på same måten som orskurdar. Om klage til heradsrett og krav om overskjøn gjeld føresegna i tvangsfullføringslova § 8, andre stykket.

Vedtak som nemnt i tvangsfullføringslova § 237 høyrer under nåmsmannen.

§ 18.

I vedtekt stadfest av Kongen kan kommunestyret:

- setja forbod mot visse slag grannegjerde og gjeva nærrare føresegner om korleis gjerde skal vera,
- fastsetja andre krav til høgd, styrke og tettleik på jordbruksjerde enn dei som er sett i § 15, andre stykket,
- fastsetja kva tid på året marka skal reknast for tenleg til beiting, jfr. § 15, andre stykket.

§ 19.

Denne lova tek til å gjelda den..... Samstundes held lova om jordfreding fra 16. mai 1860 opp å gjelda. Fristregelen i same lov § 17, fyrste og tredje stykke, står ved lag til.....

B. Om ansvar for visse slag husdyr.

I. Merknader til framlegget.

1. Innleiingsmerknader.

Kapitlet om grannegjerde er etla til å koma i staden for reglane i fyrste kapitlet i jordfredingslova fra 1860, men har ikkje føresegner til avløysing av dei andre kapitla.

Skal ein få heile den gamle lova ut or lovverket, trengst det difor nye føresegner i staden for dei dyreansvarsreglane som er hovudinnhaldet i andre og tredje kapitlet i same lov.

I lovbo ka bør spørsmåla om ansvaret for dyr løysast i heile si breidd i samanheng. Med dette for auga emnar utvalet på eit serskilt kapitel om dyreansvar i det heile, og har sett opp eit fyrsteutkast. Men med utvidinga av emnet er det drege inn så mange vanskelege spørsmål at mykje arbeid enno står att.

På den andre sida meiner utvalet at lova fra 1860 så snart som mogeleg bør bytast ut

med tidhøvelege føresegner, og at det ombytet ikkje bør heftast av omsyn til det framtidige lovboekapitlet om dyreansvaret. Av den grunn har ein plukka ut og jamna på dei reglane som svarar til kapitel 2 og kapitel 3 i gjerdelova og sett dei ihop til eit utkast om ansvar for visse slag husdyr. Dette utkastet gjeld i samsvar med sitt føremål berre dei dyresлага som går inn under den nogjeldande gjerdelova og berre det serskilde slag ansvar som fylgjer av den lova. Det er tenkt til å gjelda berre mellombel, og lyt reknast for eit slag overgangs- eller innføringslov til kapitlet om grannegjerde.

Innhaldet i dette utkastet skil seg ikkje mykje frå dei nogjeldande reglane, og nokon serleg utgreining om dei ålmenne synsmåtane som ligg til grunn, kan ikkje vera turvande.

2. Stutte merknader til dei einskilde paragrafane.

Til § 1.

Denne paragrafen reknar opp alle dei dyresлага som går inn under lova. Det er dei same som etter nogjeldande gjerdelov.

Til § 2.

Denne føresegna slår fast skyldnaden for dyrehavarane til å halda dyra borte frå framand eigedom.

Dei som kjem inn under dette lovbedet, er:

- a) «den som held dyr» (dyrehaldaren) og
- b) «den som har dei i si varetekts».

Den som «held» dyra, er vel oftast eigaren sjølv, men slett ikkje alltid. I mange tilfelle er det t. d. ein leigar som har dyret på ein slik måte at han er den rette til å ha omsuta og tilsynet og dermed og ansvaret. Den som «har dyret i si varetekts», er stundom ein annan enn dyrehaldaren. Det kan t. d. vera ein dyrlækjar som tek heim til seg ein sjuk hest for nokre dagar, eller ein rånehaldar som hyser annan manns purke til parings. Eller ein grunneigar som nyttar tilbakehaldingsretten sin etter § 6 i dette utkastet.

Til sams nemning på dyrehaldaren og den som har dyr i si varetekts, nyttar utkastet ordet dyrehavaren.

Inn under denne paragrafen går berre dei tilfelle då dyra kjem ulovleg inn på annan manns eigedom. Ikkje all innpåkoming er ulovleg.

Skiljinga mellom lovleg og ulovleg innpåkoming er avgjerande for ansvaret etter denne lova.

Utkastet set ikkje straffansvar for brot på

denne paragrafen. Det kan snautt vera turvande ved sida av det økonomiske ansvaret som fylgjer av §§ 3 og 4.

Grove tilfelle kjem elles inn under straffelova § 396, jfr. høgsterettsdom i Rt. 1932 s. 395. Mot dyrehavar som er serleg uvyrden, har grannane dessutan tvangsføringlova § 265 og straffelova § 343.

Til § 3.

Hovudregelen er i fyrste punktum. Den slår fast det serlege økonomiske ansvaret som fylgjer av brot på § 2.

Sidan dette ansvaret er bygt på at det skadegjerande dyret var ulovleg til stades der det valda skaden, seier paragrafen ingen ting om kva som skal gjelda, ifall det er der lovleg.

Ansvaret etter denne paragrafen er eit særansvar, som ikkje kjem i staden for ansvaret etter andre rettsreglar.

Siste stykket i § 3 gjer unnatak for beitedyr som kjem inn på hyttetuft i utmark. Unnataket heng saman med regelen i nest-siste stykket av § 7 i utkastet om grannegjerde. Til grunngjeving er det nok å visa til det som er sagt i tilrådinga side 19.

Til § 4.

Denne føresegna svarar til § 25 i den no gjeldande gjerdelova, men med desse skilnader:

a) Etter gjerdelova § 25 er dyrehavaren skyldig til å svara minstebota jamvel om dyret ingen som helst skade har gjort — det er nok at det har kome over markeskilet. Dette synest vera ein altfor strid regel: Det kan så lett henda for nokon kvar at dyra hans kjem over markeskilet, og når det ingen skade er gjord, bør det ikkje gjeva den eine grinnen høve til å tvinga til seg pengar av den andre. Regelen er dessutan i strid med det som elles er eit vanleg vilkår for skadebotansvar. Etter utkastet er det vilkår for skadebotskyldnaden at der er gjort skade (jfr. § 3 fyrste punktum). Skadelidarane lyt fører prov for at skade er gjord. Men vil dei nöya seg med minstesummane, tarv dei ikkje fører prov for kor stor skaden er.

b) Minstebøtene er sett mykje høgare. Dette av di pengeverdet no er mindre enn i 1860.

c) Det er sett høgsteansvar for dei tilfelle, då ein flokk dyr av same slag frå den same ansvarleige har gjort skaden under eitt. Utan ei slik avgrensing kunne regelen føra til reint urimelege resultat, når ein heil hop hadde kome på rek utan at skaden var noko nemnande.

d) Skade av fjørfe er teke med.

Til § 5. Denne paragrafen byggjer på den synsmåten at ansvaret for brot på gjerdehalsskyldnad bør slå igjennom ansvaret etter § 3.

Det kunne vera spørsmål om å halda oppe ein serregel som den i gjerdelova § 24 c, men det er ikkje gjort i utkastet. Føremålet med den føresegna var visseleg å stiva opp viljen til oppfylling av gjerdehaldsskyldnaden, og utvalet er kome til at slik omfram tvangsråd ikkje er turvande lenger.

Til § 6.

Den som har fått annan manns husdyr inn på sin eideom, bør ikkje stå opprådd med kor han skal gjera av det. Dette er fyrst og fremst så når dyrehavaren er ukjend eller langt borte. Men det gjeld og i dei tilfelle, då dyret har gjort skade, og skadelidaren vil nyitta tilbakehaldingsretten til trygd for den skadebota han tilkjem.

Om slike tilfelle har den nogjeldande gjerdelova serskilde og omstendelege føresegner i kapitlet om innsett bufe. Men for pålag same slag tilfelle er det no gjeve tidhøvelige føresegner i den nye lova om hittegods: Med eit lite tillegg i regelen i hittegodslova § 9 og ei lemping i det som gjeld finnarløn kan det høva å nyitta dei føresegnene til avløsing av heile kapitel 3 i gjerdelova. Det er det § 6 i utkastet går ut på.

Til § 7.

Gjerdelova § 40 set bötestraff for den som opnar annan manns grind og ikkje let ho att etterpå. Slik åtferd bør framleis vera strafflagd. Men når ein set alt det andre i den gamle lova ut av kraft, fell det ulagleg å lata denne eine paragrafen verta ståande att åleine. I staden for dette er det i § 7 i utkastet sett inn eit nytt nokolunde tilsvarande straffebod.

Den åtferda det her gjeld, kan vera så grov, at det bør vera høve til å setja fengselsstraff i staden for bot, når domstolen finn grunn til det. Strafferåma er difor utvida til bot eller fengsel opp til 3 månader.

I motsetning til gjerdelova § 40 skal det nye straffeboden gjelda året rundt. Dette heng saman med at lova no skal gjelda utanfor jordbruksråve og korkje i by eller på land kan det vera nokon grunn til å skilja mellom årstidene i denne samanhengen. Og når ansvarsvilkåret er at grinda var att i førevegen («som han har opna»), og at opensemjinga er ulovleg (rettssridig) har ein vonleg trygd nok for at utvidinga ikkje kan verka urimeleg mot nokon.

Regelen i straffelova § 40, andre stykket, gjeld likeins etter utkastet som etter det no gjeldande straffeboden.

Til § 8.

Frårekna § 7 held utkastet ikkje oppe straffeboda i den nogjeldande gjerdelova.

Til grungjeving for dette viser ein til siste stykka av merknadene til § 2. Det som der er sagt går direkte på straffeboda i gjerdelova §§ 21, 22, 23, 24 og 38, men høver og på dei tilfelle som kunne koma inn under same lova § 39.

Attatt straffeboda og reglane om gjerdehald og husdyransvar har gjerdelova ymse einskildføresegner, som utan skade kan gå ut or lovverket. Dette gjeld t. d. § 21, siste punktum. Det som treng drøfting i denne samanhengen er §§ 35, 36 og 37, som gjev reglar vedkomande utnytinga av beite, som to eller fleire har rett til på same område eller på eigedomar som ligg i teigbyte. Om desse paragrafane fell bort, vert fylgja berre den at spørsmåla lyt få si løysing etter dei nyare føresegnene om slike emne (jordlova frå 1928 kap. VIII, jordlova frå 18. mars 1955, kap. IX og X, og serleg jordskiftelova kapittel 12).

Etter dette går utvalet ut ifrå at heile lova frå 1860 kan setjast ut av kraft når dei nye lovene tek til å gjelda.

Det same er tilfelle med lov 22. mai 1869 om visse slag hitta eller innsett bufe. Det kan nok henda at dyr som der nemnt vert funne eller innsett utan at tilfellet går inn under utkastet. Men slike tilfelle er ikkje unntakne frå hittegodslova, og går difor beinveges inn under den.

II. Framlegg om ansvar for visse slag husdyr.

§ 1.

Denne lova gjeld hest, naut, gris, sau og geit, og fjørfe så nær som duver.

§ 2.

Den som held dyr som nemnt i § 1, eller har det i si varetekts, skal syta for at det ikkje kjem ulovleg inn på annan manns eideom.

Likt med annan manns eigedom er rekna eigedom som høyrer til dyrehavaren sjølv, når ein annan har råderetten. Det same gjeld sameigemark for dyr som han ikkje har rett til å ha der, og likeins ålmannveg og annan ålmanngrunn.

§ 3.

Kjem dyr som ovanfor nemnt, ulovleg inn på eigedom som nemnt i § 2 og gjer skade på grunn eller grøde, er dyrehavaren ansvarleg for skaden.

Denne paragrafen gjeld ikkje beitedyr som kjem inn på hyttetuft i utmark.

§ 4.

For hest skal skadebota etter § 3 vera minst 15 kroner, for naut minst 12, for geit minst 8 og for sau minst 4. Har fleire dyr enn to av same slag frå den same ansvarlege gjort skaden under eitt, er høgstearnsvaret i same rekkjefylgd 40, 30, 20 og 10 kroner, så framt det ikkje vert prova at skaden var større.

Når det gjeld fjørfe, skal skadebota etter § 3 vera minst 1 krone for kvart dyr. Har fleire dyr enn fire frå den same ansvarlege gjort skaden under eitt, er høgstebota 5 kroner, så framt ikkje større skade vert prova.

§ 5.

Ingen har rett til skadebot etter § 3 for skade som fylgjer av at han har vanhalde gjerdehaldsskyldnaden sin mot dyrehavaren.

Lyt dyrehavaren bøta skade som dyret i eit

slikt tilfelle valdar tredjemann, har han krav på å få skadebota att av den gjerdehaldsskyldige.

§ 6.

Den som har fått annan manns husdyr inn på sin grunn i strid med § 2, har rett til å ta seg av det i samsvar med lov 29. mai 1953 om hittegods. Retten hans etter § 9, fyrste stykket, i den lova gjeld og den skadebota han tilkjem av dyrehavaren. Veit han, eller kan han lett få vita, kven dyrehavaren eller dyreeigaren er, har han ikkje krav på finnarløn, minder dyret var såleis på avvegar at det var fare for at det kom bort.

§ 7.

Den som utan rett let vera å lata att annan manns grind eller led som han har opna, vert straffa med bot eller med fengsel opp til 3 månader.

Brot på dette straffebedet kjem ikkje under offentleg påtale.

§ 8.

Denne lova tek til å gjelda den.....

Samstundes held lova frå 16. mai 1860 om jordfreding og lova frå 22. mai 1869 om visse slag hitta eller innsett bufe, opp å gjelda.

Vedlegg til A:**Utanlandsk gjerderett.****a. Dansk rett.**

Det gjeld andre lovreglar om gjerde i København enn i resten av landet. For København står reglane i byggelova frå 29. mars 1939 med tilhøyrande byggjevedtekts. Elles gjeld den nye gjerdelova (lov om hegning) frå 27. mai 1950.

I gjerdelova er skilt mellom samgjerde («fælleshegn») og sergjerde («egne hegning»). Samgjerde er gjerde som står noko på kvar eigedom. Sergjerde er gjerde som er reist heilt ut på eigen grunn langs deiddelina. Gjerde som står eit stykke ifrå markeskilet — såkalla «indre hegning» — fell utanfor lova.

Reglane i gjerdelova kan fråvikast i avtale. Men visse reglar om elektrisk gjerde og om bruk av piggtråd er tvingande. Det same gjeld eit forbod mot hekkplantar som er giftige eller som gjev plantesjukdom høve til å spreia seg.

Gjerdetvang gjeld i allslags mark og utan

omsyn til årstid. Unnatak er gjort når elv eller anna (t. d. tenleg sergjerde) skil mellom eigedomane så samgjerde ikkje trengst. Oftentleg veg eller veg som er sams for to eller fleire eigedomar, har ingen skyldnad til gjerdehald. Når berre ein av partane får gagn av gjerdet, er den andre friteken frå å vera med på å reisa det, men lyt gje halv grunn.

Samgjerde må ingen av partane brigda eller byta ut utan samtykke frå den andre eller etter avgjerd i skjøn. Berre i serhøve kan skjønet gjeva samtykke til å ta bort levande gjerde og steingjerde. Dette gjeld ikkje når det vert bygt heilt til bytet. Samtykke krevst like fullt om ein av partane i si tid har kosta heile gjerdet.

Sergjerde lyt kvar reisa sjølv, men grannen kan ikkje setja seg imot at det vert brigda eller teke bort.

Hovudregelen om korleis gjerda skal vera, lyder slik:

«Fælleshegn bør afpasses efter de tilstøende ejendommens karakter og benyttelse og være af en sådan beskaffenhed, at hegnet tydeligt adskiller de pågældende ejendomme og kan modstå de påvirkninger, som ejendomme-

nes benyttelse normalt medfører. Hvor de stedlige forhold gør det påkrævet, bør fælleshegnet kunne yde de tilgrænsende ejendomme rimelig beskyttelse mod fredskrænkelser, men det bør på den anden side påses, at hegnet ikke i højere grad end nødvendigt spærre for lys, luft eller udsigt eller på uheldig måde ændrer landskapsbilledet.» (§ 10, 1. stk.)

For høje der serlege omsyn gjer seg gjeldande, er gjeve serføresegner. Kring hagar o. likn. bør gjerde «danne en tiltalende ramme». Gjerde mot gate, veg o. likn. bør vera slik at det gjev «et tiltalende helhedsindtryk». Til å løyna for lasteplassar, opplagstufter o. likn. der det er tettbygt, kan fastsetjast at det anten skal vera frå 2 til 3 meter høgt gjerde av plank, mur eller betong, eller lægre gjerde saman med ei planterad. Kring gardsplassar, uthus og skjemmande bygningars på meir grisgrendte stader, bør det plantast hekk eller liknande. Det same gjeld der det trengst å skapa livd for mark, hagar og hus.

Nær bustadhus bør gjerdehøgda i regelen setjast til 1,8 m og ikkje over 2 m utan at grannen samtykkjer. Ynske frå partane om eit visst slag gjerde, bør stettast så langt det er råd, og det bør leggjast vinn på å sleppa uturvande utlegg og jordspille.

Gjerda skal alltid haldast i forsvarleg stand så dei tener føremålet sitt. Levande gjerde kan krevjast kappa ein gong i året — vanleg til 3,5 m, livdehekkar berre til 5 m og hekkar nær bustadhus til 2 m eller lengre ned om lægre gjerde er fastsett.

Om sergjerde gjeld at dei ikkje må vera grannen meir til meins enn samgjerde. Er sergjerde sett tett langs bytelina, må det såleis ikkje vera høgre enn lovleg samgjerde. Vert det sett noko ifrå, kan høgda aukast tilsvarande.

Om utlegg og arbeid til reising av gjerde, er regelen at grannane skal dela likt. Men unnatak gjeld når gjerdet vert mest til gagn på ein av eideomane, sameleis når det er den måten ein av eideomane vert brukta på, som gjer at gjerde trengst eller når ein av partane har fått oppfylt ynskje om sers dyrt gjerde. Då skal det delast etter interesse og nytte på kvar side.

Regelen om lik deling gjeld og vedlikehaldet. Men er det av omsyn til ein av eideomane eller etter ynskje frå eigaren der, sett opp gjerde som er sers dyrt å halda i stand, bør grannen sleppa med det vedlikehald som han hadde fått på eit vanleg forsvarleg gjerde. — Vil partane ha vedlikehaldet bytt mellom seg, skal kvar i regelen få eit stykke å halda i stand på båe sider, men når det gjeld gjerde av mur og plank, i regelen kvar

den sida som vender mot hans eideom. Det kan elles delast på annan måte mellom dei, når det er serleg grunn til det eller partane ynskjer det.

Kostnaden med å byta ut, brigda på eller bort samgjerde fell på den som krev omskiftinga, så framt det ikkje er den andre parten som gjer at ho trengst.

Sergjerde lyt eigaren alltid kosta sjølv. Det same gjeld kostnaden med å brigda på det eller ta det bort. Men her gjeld det unntak for gjerde som er eldre enn gjerdelova når det er grannen som krev omskiftinga på ei tid då gjerdet er i godt stand. Sameleis når grannen krev samgjerde med den fylge at sergjerdet fell bort.

Har nokon hatt meir enn halve vedlikehaldet på samgjerde i over 3 år og gjerdet er i godt stand, kan han krevja at grannen for etertida skal ta halvparten på seg om dette ikkje er urimeleg kravt, eller det er serskild heimel for den skipnaden som er. Sameleis kan den som i 3 år har halde sergjerde mot granneeidet, krevja at grannen skal ta opp til halve vedlikehaldet.

Eigaren svarar for dei gjerdeskylndader som hefter på ein eideom. Er ein annan brukar, skal han syta for vedlikehaldet når ikkje anna er sagt. Krev grannen nytt gjerde, kan eigaren krevja at brukaren skal svara rente av kostnaden med 4 % for året.

Tvistespørsmål om gjerde — både samgjerde og sergjerde — vert avgjorde i skjøn. Men sume avgjerder skal skjønet visa frå seg. Det gjeld spørsmålet om eit gjerde er samgjerde eller sergjerde, og sameleis spørsmålet om det er serskild heimel for ein gjerdeskipnad som ikkje er i samsvar med lova.

Kommunestyret («byrådet» eller «sognerrådet») vel ein formann og to andre til ei fast skjønsnemnd, «hegnsynet». Minst ein skal vera plantekunnig, og på tettbygde stader skal dessutan ein bygningskunnig vera med.

Formannen skal rettleia partane og freista få dei forlikte. Berre sume av avgjerdene kan anka. Oppatt-taking kan krevjast når serlege omskifte har kome til, eller røynsla syner at det er fastsett ein skipnad som ikkje er tenleg eller i samsvar med lova.

Når nokon ikkje gjer det han skal etter forlik, eller skjønsavgjerd, kan grannen få det gjort på hans kostnad. Vert ikkje arbeidet betalt, kan kravet søkjast inn med panting, og har elles same førerett som kommunale eideomsskattar.

For København galdt før ei serskild gjerdelov frå 27. januar 1872. Reglane om korleis gjerdet skulle vera var ulike for den

bybygde luten innanfor vollane og blyluten utanfor der det var meir landleg.

Då det vart gjeve ny byggjelov for København i 1939, vart føresegne om gjerde teknike med der. Gjerdestellet vart lagt under magistraten, og han fekk endeleg avgjerdsmakt i alle twistespermål.

Om det skal setjast gjerde mot granne-eigedom, vert avgjort av magistraten. Mot gate skal grunnstykke alltid gjerdast inn når det ikkje er bygt heilt fram til gatelina eller magistraten fastset noko anna.

Føresegner om korleis gjerda skal vera og kvar dei skal setjast, er gjeve i byggjevedtekten med heimel i byggjelova. I regelen skal den gjerdehaldsskyldige setja gjerdet heilt ut på eigen grunn. Mot granne kan levande gjerde plantast midt i grenselina. Gjerdet skal vera støtt og godt. Både mot gate og granne skal høgd og gjerdeslag avgjera etter korleis grunnen er bygd og bruk og med eit visst omsyn til kva slag gjerde som er nytt på granneeigedomane. Mot gate framfor bussthus er i regelen levande gjerde eller 1 m høgt nettinggjerde med overliggjar godt nok; framfor industribygg, opplagsplassar o. likn. krevst i regelen 2 til 3 m høgt gjerde av plank, mur eller betong. Mellom industri- og forretningstufter skal gjerdet vera 2 til 3 m høgt og av tre, mur eller betong. Mellom busstufufter må ikkje gjerde som i serleg mon kastar skugge på grannegrund, gjerast høgre enn 2 m utan samtykke frå grinnen.

Om gjerdedeling gjeld det som måtte vera fastsett i avtale eller annan serskild heimel. I samband med utstykking- og byggjeplanlegging skal samstundes avgjera kor mykje gjerdehald kvart stykke skal ha. Elles vert det avgjort av magistraten. Så langt det er råd, skal det sytast for at kvar grunneigar får eit gjerdestykke i samanheng.

Før den gjerdehaldsskyldige går i gang med å setja gjerde, skal grinnen varslast og gjerast kjend med korleis det er tenkt at gjerdet skal vera. Vil han ha gjerdet annleis, kan han innan 8 dagar leggja spørsmålet fram for magistraten. Får han godkjent ynskemål om dyrare gjerde, skal han bera meirkostnaden slik magistraten avgjer det.

Til gjennomføring av forbod mot gjerde kan magistraten krevja politihjelp, og elles kan han gjennomføra avgjerner om gjerde på same måten som styringsavgjerner elles. Grinnen lyt tvinga sin rett gjennom med vanleg søksmål.

I kommunal vedtekt stadfest av innanriksministeren kan føresegne i byggjelova for København, med eller utan brigde, gjerast gjeldande i andre kommunar og.

b. Finsk rett.

I den finske jordfredingslova (ägofredslagen) frå 18. februar 1921 er gjæteskyldnad det prinsipale, både formelt og reelt. Grannegjerde er berre ei subsidiær hjelperåd der det fell for dyrt og uhøveleg å halda husdyra borte frå framand eigedom på annan måte. Grinnen har ikkje plikt til å vera med og gjerda utan at han kan ha nytte av gjerdininga. Men har han det, kan han ikkje i staden velja å gjæta. Før lova frå 1921 var regelen at grinnen alltid kunne nekta å vera med på å setja opp gjerde. Men nyttar han seg i så fall sidan av at gjerde var reist, laut han betala sin part i gjerdet og det halve i tillegg.

Føresegna om gjerdetvang lyder no slik:

«Kan ej någondera ägaren eller innehavaren av till varandra gränsande marker eller någondera innehavaren av betesrätt utan större kostnad eller svårighet avhålla sina husdjur från den andras ägor annorlunda än genom uppförande av stängsel i ägoskillnaden, tage grinnen del uti stängselbesväret, såfamt han av hägnaden kan hava nytt ..» (§ 3).

Før var det fastsett to slag lovleg gjerde, eitt berre for storfe og eitt som skulle freda for småfe og. Slike serreglar er ikkje med i lova frå 1921. Der heiter det berre:

«Stängsel skall vara sådant, att det motsvarar sitt ändamål. Har ej avtal härom ingåtts, skall med avseende å hägnadens beskaffenhet iakttagas vad å varje ort är brukligt» (§ 10).

Før var hovudregelen at gjerdetingsla skulle delast likt. Dette vart brigda med lova frå 1921, slik at regelen no er deling etter «den nyttar vardera kan anses hava av hägnaden» (§ 3).

Når nokon av partane krev det, skal det haldast gjerdeskifte (hägnadsskifte) så kvar kan få sitt gjerdestykke. Får nokon ein tyngre del å gjerda enn den andre, skal han i staden ha rimeleg avstytting i lengda. Vil nokon ha grinnen til å setja opp gjerde, lyt han senda varsel i god tid. Gjerde som er kravt i oktober, skal vera fullført i juni året etter. Med same varsel kan ein gjerdehaldsskyldig senda oppseiing når 5 år har gått frå gjerdeskifte og han ikkje har bruk for gjerde lenger, og vert då fri. Ti år etter gjerdeskifte, kan det krevjast skifte på nytt.

Gjerdeskifte held partane sjølve, men vert dei ikkje samde, høyrer avgjerala under ei skiftenevn på 3. Det same gjeld om ein av partane ikkje vil godtaka oppseiing frå den andre. Partane tek ut kvar sin skiftemann og dei to skiftemannene i lag tek ut den tredje.

Den som er misnøgd med avgjerd i skiftenemnda, kan reisa sak for heradsrett innan 60 dagar.

Når den gjerdehaldsskyldige ikkje etter varsel syter for å setja i stand gjerde som er til nedfalls, kan grinnen gjera det på hans kostnad. Men han lyt først få to mann til å verdsetja kor mykje det kan koma på. Den gjerdehaldsskyldige lyt då betala kostnaden med 1/10 i tillegg.

Til hjelp med å få i stand avtalar for større område under eitt, har dei føresegner om jordfredingslag (ägofredsföreningar).

Føremålet med jordfredingslaga er at dei skal vera «till underlåttande av husdjurens vård samt hägnadens minskande....» (§ 12). Vil nokon ha skipa jordfredingslag, lyt han få kommunestyringa til å kalla inn dei beitehavarane som han vil ha med, til eit møte som med 3/4 fleirtal avgjer om laget skal skipast. Men ein som ikkje har nytte av det, kan ikkje tvingast til å vera med i laget utan i serhøve, og då mot skadebot. Til grunn for røysteretten i laget vert lagt den nytta kvar har av å vera med.

Jordfredingsavtalen kan først vedtakast på eit nytt møte minst to veker etter skipingsmøtet. Der skal m. a. fastsetjast kva for dyr og kor vidt område avtalen skal gjelda og korleis laget skal arbeida.

Laget svarar for eldre skyldnader til gjæting og gjerdehald for det området som avtalen gjeld. Laget kan velja seg eit styre. Ein vald ombodsmann har det daglege tilsynet med at avtalen vert fylgd, tek mot lagspengar og greier med dei sakene som vedkjem laget. Når nokon i laget ikkje gjer skyldnaden sin, kan ombodsmannen syta for det som trengst på hans kostnad og søkja summen inn med panting. Vil nokon i laget skilja ut eit stykke av si mark med gjerde, avgjer ombodsmannen kor stor part av kostnaden som skal falla på jordfredingslaget, og sameleis andre spørsmål som reiser seg.

Alle tvistar som kjem opp i laget, skal inn for ei vald forliksnemnd før dei kjem for heradsrett.

Jordfredingsavtalen skal gjelda i minst 10 år. Om nokon søker seg ut or laget, avgjer lagsmøte om søknaden skal stettast. Avslag på utmeldingssøknad kan gjerast om i heradsrett når minst 5 år har gått frå laget vart skipa. Laget skal løysast opp når $\frac{1}{4}$ av dei som er med, krev det.

Om beitebruken i «samfällig skogsmark» bør partane gjera avtale seg imellom. Det skal då samstundes avgjerast korleis beitemarka skal vaktast og vernast. Skal det vera sambeiting til visse tider, bør det nemnast i av-

talen kva skyldnad kvar parthavar skal ha til gjæting og gjerdehald. Avtalen skal vera skriftleg og lyt godkjennast av heradsretten.

Twistemål om jordfreding vert avgjorde av retten etter fri prøving av alle omstende i saka. Dom i Hovrätten er endeleg.

c. Færøysk rett.

For Færøyane er no vedteke nye gjerdeføresegner i lov om gjerde og jordfreding (hegn og markfred) frå 18. mai 1937. Til denne lova vart sett i kraft den 1. juli 1938, galdt dei gamle føresegne i Norske Lov 3—12—16 til 23, og reglane i lova frå 1937 er mykje like vår gjerdelov frå 1860.

Det er fastsett gjerdetvang så at granne kan krevja av granne at det skal haldast gjerde for hest og naut der det er innmark på både sider av bytet mellom eigedomane. Er det utmark på både sider, kan kvar av grannane krevja gjerde, så framt nytta av gjerdehaldet for både eigedomane er større enn kostnaden, eller gjerdeløysa er til serleg ulempe for den som krev gjerdet. Twist om utmarkgjerde skal freda berre for hest og naut eller for sau og, vert avgjord i skjøn. Der det er innmark på eine sida og utmark på hi, kan utmarkeigaren krevja at innmark-eigaren skal halda gjerde åleine for hest, naut og sau. På grannestemne kan det dessutan gjerast vedtak om at alle innmark-luter i bygda skal halda sams gjerde mot utmark. Tvangen til å halda gjerde gjeld ikkje når naturhøve er til hinder, og heller ikkje når kostnaden vert alt for stor. Mellom eigedomar som er skilde med veg, er det ingen gjerde-twang minder det er høve til å setja grind over vegen. For geil (drifteveg for fe) kan det likevel krevjast gjerde på både sider av alle som eig så nær attåt at gjerdet vernar dei mot skade.

Der grannar kan krevja gjerde av kvar andre, skal kvar ta sin halvpart av gjerdehaldet. Men den som ikkje krev gjerdet, har rett til å få sleppa med mindre om det halve vert for tyngjande for han. Luthavarar i jordhopehav svarar ein for alle og alle for ein for gjerdehald utetter så lenge dei ikkje har bytt gjerdehaldet mellom seg. Innbyrdes svarar dei etter skatteskyld.

Gjerdehaldet langs geil skal bytast etter fritt skjøn mellom dei eigarane som nytta geila og dei som gjerdet vernar mot skade. Kvar skal helst få eit gjerdestykke i samanheng. Om nokon skulle hatt mindre gjerdestykke enn 6 m, får han eit gjerdestykke saman med andre og dei svarar då solidarisk utetter. Gjerdestykka skal merkjast på varig

måte. Tvistar om gjerdedeling høyrer under skjøn.

Kjem det opp tvist om eit gjerde er lovleg, vert spørsmålet avgjort i skjøn. Krav om viss gjerdehøgd, tettleik o. s. b. er ikkje tekne inn i lova. Elv, fjell og anna vert rekna for lovleg gjerde når det fredar for same slag husdyr. Det er forbode å nyitta piggtråd til gjerde såleis at folk eller dyr lett kan koma til skade.

Gjerde skal setjast i bytet. Men når det er naudsynleg, kan eit gjerde setjast heilt ut på ein eigedom mot skadebot.

I innmark og mellom innmark og utmark skal gjerda haldast i stand heile året så nær som på den årstid då bøane etter gjeldande føresegner skal liggja for føfot.

Når eigar og brukar ikkje er den same, svarar dei solidarisk for alt arbeid med gjerdehaldet. Beiterettshavar i utmark har skyldnad til å ta på seg det gjerdehaldet som trengst mot anna utmark av omsyn til beiteetten.

For 10 år om gongen kan grannane avtala at gjerdetvangen mellom eigedomane skal falla bort, minkast eller aukast. Anna deling av gjerdetyngslene enn den som er fastsett i lova, kan avtalast for lengre tid.

I kvar sokn skal det vera 3 gjerdeskjønsmenn som avgjer klager og kravsmål i dei fleste gjerdesaker. Kostnaden med skjøn skal berast av den som avgjerala går imot, men når det gjeld gjerdedeling og gjerdemerking, skal kostnaden delast etter same høvetal som gjerdehaldet.

Når klage over at forlik eller skjønsavgjerd ikkje vert oppfylt, er avgjord av skjønsmennene, skal skjønsformannen syta for å få gjort det som er forsømt på saksøkte sin kostnad. Utlegga kan søkjast inn med panting.

d. Islandsk rett.

Om gjerdehald mellom eigedomar gjeld no gjerdelov frå 22. desember 1913 som er eit framhald på dei gamle gjerdeføreseggnene i Grágás og Jonsbok.

Det er fastsett gjerdehaldstvang mellom granneeigedomar der det er innmark eller uteng på både sider av bytet. Sameleis kan kvar av grannane krevja gjerde der det er innmark eller uteng på eine sida og beite på hi. Har ein gard beitemark mot eit handelssområde (landi kauptúns), og vert utsett for mykje beiting derifrå, då skal gardeigaren ha same rett til å krevja gjerde av handelsstaden eller av eigaren til den eigedomen der handelsstaden ligg, som om det var innmark eller uteng som støyte imot. Men gardeigaren har

ingen skyldnad til å ta part i gjerde som vert kravt frå andre sida.

Dei gjerde som det er tale om i lova, er strenggjerde. Gjerde for vanleg fe skal vera minst 1 m høgt, men gjerde for handyr (kynbótágripipir) må ikkje vera lægre enn 1,12 m. Gjerde på slett mark lyt ha minst 5 strengjer om det skal vera fullt lovleg, men det kan greia seg med færre om det er lødt gard (av stein eller torv) under. Når piggtråd vert nyitta i storfegjerde, skal lægste piggtråden vera minst 65 cm frå jorda. Piggtråd skal haldast godt strekt så fe ikkje går seg fast eller kjem til skade.

Strenggjerde skal setjast i bytelina. Når det vert lødt gard under, skal det ytast like mykje tilfang og grunn frå kvar eigedom. Om ein av grannane vil gjerda beint der bytelina fylgjer eit krokut vassfar eller går i småkrok av annan grunn, kan det avgjerast i skjøn korleis gjerdet skal setjast. Helst skal gjerdet setjast slik at det skjer like mykje av kvar eigedom, og om den eine eigedomen misser meir mark enn hin, skal skjønet fastsetja skadebot. Kvar av grannane får rett til beiting og slått på dei stykka av granneeigedomen som kjem på hans side av gjerdet. Men rett til annan bruk, står ved lag ubrigda om ikkje partane vert samde om å la eigedomsgrensa gå etter den gjerdelina som er fastsett.

Når det er kravt gjerde og partane ikkje kan semjast om gjerdedelinga, skal skjønsmennene i kommunen (úttektarmenn hreppsins) skifta gjerdekostnaden mellom dei i same høve som dei har nytte av gjerdehaldet. Likevel så at den som vil ha sett opp gjerde, aldri har krav på større yting frå hin enn det som svarar til halve gjerdekostnaden. Vedlikehaldet skal bytast på same måten. Betaling til skjønsmennene vert rekna med i gjerdekostnaden.

Syslenemnda (syslunefnd) kan fastsetja føresegner om bruk av piggtråd, om sams gjerdehald til freding mot bufe og om ymse beitespørsmål i vedtekt for større eller mindre område i sysla. Men først skal eigarar og brukarar på området kallast inn til eit møte og røysta over eit utkast til vedtekt.

Sameleis kan kommunenemnda (hreppsnefnd) laga føresegner om dei same emna for eit område i kommunen.

Ymse føresegner om offentlege lån til reising av gjerde, er og tekne inn i lova. Når det er ytt gjerdelán, skal lovleg gjerde vera reist innan 3 år og sidan haldast i god stand. Om jorda sidan vert liggjande øyde så gjerdet ikkje lenger er til nytte, fell skyldnaden til vedlikehald bort og restlånet lyt betalast.

I ymse bygningsvedtekter er fastsett skyld-

nad til å halda tufter inngjerde. Når ikkje anna serskilt er fastsett om korleis kostnaden med slike gjerde skal delast mellom eigarane, er det lært at hovudregelen i den ålmenne gjerdelova om deling etter nytteverdet for kvar lyt gjelda for slike gjerde og (Olafur Lárusson: Eignaréttur I, side 52).

e. Svensk rett.

Dei svenske føreseggnene om gjerdehald står no i jordfredingslova (lag om ägofred) frå 2. juni 1933. Hovudregelen er at eigaren eller den som har husdyr på fôr eller til bruk, har skyldnad til å vakta dei, så dei ikkje ulovleg kjem inn på annan manns grunn. Men i prinsippet gjeld ikkje denne skyldnaden mellom grannar som held lovleg gjerde. Sume stader er det lovleg å la dyr beita utan å gjera noko til å halda dei på eigen grunn.

Mellom eigedomar som grensar til kvar andre og er nytta til beite (ein eller båe), er det gjerdetvang så framt gjerding er den mest tenlege måten å halda dyra borte fra grannegrund på. Mellom eigedomar som er skilde med veg som det ikkje må setjast grind over, gjeld ingen gjerdetvang. Gjerda skal vera i loveleg stand frå 15. mai (eller annan dag som serskilt er fastsett) og til det kjem tele i jorda.

Gjerde skal vera så at det fredar for storfe (hest og naut) om det ikkje serskilt er fastsett at det skal freda for småfe og. Nærare reglar om høgd, tettleik o. s. b. er ikkje gjeve. Gjerde skal setjast i bytelina. Fører det serleg vanske eller urimeleg kostnad med seg, kan gjerdet setjast på annan tenleg stad, så nær bytet som råd.

Det er lagt ei viss vekt på å få samsvar mellom gjerdetyngsla for kvar eigedom og nytta av gjerdehaldet. Der det vert beitt berre frå eine sida, skal denne sida ta $\frac{3}{4}$ av gjerdehaldet og den andre berre $\frac{1}{4}$. Elles er det regelen at gjerdehaldet skal bytast likt. Kvar skal ha sitt stykke av gjerdet å svara for. Er det tyngre å gjerda på det eine stykket enn på det andre, skal dette jamnast ut med rimeleg avstyting i lengda.

Som alt nemnt har dei i svensk rett ymse reglar om rett til å la dyr beita fritt — om rett til sambeite (gemensamt bete) i skog og utmark der det ikkje er gjerdt. I jordfredingslova vart denne retten avgrensa noko. Framleis gjeld sambeiterett i skog og utmark der det ikkje var gjerdt den 1. januar 1933, men berre så framt det ikkje er halde gjerde. Kvar eigar og brukar må berre sleppa på sambeite så mange dyr som garden vinterføder, og i regelen berre storfe.

I same lova vart teke inn reglar om beite-

regulering, d. e. serskilt vedtak i skjøn om ordning av beitebruket på eit visst område. Tanken var å få slutt på mykje av sambeitinga til vern om etterveksten i skogen. Reglane om beiteregulering gjeld berre i len eller lenslut som fastsett av Kongen. Når det kan krevjast beiteregulering, kan det ikkje krevjast gjerde i skog og utmark utan der det var gjerdt den 1. januar 1933.

Beiteregulering kan berre krevjast av grunneigarar. Viktigaste vilkåra elles er at kvar beiteeigar i området kan få tenleg beite på eigen grunn utan urimeleg kostnad og såleis at bruken ikkje vert urimeleg mykje meir balesam. Når det ikkje let seg gjera å få tenleg beite på eigen grunn, kan det oreignast beite frå ein av dei andre eideomane. Sameleis lyt det sytast for tenleg beite for dei som har beiterett i området utan å eiga grunn der.

Beiteregulering fører med seg at sambeiretten på området fell bort. Skal noko av marka nyttast til beite, lyt det haldast gjerde ikring.

Når reguleringsområdet utetter grensar mot sambeitemark for eigedomar som ligg i len eller lenslut der det er høve til å krevja regulering, kan kvar av eigarane på reguleringsområdet krevja gjerde. Reguleringsområdet skal ta $\frac{1}{4}$ av gjerdetyngsla og dei andre eideomane i lag $\frac{3}{4}$. Innbyrdes skal eideomane på kvart område dela gjerdetyngsla mellom seg etter den nytta kvar har av gjerdehaldet. Når reguleringsområdet grensar mot len eller lenslut der det ikkje er høve til å krevja regulering, gjeld dei vanlege reglane om gjerdetvang. Mot sambeitemark kan likevel kvar av eigarane på reguleringsområdet krevja gjerde, og innbyrdes deler dei gjerdehaldet mellom seg etter nytta.

Skriftleg avtale om gjerdehald eller beiteregulering kan krevjast innförd i rettsbøkene når avtalen er stadfest med vitnepåskrift. Avtalen vert då bindande for nye eigarar og brukarar på eigedomane. Avtale om minking i gjerdetvangen, og om at gjerde skal vera av anna slag eller setjast på annan stad enn lovfest, gjeld ikkje lenger enn 10 år.

Tvistespørsmål om gjerding og beiteregulering høyrer under skjøn. Lensstyret nemner opp ein «förrättningsman» som skal ha med seg to mann om han sjølv ynsker det eller nokon av partane krev det. Skjønsmennene skal freista å få i stand forlik.

Den som er misnøgd med ei skjønsavgjerd, kan reisa sak innan 2 månader. Vert det ikkje gjort, får avgjerda doms verknad og gjeld mot nye eigarar og brukarar på eigedomane.

Avgjerd om gjerde i semje, skjøn eller dom kan krevjast omgjord i samband med utskiljing eller samanslåing av eigedomar. Sameleis kan avgjerd om gjerdeskylndad og beite-regulering i regelen takast opp att når tilhøva skifter. Tvist om slike spørsmål høyrer under skjøn.

Forsømer nokon å setja gjerdet sitt i stand endå han har fått varsel, kan den andre parten i skjøn få rett til å gjera det som trengst mot vederlag frå hin. Vederlaget kan på førehand søkjast inn med panting.

I 1949 vart det nemnt opp ein komité som fyrst og fremst skulle finna ei tenleg løysing på dei spørsmåla som sambeiting i skogmark skapte. Komitéen la fram tilråding med framlegg om ny «ägofredslagstiftning» i 1951 (Statens offentliga utredningar 1951 : 20), men tilrådinga har enno ikkje ført til nokon proposisjon i emnet.

Komitéen peika på at reglane om beite-regulering i lova frå 1933 berre hadde vorte nytta i liten mon, og slik reglane var, kunne ein ikkje lenger tenkja at dei skulle få slutt på den skadelege sambeitinga. Å setja eit ålment forbod mot sambeite i skog i staden for reglane om beiteregulering, heldt ikkje komitéen for tilrådeleg. Den beste måten å gå fram på, var å få fart i arbeidet med beitereguleringa, og dessutan spreia opplysning om beitespørsmålet, yta tilskot til opparbeiding av kulturbeite o. s. b. Men reglane om beiteregulering laut då gjerast lettare å skjøna og nytta, og dei laut få ei større slagvidd. Komitéen la difor hovudvekta på

ombøter i den lei, men kom og med framlegg om ymse brigde i gjerdeføresegne.

Framlegget frå komitéen går m. a. ut på at reglane om beiteregulering skal gjelda for heile landet, såleis at regelen om kongeleg vedtak for kvart len eller kvar lenslut går ut. Regulering skal kunna krevjast når meir enn ein eigedom nytta eller har rett til å nytta same utmarkbeitet, anten kvar av dei eig ein part av beiteområdet eller ein av dei er eigar til det heile og dei andre er beiterettshavarar eller etter sedvane på staden beiter utan serleg rettsgrunnlag. Komitéen gjorde og framlegg om større høve til å ordna beite for bruk med oreigning.

Ei slik auka slagvidd for reglane om beite-regulering ville føra til at gjerdetvangen i utmark fall bort utan der det var gjerd 1. januar 1933. Men komitéen gjorde framlegg om at det skulle gjelda gjerdetvang der gjerde trøngst til vern om beiteregulert område utetter, og der regulering av ein eller annen grunn ikkje kunne gjennomførast.

Regelen om at beitehavarane på regulert område segimellom skal dela kostnaden med gjerdehald utetter etter nytta, ville komitéen skulle gjelda for uregulert sambeiteområde og.

Kommisjonen peika elles på at gjerdereg-lane og i nokon mon kan tena til å få slutt på skadebeitinga i skogen. Når den av to grannar som nytta utmarka si til beite, lyt bera meir enn halve kostnaden med gjerde, motverkar det i same mon beiting frå hans side. Kommisjonen gjorde difor framlegg om at heile gjerdekostnaden i slike høve skal falla på han.

Justis- og politidepartementet.

**Frå Sivillovbokutvalet
Rådsegn 3**

Om grannegjerde

Endeleg framlegg

Trykt i Sæbbøs Trykkeri
Moss 1958

INNHALDSLISTE

	Side
I. Det førebels framlegget om grannegjerde og om ansvar for visse slag husdyr	5
II. Innkomne merknader. Oversyn	5
III. Spørsmålet om ålmenn gjerdelov eller serføresegner	6
IV. Merknader til dei einskilde paragrafane	7
V. Framlegg til lov om grannegjerde	10

Til Justisdepartementet.

Sivillovbokutvalet gav 24. mars 1955 ei førebels tilråding om grannegjerde og om ansvar for visse slag husdyr (Rådsegn 1 frå Sivillovbokutvalet).

Den 26. oktober 1957 fekk Utvalet frå Justisdepartementet dei merknader som har kome inn til den førebels tilrådinga. Frå Landbruksdepartementet låg ved eit utkast til lov om ymse beitespørsmål og om gjerdehald.

Med dette sender Utvalet si endelege tilråding om grannegjerde. Ho er bygd på den førebels tilrådinga (Rådsegn 1) og kjem i tillegg til den. Det er teke omsyn til dei merknader og lovutkast som har kome inn. Ser skilt har Utvalet lagt vinn på å få med i gjerdelovframlegget dei synsmåtane som Landbruksdepartementet har gjort gjeldande med omsyn til jordbruks- og skogbruks- gjerde.

Oslo, den 10. mars 1958.

Knut Robberstad. Ketil Skogen. Karsten Gaarder.

Mons Nygard.

I. Det førebels framlegget om grannegjerde og om ansvar for visse slag husdyr.

Sivillovbokutvalet gav ei førebels tilråding om grannegjerde og om ansvar for visse slag husdyr den 24. mars 1955 (Rådsegn 1 fra Sivillovbokutvalet).

I tilrådinga var to serskilde lovframlegg:

A. Framlegg om grannegjerde var etla til å koma i staden for fyrste kapitlet i jordfredingslova frå 1860. Men gjerde-spørsmåla var sette i nær samanheng med granneretten i det heile. Føresegnene skulle såleis gjelda ålment for alle slag grannegjerde både på land og i by, og ikkje berre om fredningsgjerde mot beitefe så som dei nogjeldande reglane. Hovudpunktet i framlegget var elles at det skulle vera gjerdetvang mellom granne-eigedomar berre i den mon nyttaa av gjerde-haldet var større enn kostnaden, og at gjerde-delinga skulle gå meir etter nyttaa på kvar side. Dessutan skulle bruksrettshavarar få meir sjølvstendig rett og skyldnad til gjerde-hald, og gjerdetvangen skulle gjelda i andre bruksgrenser enn eigedomsgrenser. Alle gjerdesaker skulle avgjeraast i skjøn — lensmannsskjøn på landet og rettsleg skjøn i kjøpstadene (jfr. Rådsegn 1, serleg side 11-15).

B. Framlegg om ansvar for visse slag husdyr var tenkt til ei mellombels avløysing for ansvarsføresegnene i andre og tredje kapitlet i jordfredingslova, og innhaldet i reglane var stort sett det same, men det var lagt vinn på å gje dei ei grei og tidhøvelig form (jfr. Rådsegn 1, side 26 o.u.).

II. Innkomne merknader. Oversyn.

I september 1955 sende Justisdepartementet tilrådinga til ymse andre departement og samskipnader og bad dei koma med eventuelle merknader.

Kommunale partementet svara i brev 12. mai 1956. Departementet opplyste at tilrådinga var lagd fram for Norges By forbund og Norges Herredsforbund som hadde sagt frå at framlegget ikkje rører ved kommunale interesser på ein slik måte at det var grunn for dei to forbundsstyre til å gje noko fråsegn. Dessutan hadde tilrådinga vore lagd fram for Norges Husseier forbund som viste til at føresegnene i hovudsaka svara til det lovutkastet som forbundet sende Justisdepartementet i 1927, og la til at forbundet difor ikkje hadde noko å innvenda. Kommunaldepartementet peika elles på at vedtekter etter bygningslova § 148 lyt gå føre føresegnene i grannegjerdeutkastet og avtale eller vedtekts i samsvar med dei, men heldt det likevel ynskjeleg med eit samarbeid

mellom dei ymse departementa om prinsippa for å stadfesta vedtekter etter dei to lovene.

Finansdepartementet svara i brev 15. juni 1956 at tilrådinga ikkje gav grunn til noka fråsegn.

Skogbruksforeningen av 1950 (v/ høgsteretsadvokat Jens P. Heyerdahl jr.) har sendt inn ei stensilert utgreiing dagsett 27. juni 1956. Der heiter det m. a.:

«Sivillovbokutvalgets oppgave er jo av et langt videre omfang idet utvalget bl. a. skal lage forslag til kodifisering av vesentlige deler av tingsretten. Det sier seg da selv at dette utvalg vil måtte se gjerdespørsmålet i et videre perspektiv enn det som de forskjellige beitespørsmål alene betinger. Forsåvidt er vi enige i utvalgets innledende bemerkninger om at gjerdespørsmålet også må sees i andre relasjoner enn som fredningsgjerde mot beitefe og at det er grunn til å se spørsmålet i nær sammenheng med naboretten i det hele.»

I utgreiinga er elles knytt kritiske merknader til sume einskildføresegner, men for samanhengen skuld høver det best å ta dette samla lenger ute.

Den Norske Sakførerforening har opplyst i brev 8. desember 1956 at Hovedstyret har sagt seg samd i ei fråsegn som Sakførerforeningens permanente lovutvalg for jord og skog, almenninger, jordskifte og jakt gav 29. november 1956. I fråsegna heiter det m. a. såleis:

«Sivillovbokutvalet foreslår lover som skal avløse reglene om gjerdehold og dyreansvar i lov om jords fredning (gjerdeloven) av 16/5 1860. Disse regler er jo nu helt avlegse. Såvidt vi kan se har Utvalet funnet frem til gode løsninger på de rettsspørsmål vi her står overfor.

Mens gjerdeloven av 1860 tar sikte på jordbruksforhold gir Sivillovbokutvalet i sitt «framlegg om grannegjerde» forslag til en alminnelig lov om gjerdehold mellom naboer.»

I fråsegna er det elles gått noko nærrare inn på sume serspørsmål, serleg frå formell og lovtaknisk synsstad, jfr. nedanfor. (Fråsegna er prenta i Norsk Sakførerblad, nr. 1 for 1957).

Landbruksdepartementet heldt fram i brev 4. april og 7. oktober 1957 at det var naudsynleg for jord- og skogbruksnæringa at den nye lova om gjerdehold vart meir utførleg enn det førebels framlegget frå Sivillovbokutvalet. Til nærrare rettleiing om korleis departementet såg på spørsmåla, sende det over sitt eige stensilerte utkast til lov om ymse beitespørsmål og om gjerde-hald (september 1957). Landbruksdepartementet opplyste i brevet at det førebels ikkje

hadde vore høve til å arbeida ut premissar til utkastet, men tilrådinga frå det førebuande Beiteutvalet i departementet (1952) låg ved, og dessutan gjekk departementet ut frå at tvilsmål kunne klårast opp i samrådingar mellom Utvalet og departementet. Sivillovbokutvalet har og hatt slike beinveges samrådingar med Landbruksdepartementet om tilhøvet mellom det førebels framlegg og beitelovarbeidet i Landbruksdepartementet, jfr. nedanfor. Landbruksdepartementet har og under hand gjeve verdfull rettleiing om korleis reglane om jordbruksjerde bør vera.

III. Spørsmålet om ålmenn gjerdelov eller serføresegner.

Spørsmålet om nye gjerdeføresegner hadde vore oppe nokre gonger og i ymse slag samanheng før Justisdepartementet i 1953 på grunnlag av lovbookplanen gav Sivillovbokutvalet i oppgåve å laga framlegg i emnet og gjorde dette kjent for Landbruksdepartementet. Det siste framlegg til nye føresegner var utarbeidt av Beitekomitéen (1935) og lagt fram for Landbruksdepartementet i 1939.

Då Utvalet hadde arbeidt noko mykje med emnet, fekk det kjennskap til at det var i gang arbeid i Landbruksdepartementet med ei beitelov og at spørsmålet om nye føresegner om gjerde og om dyreansvar var oppe i den samanheng. Utvalet heldt det difor rettast å gjera kjent kva løysingar det då hadde kome fram til, og fekk prenta den førebels tilrådinga med framlegg om grannegjerde og om ansvar for visse slag husdyr (Rådsegn 1 frå Sivillovbokutvalet, 1955).

Om gjerdehald mellom grannar vart der halde fram at dette spørsmålet hadde kome i ei heilt anna stode etter det store omskiftet som har gått for seg i samfunnet sidan jordfredingslova frå 1860 tok til å gjelda. Jordbruket var den gongen levevegen for storparten av folket og mykje godt einerådande flest alle stader. Lova vart difor laga med tanke berre på jordbrukshøve og har ikkje føresegner om andre slag gjerde enn fredingsgjerde mot fe. No derimot er det berre eit lite mindretal som er knytt til jordbruksnæringa. Eit mangesidig yrkesliv har vakse fram i bygdene, og jordbruket råder ikkje grunnen på same måten som før. Mange stader har jordbruket vike for ei mengd tuftebruk av ulike slag. I slike tilhøve har gjerdehaldet heilt andre føremål enn berre det å freda mot beiteskade. Om dette vart sagt:

«Føremålet med slike gjerde kan vera å halda andre dyr enn beitedyr på eller frå visse område. Sameleis kan dei vera til lette i tilsynet med born. Ofte skal gjerdet halda

folk borte frå eit område. Det kan gjelda å hindra at nokon kjem til skade, eller å verna mot uroing, trakking, tilsvining og tjuving. Andre tider er det om å gjera å hindra at nokon lurer seg ifrå å betala for noko som det kostar å få sjå eller vera med på. På villa-stader som det no er så mange av kringom i landet, er hagen ein freda stad til fritidsarbeid og heimliv for huslyden. Difor er det viktig med eit gjerde som hindrar innsyn utanfrå. Men her er det dessuten serleg om å gjera at gjerdet er vakkert. Med gjerdet til ei vakker råme ikring, vert hagen ein meir verdfull tilhaldsstad.»

Slike gjerde har no vorte så vanlege at dei og lyt koma inn under reglar om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling, liksåvel som jordbruksjerde. Men det vart uhøveleg å ha serlover om kvart slag gjerde, og avgrensinga mellom lovene kom til å verta noko vanskeleg og vilkårleg; ikkje i noka lov kom det til å høva med føresegner om gjerde mellom eigedomar av ulikt slag. Det mest tenlege måtte difor vera å få ei ålmenn lov om gjerdehald mellom granneeigedomar i det heile, med føresegner som mest mogeleg var forma så at dei høvde for alle slag gjerde (Rådsegn 1, side 11-12).

Utvalet vil her streka under at det som trengst no, er ei ålmenn gjerdelov for alle slag eigedomar.

Det høver ikkje lenger godt å laga ei ny gjerdelov serskilt for ei næring eller gruppe i samfunnet. I vår tid er det ikkje berre i jordbruket at gjerde er viktig. Det same gjeld for flest alle slag eigedomar, og i mange andre tilhøve er krava til grannegjerde større enn i jordbruket. Det er verdt å merka seg at spørsmålet om gjerde for tuftebruk av ymse slag har vore for domstolane heller ofte i seinare tid. Slike tilhøve lyt og koma inn under høvelege lovreglar no. Norges Huseier forbund sende alt i 1927 føreteljing til Justisdepartementet om å få slike reglar, og kravet kan ikkje avvisast lenger, jfr. Rådsegn 1, side 9-10, og ovanfor side 5 der forbundet seier seg samd i framlegget frå Utvalet.

Om jordbruksnæringa framleis skulle ha sine gjerdeføresegner serskilt, laut såleis andre samfunnsgrupper få det same. Men serlover om dei ymse slag grannegjerde vart ein lite oversynleg skipnad. Og dei serleg vanskelege tilfella då eigedomar av ulike slag støyter saman, kom ikkje til å høva inn i slike serlover som dette. Reglane for tilfelle der ymse samfunnsgrupper står mot kvarandre så som her, bør sjåast i samanheng og formast etter ei avveging av interessene på kvar side. Dette kan best gjennomførast i ei ålmenn lov

om gjerdehald mellom granneeidomar i det heile, med føresegner som gjeld mest mogeleg likt til alle sider.

Det som er halde fram ovanfor, gjeld like mykje anten det er eit område som går inn under bygningsregulering eller ikkje. Difor er det utenleg å gjera noko skilje etter det. Bygningsføresegnerne gjeld til vern om ålmenne omsyn, både for gjerde og anna. Men dei viktigaste privatrettslege reglane om gjerdehaldet grannane imellom bør prinsipielt fastsettast i ålmenn lov både for land og by, på same måten som reglane om grannehøve elles.

Etter lovbookplanen høyrer og reglane om gjerdehald mellom grannar til den ålmenne sivilretten som er medteken der. Men det som er sagt ovanfor, syner at nye gjerdeføresegner bør gjevast i ålmenn lov, anten det var tanken å samla sivilretten i ei lovbook eller ikkje.

I ei slik ålmenn lov om grannegjerde av alle slag er det både fullt høve til og ein sjølv-sagd ting at synsmåtane åt Landbruksdepartementet vert tillagt mest vekt når det gjeld innhaldet i reglane om jordbruks- og skogbruksjerde. I det endelege framleggset som Utvalet har laga om grannegjerde, er det såleis gjort ymse brigde og tillegg etter beitelovframleggset og etter samråd med Landbruksdepartementet, så føresegnerne om gjerde mellom jordbruks- og skogbrukseidomar mest mogeleg skulle koma i samsvar med det som Landbruksdepartementet held for ynskjeleg, jfr. merknader til paragrafane nedanfor.

Framleggset om ansvar for visse slag husdyr var som nemnt i den førebels tilrådinga (Rådsegn 1, side 26-27), tenkt berre til mellombels avløsing for føresegnerne i kapitel 2 og 3 i jordfredingslova frå 1860, som er avleggs no. Framleggset galldt difor berre same slag dyr og skadar som dei kapitla. Utvalet er samd med Landbruksdepartementet i at desse avløysingsføresegnerne likså godt kan koma i den beitelova som departementet førebur, og held difor ikkje oppe framlegg om at det skal gjevast ei serskild lov i emnet no.

IV. Merknader til dei einskilde paragrafane.

Sume av paragrafane er ubrigda. Men i dei fleste har sumt av det som stod i det førebels framleggset, vorte ombytt med nytt eller gått ut, eller nytt har kome i tillegg til det gamle.

Paragraftala er heile vegen dei same som i det førebels framleggset.

Til § 1.

Denne paragrafen er ubrigda, og det har ikkje kome nokon merknad.

Til § 2.

Fyrste stykket er ubrigda.

I andre stykket er sett inn ein ny punktum. Skogbruksforeningen av 1950 peika i merknadene sine på at tilhøva lett kan skifta lenge før ein 10-årsbolk er ute og at det difor burde opnast høve til å få ei gjerdeavtale revidert tidlegare. I utkastet frå Landbruksdepartementet står ein regel om dette.

Utvalet er samd i at det stundom kan vera urimeleg om ei gjerdeavtale skulle gjelda ubrigda når tilhøva har skift. Er det serlege omskifte som partane ikkje burde ha rekna med, er det i nokon mon høve til å få avtala revidert etter ålmenne kontraktreglar. Men spørsmålet er om det dessutan bør gjerast ei avgrensing i avtalefridomen så partane i det heile ikkje skal ha høve til å gje avkall på retten til å seja opp ei gjerdeavtale for det tilfellet at tilhøva skifter i framtida. Ynsket om rimelege gjerdeskipnader til kvar tid lyt her vegast mot omsynet til ro og stabilitet i gjerdehøva. Partane bør kunna lita på at ei gjerdeavtale vert ståande ved lag noko tid frametter. Og det bør vera serleg sterke grunnar om den eine skal få høve til å seja avtala opp, kanskje tidleg i den avtalebolken dei hadde rekna med. Ein lyt difor i det minste krevja at store og avgjerande omskifte har kome til så det er uforsvarleg frå ein samfunnssynstad at avtala skal stå ved lag ubrigda. Men ein slik unnataksregel som det då vert, skulle heller ikkje ha avgjerande grunnar imot seg. Og ein regel med dette innhald er sett inn i utkastet.

Redaksjonelt høvde det då best å skilja siste punktum i paragrafen ut til eit stykke for seg.

Til §§ 3 og 4.

Desse paragrafane er ubrigda.

Til § 5.

Skogbruksforeningen av 1950 har peika på at fyrste stykket i denne paragrafen burde formast så at det svara til vanlege grannerettslege reglar.

Utvalet er samd i dette, og har her valt ei form som ligg nær opp til § 1 i framleggset til nye føresegner om eideomsretten i grannehøve (Rådsegn 2 frå Sivillovbokutvalet, 1957).

Andre stykket er som før.

Landbruksdepartementet meiner at det enno kan vera bruk for regelen i andre punktum i jordfredingslova § 14 om at gjerdet i sume tilfelle kan setjast på den eine

av eigedomane mot skadebot. Ein regel om dette er difor sett i eit nytt siste stykke til denne paragrafen.

Til § 6.

Denne paragrafen er ubrigda.

Til § 7.

S k o g b r u k s f o r e n i g e n a v 1 9 5 0
har streka sterkt under ymse vanskar som det kan vera med å vega nytta og kostnaden med gjerdehaldet mot kvarandre, og gjort gjeldande «at det nøye bør overveies om ikke nytteprinsippet lar seg spesifisere iallefall i enkelte hovedregler av bindende eller veiledende karakter» — t.d. for utmark der det ikkje vert beitt, og for industritufta o.a.

L a n d b r u k s d e p a r t e m e n t e t er samd i at dei ålmenne vilkåra for gjerdehaldstvang bør vera som i det førebels framlegg fra Utvalet, og meiner at sume unnatak og serreglar som var med der, kan gå ut, jfr. nedanfor. Men departementet vil at vilkåra skal vera noko lempelegare når det berre gjeld å halda ved like gjerde som er frå før, jfr. den nogjeldande jordfredingslova § 2.

U t v a l e t er som nemnt i den førebels tilrådinga (Rådsegn 1, side 13-14), klår over at det kan vera vanskeleg å vega nytta og kostnad mot kvarandre, serleg der nytteverknadene er mange og innbyrdes ulike. Men skal ein koma bort frå den ålmenne gjerdetvangan etter den nogjeldande lova, er det snautt nokon annan farande veg enn å la eit skjøn om nytta og kostnaden vera avgjerande. Det er same regelen som no gjeld i utmark der det ikkje er gjerde frå før (jordfredingslova § 2, andre punktum), og Utvalet kjenner ikkje til at regelen har valda serlege vanskar.

Fyrste stykket i paragrafen står difor ubrigda.

Der det er gjerde frå før, er Utvalet samd i at det bør haldast ved like så lenge det ikkje er beint fram ulønsamt, og i eit nytt andre stykke er teke inn ein regel om det. Spørsmålet om deling av vedlikehaldskostnaden vert løyst etter § 8, jfr. §§ 2 og 14.

Den regelen som før stod i andre stykket, går ut. Han trengst ikkje etter det tillegget som er gjort i § 5 (jfr. merknad ovanfor).

I det førebels framlegg § 7, tredje stykket, var ein unnataksregel om at ein utmark-eigar ikkje skulle ha gjerdeskylndnad mot hyttetuft i utmark. Grunngjevinga var at hytter i utmark kunne føra med seg slike utgifter til gjæting og gjerding at utmarkbeitet vart ulønsamt for mange om dei vanlege reglane om gjerdehald og dyreansvar skulle

gjelda. Det vart og peika på at hyttetufter ofte er selde på det vilkår at kjøparen skal halda gjerde sjølv, og at dei aller fleste hytte-eigarar set gjerde sjølve i slike høve (Rådsegn 1, side 19).

I samband med dette er nemnt framlegg fra Beitekomitéen (1939) om ein tilsvarende regel for både hyttetufter og for hustufta, hagar, sportsplassar, gruver, industri og liknande føretak, som grensar til jord- eller skogbruk. Men Utvalet meinte at ein så vid unnataksregel ikkje trongst så som dei ålmenne vilkåra for gjerdetvangen og regelen om kostnadsdelinga var forma (Rådsegn 1, side 19).

Utkastet frå Landbruksdepartementet går i same lei som framlegget frå Beitekomitéen. Utvalet har difor drøft dette spørsmålet på nytt. På den eine sida er å nemna at utstykking til slike tufter ikkje burde føra med seg nye tyngsler for jord- og skogbruket. På den andre sida er halde fram at slike reglar ikkje høver heilt godt når det vert selt tufter o.a. i utkanten av ein eigedom. Utstykking på ein eigedom kunne då føra til at granneeidomen utan grunn vart friteken for å halda gjerde.

Utvalet meiner no at ein helst kunne ladesse spørsmåla og verta løyste etter dei ålmenne reglane (§§ 7 og 8, jfr. § 10) og tredje stykket er difor stroke. Ein peikar her på at den ålmenne avgjeringsregelen i § 8, fyrste stykket, no er gjord meir töyeleg, så det betre kan takast omsyn til alle kantar. Dinest strekar ein under at gjerdeskylndnaden i dette slag tilfelle oftast vert ordna i avtala når stykket vert fråskilt, og at slike avtaler etter § 2, siste stykket, gjeld utan tidsfrist. Slike avtaler fører ikkje med seg nokon verknad for gjerdeskylndnaden åt tredjemann.

Fjerde stykket er og stroke. Regelen om at det ikkje skal vera gjerdetvang i delelina mot ålmenning, bør etter det Landbruksdepartementet meiner, gå heilt ut. Regelen har i mange tilfelle ført til at ålmenningane vart liggjande utan gjerde og opne for beiting, og dei kan då vera likså vel tente med å ta ein part av gjerdehaldet mot å få krav på at det skal vera gjerde. Utvalet reknar det difor ikkje naudsynleg å halda regelen oppe.

Til § 8.

S k o g b r u k s f o r e n i g e n a v 1 9 5 0
gjer her prinsipielt gjeldande det same som til § 7, og har dessutan peika serskilt på at andre punktet i paragrafen var uklårt og burde gå ut.

Den Norske Sakførerforening synest og at det nemnde andre punktet var

noko uklårt, og rår til at det vert redigert om, så meiningsa kjem klårare fram. Dessutan vert det halde fram at det kan vera grunn til å leggja heile gjerdehaldet på eigedomar der det t.d. er verksemd som valdar fare eller lyt vernast. Når det gjeld gjerde mellom slike eigedomar, kan slaget og storleiken på verksmeda vera eit naturleg delingsgrunnlag.

L a n d b r u k s d e p a r t e m e n t e t har i sitt utkast ikkje teke opp regelen om at det prinsipalt skal vera deling halvt mot halvt. Både formelt og reelt vert då rettesnora for avgjerdene den nytta som gjerdehaldet gjer på kvar side. Tilhøva kan vera ulike, og regelen er forma noko varsamt. Såleis er det ikkje gjort til eit ufråvikeleg prinsipp at gjerdeplikta i jordbruksnøve skal fylgja dyrehaldet (jfr. det som er sagt om ålmenningar side 8 ovanfor).

Så som nærare utgreitt i den førebels tilrådinga (Rådsegn 1, side 20) har Utvalet sett det så at nytta av gjerdehaldet prinsipielt burde vera grunnlaget for kostnadsdelinga likeins som for gjerdetvangen. Når delingsregelen likevel vart forma så at hovudregelen skulle vera deling halvt mot halvt som før med serskilde avgrensingar og unntaksføresegner, var det av rettstekniske grunner, serleg var det tenkt på dei skjønsvanskane som kunne gjera seg gjeldande (jfr. den nogjeldande delingsregelen for gjerde i utmark og mellom utmark og innmark, jordfredingslova § 7, fyrste og andre stykke). Men dei serlege skjønsvanskane kunne og føra til at avgjerdene kom til å gå etter halvdelingsregelen meir enn rimeleg og ynskjeleg.

I det endelige framlegget har Utvalet difor forma fyrste stykket av denne paragrafen i samsvar med det prinsipielle utgangspunktet og med utkastet frå Landbruksdepartementet. Den nytta kvar av grannane har av gjerdet, skal vera grunnlaget for gjerdedelinga. Til nærmere rettleiing er sagt at det kan leggjast vekt på om det er beiting berre på den eine sida. I dette ligg m.a. at ein ikkje einsidig kan leggja vekta på den lette som gjerdehaldet fører med seg i skyldnaden til å vakta på beitedyra. Ein skal i slike høve som elles ta omsyn til alle nytteverknadene av gjerdehaldet. Der det er beiting på både sider, lyt det sjølvsagt leggjast noko vekt på kor mykje beiting det er på kvar side.

Utanfor jordbruksnøve kán det ofte vera vanskeleg å finna eit økonomisk mål for nytta. Som nemnt i den førebels tilrådinga (Rådsegn 1, side 19), lyt ein nok rekna med at det difor vart meir praktisk med deling halvt mot halvt i slike høve. Serleg når det gjeld

gjerde mellom eigedomar av same slag. Men tilhøva kan vera ulike, så regelen bør vera den same her som elles.

Andre stykket er ubrigda.

Til § 9.

Denne paragrafen er ubrigda.

Til § 10.

Fyrste stykket er som før.

Siste stykket er nytt. Etter utkastet frå L a n d b r u k s d e p a r t e m e n t e t skal det i sume tilfelle vera høve til å avløysa eldre gjerdeskipnader som står i vegen for ein nykipnad. Utvalet ser ingen grunn til å setja seg imot dette, og ein tilsvarande regel er innteken her.

Til § 11.

Etter det førebels framlegget var det berre brukaren som skulle svara for gjerdehaldet og ha retten til å krevja gjerdehald av grannane. Etter utkastet frå L a n d b r u k s d e p a r t e m e n t e t skal eigar og brukar vera solidaransvarlege for gjerdehaldet. Ein eigar kan då ikkje fri seg frå ansvaret med å setja ein kanskje insolvent brukar i sin stad. Utvalet kan gå med på dette. Etter det endelige utkastet er eigar og brukar difor solidaransvarlege for gjerdehaldet. Då er det og berre rimeleg at dei både har retten til å krevja gjerdehald av grannane. Korleis eigar og brukar skal gjera opp innbyrdes, lyt avgjerast etter avtale dei imellom, og elles etter vanlege reglar om rettshøve mellom eigar og brukar.

Elles er paragrafen ubrigda.

Til § 12.

Etter at det førebels framlegget var prenta, har Utvalet arbeidt meir med ymse sameige-spørsmål. For å få betre samsvar med det ein her har kome til, er det gjort nokre terminologiske og redaksjonelle brigde i denne paragrafen, men innhaldet er som før.

Siste punktum i paragrafen har gått ut. Det var uturvande ved sida av den ålmenne regelen i § 14 om skjøn i alle gjerdespørsmål.

Til § 13.

Omredigeringa av § 12 har ført til at tilvisinga dit laut gjerast litt annleis. Elles er paragrafen som før.

Til § 14.

Fyrste stykket er som før.

Andre stykket er sett inn i samsvar med utkastet frå L a n d b r u k s d e p a r t e m e n t e t. Regelen fylgjer langt på veg av jordskiftelova § 37, men kan gjera det tydelegare kva som gjeld i sume tvilstilfelle.

Tredje stykket svarar til det som før var andre stykket. Det er gjort eit tilsvarande brigde som i § 2, andre stykket, og grunnlaget er stort sett det same som der.

Til § 15.

Fyrste stykket er ubrigda.

Andre stykket er redigert litt annleis så seiemåtane høver betre til dei som er nyttia i §§ 8 og 16, i serreglar for jord- og skogbruk. Tilleggsregelen i tredje stykket vert då uturvande, og går ut.

Til § 16.

Fyrste stykket er ubrigda.

Andre stykket er nytt. Det har kome inn i samsvar med utkastet frå Landbruksdepartementet, og grunngjevinga er at jordskiftefolka får så mykje med gjerde-spørsmål å gjera i ymse slag samanheng (jordskifte, bruksregulering o.a.), at dei får serleg god greie på dei serspørsmål som gjerdehald mellom jordbruks- og skogbrukseigedomar reiser.

I utkastet frå Landbruksdepartementet er skjønsstyringa lagd til formannen i eit kommunalt utval som skal få gjeremåla sine nærrare fastsette i den påtenkte beitelova (beiterrådet).

Etter at vi fekk skjønslova frå 1917, er den ålmenne regelen at skjønsstyringa skal liggja til den vanlege herads- eller bydomaren, som er med i avgjerdene på same måten som i domssaker. Dette er eit hovudprinsipp i vår nye rettargangsmåte. Lovgrunnen er m.a. at denne skipnaden gjev trygd for at det vert gått fram i samsvar med vanlege rettargangs-prinsipp og på formelt rett måte.

I mange tilfelle er serskilt fastsett at underskjøn på landet skal styrast av lensmannen. Dette er ein meir lettvin og billeg skipnad, og den oppøving som lensmennene såleis får, gjer skipnaden fullt forsvarleg. I gjerdeskjøn etter jordfredingslova frå 1860 er såleis lensmannen skjønsstyrar på landet og i ladestadene.

I einskilde tilfelle har det vore fastsett i lov at skjøn skulle styrast av reine lekfolk. Etter jordlova frå 1928 skulle såleis underskjøn haldest av 3 lekmenn or jordskifteutvalet, og dei avgjorde sjølv kven av dei skulle vera formann (skjønsstyrar). Men skipnaden førde til vanskar i praksis. Det vart mange rettssaker om tilfelle då skjønet ikkje var i orden, og skipnaden vart difor ikkje så billeg som han var tenkt å vera. I 1938 vart regelen brigda så det skulle vera ein fast oppnemnd skjønsstyrar for kvar domssokn. Med den nye jordlova frå 1955 gjekk heile serskipnaden ut, og

vanleg rettsleg skjøn kom i staden. Om grunngjevinga for dette kan ein visa til Ot. prp. nr. 59 for 1953, side 43, og Tilaråding I frå Jordlovkomitéen (1951), side 48-50.

Etter dei røynsler ein har, meiner Utvalet at det er grunn til å vera varsam med å leggja skjønsstyringa til lekfolk som ikkje har opplæring eller oppøving i slike gjeremål. Dei mistak og forsømingar som vert fylgja, kan ofte føra til mange og langvarige rettssaker som ein elles hadde sloppe.

Utvalet kan difor ikkje rå til å gjera noko unnatak frå dei vanlege reglane om skjønsstyringa i dei sakene det her gjeld. I allfall kunne beiterådsformannen ikkje godt vera skjønsstyrar utan der det er jordbruks- eller skogbrukseigedom på både sider av gjerdelina. På stader der det ikkje er noko beiteråd, måtte det og vera ein annan skjønsstyrar.

Tredje stykket er det som før var andre stykket, og det er ikkje gjort noko brigde.

Til § 17.

Fyrste stykket er ubrigda.

Andre stykket er forma noko annleis. I staden for ei tilvising til tvangsføring-lova er sjølvre regelen gjeven i paragrafen. Etter det førebels utkastet kunne nåmsmannen berre gjeva fullmakt når det låg føre gjerdeskjøn eller anna tvangsgrunnlag (t.d. jordskifte). Etter paragrafen no kan nåmsmannen gjeva slik fullmakt i alle tilfelle der det trengst. Men når det ikkje finst tvangsgrunnlag frå før, vert det turvande å halda eit gjerdeskjøn dersom grannen ikkje betalar kostnaden friviljug.

Til § 18.

Paragrafen er ubrigda.

Kommunaldepartementet har som nemnt peika på at vedtekter etter denne paragrafen lyt vika for vedtekter etter bygningslova § 148. Dette fylgjer av ålmenne tolkingsprinsipp, og treng ikkje seiast serskilt i lova.

Til § 19.

Berre fyrste kapitlet av jordfredingslova frå 1860 får avløsing med føresegnehene om grannegjerde. Resten av lova lyt få si avløsing i den påtenkte beitelova.

V. Framlegg til lov om grannegjerde.

§ 1.

Føresegnehene i denne lova gjeld berre når ikkje anna fylgjer av serlege rettshøve eller av avtale etter § 2.

Gjerdehald ved offentleg veg og jarnveg går ikkje inn under lova.

§ 2.

Grannar kan avtala annan gjerdeskipnad mellom eigedomane sine enn den som er fastsett i denne lova. Slik skipnad må ikkje strida mot § 4 eller mot lovlege vedtekter.

Når minst 10 år er lidne, kan avtala seiast opp. Det same gjeld etter serlege omskifte i dei tilhøva som låg til grunn for avtala. Oppseingsfristen er eit år, om ikkje stuttare frist er avtala.

Føresegnerne i andre stykket gjeld ikkje gjerdeskipnad som vert avtala i samband med at del av eigedom vert fråskild til eige eller bruk.

§ 3.

Den gjerdeskipnaden som er mellom eigedomane, når denne lova tek til å gjelda, står ved lag så lenge ikkje anna er fastsett i gjerdeskjøn eller på annan måte.

§ 4.

Grannegjerda skal vera såleis laga og vedlikehaldne at dei ikkje er farlege for folk eller husdyr.

Dei må ikkje gjerast såleis at dei løynar bort eller skader noko delemerke.

§ 5.

Grannegjerda skal vera såleis laga og vedlikehaldne at dei ikkje er uturvande eller urimeleg til ulempe eller lyte på granneeidom.

Dei skal setjast i delelina, ikkje lengre inn på grannegrunden enn på eigen grunn, og ikkje lengre inn enn 0,50 meter. Denne føresegna råkar ikkje steingard som lovleg står lengre inne på grannegrund når denne lova tek til å gjelda.

Der det fell serleg vanskeleg eller dyrt å ha gjerdet i delelina, kan det setjast ved sida mot skadebot til grunneigaren.

§ 6.

Granne har rett til å ha gjerde mot granneeidom når han kostar det sjølv.

§ 7.

Der grannegjerde er til nytte for eigedomane kvar for seg, kan granne krevja gjerdehald av granne, så framt det er klårt at samanlagt for både eigedomane er nytta av gjerdehaldet større enn kostnaden.

Gjerde som er der frå før, må ikkje leggjast ned utan at vedlikehaldskostnaden er større enn nytta for både eigedomane under eitt.

§ 8.

Der det er gjerdehaldstvang etter § 7, skal gjerdehaldet delast mellom grannane med rimeleg omsyn til den nytta kvar av dei har av gjerdet. Er det jordbruks- eller skogbruks-eidom på både sidene, kan det såleis leggjast

vekt på om berre den eine sida skal nyttast til beite.

Vil den eine grinnen ha dyrare gjerde enn den andre har skyldnad til å vera med på, har han rett til det mot at han tek på seg meirkostnaden.

§ 9.

Hus eller anna byggverk som står såleis, at det gjer teneste i staden for grannegjerde, vert ikkje medrekna i den gjerdelengda som skal delast. Der lende, grindhald eller andre tilhøve gjer gjerdehaldet dyrare på det eine stykket enn på det andre, skal skilnaden jamnast ut med avstytting i lengda eller på annan måte som skjønet fastset.

§ 10.

Der det er tenlegast så, kan gjerdeskjønet ta avgjerd om at grannane skal ha heile eller noko av gjerdehaldet i lag, eller at den eine skal ha det heile åleine mot at den andre yter honom tilskot som skjønet fastset.

Avtale eller serlege rettshøve som hindrar ein rimeleg gjerdeskipnad, kan setjast til sides mot at den grinnen som får vinninga, held den andre skadelaus.

§ 11.

Der ein annan enn eigaren brukar eigedomen eller eit serskilt stykke, har både brukar og eigar ansvar for gjerdehaldet andsynes grannane og rett til å krevja lovleg gjerdehald frå deira side.

Skjøn til avgjerd om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling etter §§ 7 og 8 lyt krevjast mot både eigar og brukar. Slikt skjøn mot granne kan ikkje eigaren krevja utan samtykke av brukaren.

Der ein annan enn eigaren har beiteretten på eit serskilt stykke, eller heile eigedomen, vert beiterettshavaren rekna for brukar.

§ 12.

For område som ligg i sameige mellom bruk, er retten og skyldnaden til gjerdehald utetter som om det var ein eigedom for seg. Har sameigarane ikkje kvar sitt tydeleg fastsette gjerdehaldsstykke, er dei ansvarlege ein for alle og alle for ein.

Selimellom er sameigarane skyldige til å bera så mykje av gjerdehaldet at det svarar til den parten kvar av dei har i sameiga.

§ 13.

For serskilt område der to eller fleire som ikkje er sameigarar, har rett til beite, gjeld fyrste stykket i § 12 på tilsvarande måte. Er det ikkje anna delingsgrunnlag, svarar kvar av dei for gjerdehaldet etter kor mykje dyr han vanleg har på beitet.

§ 14.

Spørsmål om gjerdehald vert avgjorde med gjerdeskjøn, så framt ikkje anna er serskilt fastsett i lov.

Der det er kravt jordskifte, bruksordning, avløsing eller delegang etter jordskiftelova, avgjer jordskifteretten spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling i samsvar med den lova.

I spørsmål om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling kan ny avgjerd krevjast når minst 15 år er lidne. Det same gjeld etter eige- domsdeling og etter andre serlege omskifte i dei tilhøva som låg til grunn for avgjerala.

§ 15.

Kjem gjerdeskjønet til at der er skyldnad til å halda gjerde, tek det turvande avgjærer om korleis gjerdet skal vera, og kva tid det seinast skal vera sett i lovleg stand. Slike avgjærer skal mest mogeleg retta seg etter det grannane sjølv ynskjer, og etter skikk og bruk på staden.

Er det jordbruks- eller skogbrukseigedom på noka av sidene, skal gjerdet vera minst 1,10 meter høgt og så sterkt og tett, at det fredar mot hest, naut og sau, så framt ikkje anna fylgjer av vedtekt etter § 18 b. Der det er rein jordbruks- eller skogbrukseigedom på både sider, er det ingen skyldnad til å halda gjerdet i stand utanom den tida på året då marka er tenleg til beiting (jfr. § 18 c).

§ 16.

Gjerdeskjøn er rettsleg skjøn i kjøpstadene, og lensmannsskjøn på landet og i ladestadene.

Er det jordbruks- eller skogbrukseigedom på både sidene, tek skjønsstyraren skjønsmen- nene or jordskifteutvalet der slikt utval finst,

jfr. jordskiftelova § 8. Overskjøn høyrer under jordskifteretten.

Kostnaden med skjøn om gjerdehaldstvang og gjerdehaldsdeling etter §§ 7 og 8 ber partane i høve til den nyttå kvar av dei har av gjerdet, så framt ikkje skjønet finn grunn til ei anna deling. Om skjønskostnaden elles gjeld det som er fastsett i kapitel 13 i lova om rettargangsmåten for tvistemål.

§ 17.

Skjønsavgjerdene er tvangsgrunnlag på same måten som orskurdar. Om klage til heradsrett og krav om overskjøn gjeld føresegna i tvangfullføringslova § 8, andre stykket.

Når den eine grinnen ikkje oppfyller gjerdehaldsskyldnaden, kan nåmsmannen la den andre få fullmakt til å setja arbeidet i verk på hans kostnad.

§ 18.

I vedtekt stadfest av Kongen kan kommunestyret:

- setja forbod mot visse slag grannegjerde og gjeva nærare føresegner om korleis gjerde skal vera,
- fastsetja andre krav til høgd, styrke og tettleik på jordbruksjønne enn dei som er sette i § 15, andre stykket,
- fastsetja kva tid på året marka skal rek- nast for tenleg til beiting, jfr. § 15, andre stykket.

§ 19.

Denne lova tek til å gjelda den ... Samstundes held fyrste kapitlet i lova om jordfreding frå 16. mai 1860 opp å gjelda. Fristregelen i same lov § 17, fyrste og tredje stykke, står ved lag til ...